

”Men kva er i grunn definisjonen på  
rasisme...”

Tre fokusgruppeintervju med ungdommar frå ein  
norsk storby.

Karin Fedje Bøyum



Masteroppgåve

Våren 2011

Sosiologisk institutt, Universitetet i Bergen

## **Forord.**

Arbeidet med denne oppgåva har vert prega av ulike typar utfordringar, men no ser det ut til at eg endeleg har kome i mål. Eg kan ikkje seie anna enn at dette har vert nokre lærerike år, både på det faglege plan og på det personlege plan

Først og fremst så vil eg takke veileiaren min, Mette Andersson, for god hjelp og positiv innstilling. Uansett kor mange kjeppar som har dukka opp i hjula mine, så har du og di positive innstilling drive arbeidet mitt framover. Eg vil og takke deg for at eg no skal levere masteroppgåva mi, sidan det faktisk var ditt kurs om rase og rasisme som fekk meg til å søkje på masterstudiet i sosiologi.

Vidare vil eg takke sambuaren min Odd Egil for oppmuntring og artige diskusjonar, eg er utruleg glad i deg. Eg vil og takke dei to kosepusane Alfa og Ronja, for at dei til tross for mange forsøk, ikkje klarte å slette oppgåva når dei gang på gang la seg over pcen min.

Mi kjære syster Kristin må og få ein stor takk for utfordrande spørsmål, lattermilde diskusjonar og x-antal lufteturar i skog og mark. Hadde det ikkje vert for all den friske lufta og latterkulene så hadde eg vel aldri blitt ferdig med oppgåva. Stolt av deg lisjesysta.

Mamma: Eg har ikkje gløymt deg, som du sa til meg når du ringte her om dagen, og forklarte at du ikkje hadde tatt kontakt på ei stund, sidan du tenkte eg var oppteken med å skrive oppgåve. Eg set pris på at du forstod at eg måtte prioritere å bli ferdig med oppgåva.

Ingvild, sjefen min skal og ha ein stor takk for at eg fekk meg ei veke fri heilt på tampen, slik at eg fekk gjere ferdig oppgåva. Elles vil eg takke alle dei gode vennane og kollegaane mine som har støtta og oppmuntra meg til å skrive oppgåva ferdig. Ingen er gløymt, men dersom eg skriv meir no så blir dette eit veldig langt forord.

Heilt til slutt vil eg sende ein takk til pappa, for at du trudde på meg og fekk meg til å tru at eg hadde potensiale til å studere. Eg veit at dette var veldig viktig for deg, og eg kunne ønske at du hadde vert her og delt gleda mi no som eg skal til å levere i frå meg oppgåva. Men ein ting er i alle fall sikkert, eg har gjort som du bedde meg om: Eg har fått meg ei god utdanning. Saknar deg, kvil i fred.

## **Samandrag.**

Ungdom og rasisme er eit omgrepsspar som det i den seinare tid er gjort ein del forsking på både innanlands og utanlands. Denne oppgåva er skrive med føremålet om å få fram kva ungdom i dag forstår med rasisme, og kva for ord og ytringar dei ser på som rasistiske. Datamaterialet til oppgåva vart samla inn ved hjelp av tre fokusgruppeintervju med deltakrar i alderen 16- 22 år, i ein av Noreg sine storbyar. Fokusgruppeintervjuva vart gjennomførte hausten 2009, på ungdommane sine skular.

Oppgåva er oppbygd med ein teoridel, ein metodedel og ein analysedel. Analysekapitla er baserte på tre underordna problemstillingar;

- Korleis vil dagens ungdom forklare rasisme og i kva grad meinar dei at rasisme førekjem i det norske samfunnet?
- Kva ord og utrykk kan bli sett på som rasistiske og kvar går grensa mellom rasisme og venskapleg namnekalling?
- I kva grad meinar ungdommane at media påverkar synet på innvandrarar i det norske samfunnet?

Kapittel 1 er inneleiingskapitlet, kapittel 2 er brukt til gjennomgang av relevant teori, kapittel 3 tek for seg metoden som vart brukt til innsamling av datamaterialet, kapittel 4 tek for seg den første problemstillinga, medan kapittel 5 omhandlar den andre og tredje problemstillinga før eg avsluttar med oppsummerande tankar i kapittel 6.

Kapittel 4 omhandlar ungdommane si forståing av og erfaring med rasisme. Ungdommane gjenkjenner rasisme som noko ein møter i kvardagen, sjølv om rasisme er eit omgrep som er vanskeleg å forklare. Ungdommane viser til eit skilje mellom rasisme og framandfrykt, som er knytt til handling og tankar. Raseomgrepet er ikkje lengre eit omgrep som er mykje brukt i kvardagen, skal ein tru ungdommane, men funn i to av diskusjonane legg likevel til rette for ein vidare diskusjon. Religion og kultur blir av ungdommane gjenkjend som karakteristikkar ein kan bruke som utgangspunkt for rasistiske diskursar og handlingar. Ein del av ungdommane gjev også eit innblikk i eigne erfaringar med rasisme.

Kapittel 5 viser til kva funksjon ord har som ”våpen” i kampen mellom ”oss” og ”dei andre”. Kapitlet tek først for seg ei lang liste med ord som munnleg og skriftleg kom fram i

gruppediskusjonane. Mange av orda kan forståast som rasisme, samstundes som dei blir brukt som venleg namnekalling. Eg går nærmare inn på kva som avgjer korleis ordet vert tolka i ulike kontekstar, og kva som skil desse kontekstane frå kvarandre. Ungdommane påpeikar og at generalisering og negative framstillingar av innvandrarar påverkar måten ein ser på innvandrarar. Media er knytt opp til generaliseringa og framstillinga av innvandrarar, og eg avsluttar kapitlet med å sjå på korleis ungdommane meinar at media sine framstillingar er med på å påverke måten ein ser innvandrarar på.

Avslutningsvis i kapittel 6 viser eg til to korte samandrag knytt til hovudfunna i fokusgruppeintervjua, før eg avsluttar med nokre tankar om vidare forsking knytt til ungdom og rasisme.

Hovuddelen av oppgåva er på i alt 33 453 ord.

## Innhaldsliste:

<b>Kapittel 1: Innleiing.</b>	<b>6</b>
1.1.    Presentasjon av tema og problemstilling.	6
1.2.    Oppbygging av oppgåva.	9
<b>Kapittel 2: Teoriar og perspektiv knytt til rasisme.</b>	<b>11</b>
2.1.    Omgrepet rase i samanheng med omgrepet rasisme.	11
2.1.1.    Raseomgrepet i eit historisk perspektiv.	12
2.1.2.    Raseomgrepet sin status i dag.	13
2.2.    Rasisme – ulike typar og ulike nivå.	16
2.2.1.    Rasisme og omgrep som kan vere med på å skjule rasisme.	17
2.2.2.    Rasisme knytt til ulike samfunnsnivå.	20
2.3.    Norsk forsking knytt til ungdom og rasisme.	22
2.3.1.    Den tveggja nektinga.	23
2.3.2.    Stereotypifisering.	23
2.3.3.    Integrering og diskriminering.	24
2.3.4.    Bruken av omgropa rasisme og rasist.	25
2.3.5.    Rasisme og media.	26
2.4.    Oppsummering.	27
<b>Kapittel 3: Metodeval og utføring av datainnsamling.</b>	<b>29</b>
3.1.    Fokusgruppeintervjuet, ein kvalitativ metode.	29
3.1.1.    Fordelar med fokusgruppeintervjuet.	30
3.2.    Fokusgruppeintervjuet i praksis.	34
3.2.1.    Gruppesamsetjing og tal på grupper.	34
3.2.2.    Formidling av kontakt.	35
3.2.3.    Utarbeiding av diskusjonsguiden.	36
3.2.4.    Klargjering av hjelpebidila.	37
3.2.5.    Sjølve intervjua.	38
3.2.6.    Hjelpemiddel under fokusgruppeintervjuet.	40
3.2.7.    Transkribering.	41
3.2.8.    Analysering og tolking av datamaterialet.	41

<b>3.3. Etiske tankar.</b>	<b>43</b>
<b>3.4. Tankar om gyldigheita og truverdigheita.</b>	<b>44</b>
<b>Kapittel 4: Ungdommane si forståing av og erfaring med rasisme.</b>	<b>47</b>
<b>4.1. Ein diskusjon om rasisme.</b>	<b>47</b>
<b>4.2. Rasisme og framandfrykt.</b>	<b>53</b>
<b>4.3. Rase, kultur og religion.</b>	<b>54</b>
<b>4.4. Bruken av omgrepet rase.</b>	<b>57</b>
<b>4.5. Erfaringar med rasisme.</b>	<b>61</b>
<b>4.6. Oppsummering av funn knytt til rasisme.</b>	<b>63</b>
<b>Kapittel 5: Ord som våpen, kampen mellom "oss" og "dei andre".</b>	<b>65</b>
<b>5.1. Ord med ulike tolkingsrammer.</b>	<b>65</b>
<b>5.2. Rasisme eller venskapleg moro.</b>	<b>69</b>
<b>5.3. Eitt ord, men i ulike kontekstar.</b>	<b>73</b>
<b>5.4. Ord som generalisrar.</b>	<b>75</b>
<b>5.5. Media si framstilling av innvandrarar.</b>	<b>76</b>
<b>5.6. Media si påverknadskraft.</b>	<b>83</b>
<b>Kapittel 6: Ungdom og rasisme.</b>	<b>87</b>
<b>6.1. Rasisme eit komplekst omgrep, med mange dimensjonar.</b>	<b>87</b>
<b>6.2. Diskursar på mikro- og makronivå.</b>	<b>88</b>
<b>6.3. Vidare forsking.</b>	<b>89</b>
<b>Kjeldeoversikt.</b>	<b>90</b>
<b>Vedlegg 1.</b>	<b>99</b>
<b>Vedlegg 2.</b>	<b>102</b>
<b>Vedlegg 3.</b>	<b>104</b>

# Kapittel 1: Innleiing

## 1.1. Presentasjon av tema og problemstilling.

Sosiologiske studie knytt til rasisme har hovudsakleg sitt utspring i USA og Storbritannia der dei har lange tradisjonar, medan feltet er nokså nytt her i Norge. Tradisjonelt har studia fokusert på maktaspektet mellom ulike rasar<sup>1</sup>, og mykje av den tidlegare forskinga er difor knytt til raserelasjonane mellom den kvite og den farga amerikanske befolkninga og mellom kvite britar og dei farga britane med bakgrunn frå tidlegare koloniar. I desse tradisjonelle studia trekker ein ofte parallellear mellom dagens samfunn og koloniseringa som tok til i det 16.århundre (Fuglerud, 2001). Norge på den andre sida er ikkje noko tidlegare kolonimakt, og funksjonen som mottaksland for innvandrarar utanfor Vest Europa er fersk, samanlikna med andre vestlege land, noko som gjer til at befolkninga i Norge historisk sett har vert etnisk stabil.

Innvandringa til Norge frå land utanfor Vest Europa tok til på 1960-talet, då det på grunn av mangel på arbeidskraft vart opna for arbeidsinnvandring. I 1975 stengde Norge grensene for arbeidsinnvandring og fram til innføringa av fri flyt av arbeidskraft innanfor Schengen landa, har innvandrarane stort sett vert flyktningar, asylsøkjurar, familiegjenforeina og arbeidsinnvandrarar som har blitt henta på grunn av spesiell kompetanse. Norge har i det siste tiåret opplevd ei auke i arbeidsinnvandringa frå Aust Europa, samstundes som det kjem fleire asylsøkjurar og flyktningar på grunn av krigar, uro, politiske konfliktar og liknande (Fuglerud, 2001). Auken i nye landsmenn frå land utanfor Vest Europa vil ifølgje Statistisk Sentralbyrå sine prognosar halde fram dei neste 50 åra (Statistisk Sentralbyrå, 2008), slik at ein større del av den norske befolkninga vil ha innvandrabakgrunn i åra som kjem. Nettoinnvandringa til Noreg har auka frå 13 211 i 2004 til 43 346 i 2008 (Statistisk Sentralbyrå, 2009), og innvandrabefolkinga<sup>2</sup> vil i følgje prognosane auke frå 460 000 til 1,1 til 2,6 millionar i 2060. I forhold til det samla folketalet vil 21-31 % av landet sine innbyggjarar i 2060 ha innvandrabakgrunn (Statistisk Sentralbyrå, 2008). Majoriteten i Norge, som før 1960-talet i større grad var etnisk einsforma, blir no presentert for nye kulturar, levesett og religionar i eige land (Fuglerud, 2001).

---

<sup>1</sup> Rase er eit omstridt omgrep, og det pågår ein diskusjon om dette ordet bør nyttast eller ei, som eg vil utdjupe i kapittel 2. Eg vel å nytte omgrepet, sidan rase er det omgrepet som oftast nyttast til å forklare rasisme.

<sup>2</sup> Innvandrabefolkinga i Norge vart av SSB i 2009 definert som personar som er fødde i utlandet av to utanlandskfødde foreldre og borna deira som vert fødde i Norge (Statistisk Sentralbyrå, 2008).

I eit fleirkulturelt samfunn kan det oppstå konfliktar knytt til dei ulike tankane innbyggjarane har om eige og andre sitt levesett og dei ulike måtane å leve på, noko som igjen kan føre til blant anna rasisme og diskriminering. Gullestad (2000: 41) hevdar at omgrepet rasisme er eit politisert og sterkt normativt skjellsord sett med norske auge, og at det difor er få menneske som definerar seg sjølve som rasistar. Rasisme blir ofte forstått som ein ideologi, der ein kategoriserar individ i grupper, som ein ordnar i eit hierarki med eins eiga gruppe øvst. Rasisme har igjennom historia blitt kopla til omgrepet rase, men etter at FN i etterkrigsåra vedtok at det ikkje eksisterar rasar sett frå ein biologisk ståstad, fekk kulturrasismen, der hudfarge og kultur vert knytt saman, eitt nytt fotfeste (Myrdal, 2007; Rogstad og Midtbøen, 2009).

I den norske offentlege rasismedebatten finn ein oftast ei semje om at rasisme eksisterar, men det er heller uklart korleis dei ulike partane definerar rasisme. Gullestad (2000) meinar at debatten til tider kan framstå som forvirrande, når ein legg fram ulike påstandar og teoriar, og at denne kompleksiteten er med på å svekke debatten. Dette fører vidare til at deltakarar i den norske forskingsdebatten ofte nyttar omgrepet diskriminering, sidan rasisme blir forstått og tolka på fleire måtar. I følgje Rogstad og Midtbøen er diskrimineringsomgrepet knytt til handlingar på individnivå, og ein ser difor forbi ideologi og sosiale strukturar, slik at omgrepet ikkje blir problematisk og komplekst på same måte som rasismeomgrepet. Diskriminering kan difor enklast forklarast som systematisk forskjellsbehandling på grunnlag av individuelle kjenneteikn som hudfarge, kjønn, alder, etnisk bakgrunn og liknande (Rogstad og Midtbøen, 2009: 3). Omgrepa rasisme, rasialisering og diskriminering er alle knytt til det å behandle menneske ulikt med grunnlag i deira kulturelle, etniske eller religiøse bakgrunn, men kan bli forstått og definert på ulike måtar. Ein kan i følgje Store norske leksikon skilje mellom kvardagslege former for rasefordommar og rasediskriminerande haldningar, ideologisk rasisme og vitskapleg rasisme (Store norske leksikon, 2010). Omgrepet rasisme kan brukast for å forklare fleire ulike holdningar og handlingar, som igjen har si spesifikke historie knytt til dei økonomiske, politiske og kulturelle omstenda rasismen oppstår og utviklar seg i (Brox, 1997; Jacobsen 2002).

I og med at rasismen kan få sine vekstvilkår bestemd av dei sosiale og økonomiske vilkåra ein finn i dagens samfunn kan ein sjå på dagens ungdom for å få ein peikepinn på korleis rasisme vil bli forstått i framtida. Ungdomstida er den perioden i livet der roller, forventningar, identitet, sosial posisjon og kulturell tilknyting i stor grad byrjar å bli viktig for individet og

korleis ein ser på verda rundt seg. Ungdommane går inn i ein periode der ein er sterkest forankra til jarnaldrande, samstundes som ein skal ta innover seg og tilpasse seg samfunnsnormene og verdiane. Dette skjer ved at ungdommen tek til seg kulturelle mønster som igjen legg føringar på kva identitet ein får vidare i livet(Englestad og Ødegård, 2003: 10). Ungdom nyttar mykje av tida si på ulike sosiale arenaer, der ein møter vennar og utviklar vennskap. Venneflokken, slik som familien, fungerar som ein institusjon der rutinar og overlevert kunnskap blir teke opp, i samband med utviklinga av ein sosial identitet. Den sosiale identiteten blir tillært og skapt saman med og av likestilte individ, og kan i så måte vise generasjonane sine ideologiske eigenskapar( Ling og Yttri, 2003).

I følgje Englestad og Ødegård (2003: 10) kan ungdommen sjåast på som eit spegelbilete av framtida, sidan dei innehavar eit gryande generasjonsmedvit som kan påverke dei eksisterande normene som regjerer i samfunnet. Norsk ungdom i dag har i større grad meir fleirkulturell bakgrunn enn nokon av dei føregåande generasjonane, og det er dei som skal leve i og bære fram eit stadig aukande fleirkulturelt samfunn. Ungdommen sit med meininger og haldningar som kan vere med på å forutsjå gangen i den framtidige debatten om rasisme, og det er difor viktig å få kunnskap om kva vanleg norsk ungdom, både med etnisk norsk bakgrunn og innvandrarbakgrunn, forstår med omgrepet rasisme og kva erfaringar dei har på området. Oppgåva si overordna problemstilling er: *Kva legg unge i dag i omgrepet rasisme og kva for ytringar og ord ser dei på som rasistiske?* Det empiriske materialet er basert på ein kvalitativ studie, der data vart samla inn ved hjelp av tre fokusgruppeintervju, med til saman 31 deltagarar. Deltakarane var mellom 16- 22 år når intervjua vart gjennomført i oktober og november 2009. Alle var elevar ved tre ulike vidaregåande skular i ein av Noreg sine storbyar. Den eine gruppa var samansett av elevar med innvandrarbakgrunn, medan dei to andre gruppene var sett saman av både etnisk norsk ungdom og ungdom med innvandrarbakgrunn, slik at litt under halvparten av utvalet hadde etnisk norsk bakgrunn medan resten hadde innvandrar bakgrunn. Fokusgruppene diskuterte ulike tema knytt til omgrepet rasisme og diskursane dreia seg om korleis dei sjølve forstår omgrepet rasisme, kva for ord og uttrykk dei sjølv ser på som rasistiske, kva for arenaer og område dei meinar det førekjem rasisme på, samt eigne erfaringar med det å vekse opp i eit fleirkulturelt samfunn. Diskursane la til rette for ein analyse av ungdommane sine eigne tolkingar av rasisme, kva for ord og omgrep dei sjølv ser på rasistiske og korleis media kan vere med på å påverke korleis ein ser på innvandrarar. Studien sine underordna problemstillinga blir derfor følgjande:

- *Korleis vil dagens ungdom forklare rasisme og i kva grad meinar dei at rasisme førekjem i det norske samfunnet?*

- *Kva ord og utrykk kan bli sett på som rasistiske, og kvar går grensa mellom rasisme og vennskapleg namnekalling?*
- *I kva grad meinar ungdommane at media påverkar synet på innvandrarar i det norske samfunnet?*

## 1.2. Oppbygginga av oppgåva.

I kapittel 2 ynskjer eg å legge fram teori som har vert med på å forme oppgåva mi slik den står i dag. Lesaren får då ei innføring i historia til omgrepene rase og rasisme, innsikt i den pågående debatten i Norge om bruken av omgrepene rasisme og ei kort innføring over relevant forsking som er gjort på feltet ungdom og rasisme fram til i dag.

I kapittel 3, metodekapitlet, vil eg legge fram kva som var grunnlaget for val av metode til datainnsamling, korleis eg gjennomførte datainnsamlinga som vidare la grunnlaget for den vidare analysen og den avsluttande konklusjonen.

Kapittel 4 er basert på skulelvane sine eigne haldningar, erfaringar og tolkingar av ulike omgrep knytt til rasisme, som rase, rasisme, diskriminering og framandfrykt. Det er ikkje berre forståinga av omgrepene som får merksemd i dette kapitlet, sidan bruken av omgrepene er minst like viktig.

Kapittel 5 introduserar lesaren for ulike ord og utrykk, som vert tolka som rasistiske i nokre samanhengar, medan dei vert forstått som vennskapleg spørk i andre tilfeller. Dei ulike orda, som kom fram under fokusgruppediskusjonane blir her lista opp i ei liste, før eg legg fram kva vilkår som lagar grensene som skil mellom rasisme og spørk. Vidare drar eg ein parallel i frå mikronivået til makronivået, og ser på korleis media si framstilling av innvandrarar kan vere med på å påverkar synet på innvandrarar.

I kapittel 6, som er det avsluttande kapitlet vil eg først kort oppsummere i kva grad maktforholdet mellom ”oss” og ”dei andre” spelar ei rolle når ein snakkar om rasisme knytt til samfunnet sine mikro- og makronivå. Deretter ynskjer eg å legge fram nokre få idear til vidare forsking knytt til ungdom og rasisme.



## **Kapittel 2: Teoriar og perspektiv knytt til rasisme.**

Å finne ein definisjon av omgrepet rasisme som gagnar alle kan samanliknast med ein grotteekskursjon i ei grotte med utallege tunellar og groper, der sjansen for å finne vegen ut eller bli sittande fast i grotta er like stor som å føye alle. Teoretisk sett er det utallege definisjonar på kva rasisme er og kva for konsekvensar dette fenomenet har. Nokre forstår rasisme som diskriminering av menneske basert på kva ”rase” ein høyrer til, medan andre dreg inn andre moment som hudfarge, kultur og religion. Nokre vel å bruke omgrepet ”rase”, medan andre vegrar seg for å bruke omgrepet sidan det offisielt vart avskaffa etter andre verdskrig. Dette kapitlet vil gje ei kort innføring i ulike diskusjonar knytt til rase og rasisme, samt ein presentasjon av relevant forsking på området i Norge.

### **2.1 Omgrepet rase i samanheng med omgrepet rasisme.**

Fysiske skilnadar mellom menneske har alltid eksistert og vil alltid eksistere, men det er kva meining og forklaring ein legg bak desse skilnadane, som avgjer om ein snakkar om diskriminering eller rasisme. Det kan verke sjærmerande og til tider humoristisk når ein liten stamme hevdar at verda sin eksistens avheng av stammen sin eksistens, og at skaparen av verda gav dei eksklusiv rett til alt som er godt slik at deira bortgang vil øydelegge verda slik vi kjenner den i dag. Slike påstandar skremmer få av oss, når det er ei lite gruppe som hevdar at dei er verdens viktigaste folk, men dersom dei same påstandane kjem frå ei større gruppe, ein nasjon eller eit kontinent, byrjar varselklokken å ringje(Benedict, 2000: 117).

Raseomgrepet har gjennom historia blitt teke i bruk av nasjonar for å fremje ein tankegang som kategoriserar menneske og gjev nokre menneske større verdi og makt enn andre. Rex (2000) viser til det amerikanske slaveriet, den europeiske koloniseringa av andre verdsdelar og massedrapa av jødar under 2. verdskrig, som gode eksempel på korleis heile populasjonar av menneske har blitt utnytta, diskriminerte og i andre tilfeller næraast utrydda. Desse hendingane er knytt til den tidlegare tankegangen om den ”kvite” rasen si overlegenheit, som regjerte frå om lag 1600 til 1950. Med historia i bakhand er det særslitent sjanse for at slike raseteoriar skal få fotfeste att, men omgrepet rase som ligg bak desse teoriane er i dag framleis i bruk i daglegtalen, i media og i politiske debattar.

### **2.1.1 Raseomgrep i eit historisk perspektiv.**

Raseomgrepet oppstod i Europa, nærmere bestemd i Storbritannia, på 1600-talet(Miles, 2000), og er direkte knytt til maktskilnadane som veks fram mellom ulike delar av verda under kolonitida(Fuglerud, 2001). Rase vart på slutten av 1700-talet nytta som eit vitskapleg verktøy for å namnge og forklare synlege skilnadar mellom menneske i Europa og Nord Amerika. Rundt 1850 gjekk den dominerande raseteorien ut på at jorda si befolkning var samansett av ulike rasar, der rasen bestemde kva for biologisk kapasitet folket hadde til kulturell utvikling. Tidleg på 1900-talet blir vitskapen meir kritisk til tolkinga av omgrepet rase, men det er ikkje før nasjonalsosialistane i Tyskland på 1930-talet tek i bruk raseteoriane sine for å fremje politikken sin, at ein blir meir kritisk til omgrepet rase i Europa og Nord Amerika. Miles (2000: 125) påpeikar at rasisme oppstår som eit omgrep i denne perioden. Omgrepet vert nytta for å forklare trua på ei hierarkisk inndeling av biologiske ulike rasar(Miles, 2000: 125). Allereie på 1930-talet prøvar antropologar og sosiologiar å nå fram med sine synspunkt om at rasar ikkje er nokon biologisk kategori. I følgje Rex (2000: 119) når ikkje deira synspunkt fram før i etterkrigsåra når FN vedtek at det ikkje eksisterar noko hierarkisk inndeling av rasar, sett frå ein biologisk ståstad. Det sosiologiske arbeidet med å avskaffe dei biologiske teoriane om rase, var i all hovudsak knytt til å vise at menneska utvikla seg gjennom ei sosial utvikling, og at denne utviklinga ikkje var ei tilpassing til miljøet, men ei utvikling av nye levemåtar(Banton, 2000: 57).

Dei fleste menneske har eit behov for å kategorisere omgjevnadane rundt seg, og synlege skilnadar mellom menneske har i periodar blitt tolka som eit bevis på at det finnast ulike menneskerasar. Banton(2000: 52)skriv at fram til 1700-talet vart ytre skilnadar mellom menneske forklart utifrå det gamle testamentet. Teoriane gjekk i frå at Gud hadde skapt oss ulike heilt vilkårleg til at Gud hadde forbanna nokre menneske eller at menneska hadde ulik stamfar. Adam vart i desse tilfella sett på som europearane sin stamfar, men denne klassifiseringa vart vanskelegare etter kvart som verda vart utforska og menneske med andre fysiske kjenneteikn vart oppdaga av europearane. Cuvier, ein fransk naturforskar, presenterar rundt 1800 ei typeinndeling, der menneska blir inndelte i tre underartar som han kalla rasar: kaukasisk, mongolsk og etiopisk. Menneska vart i følgje Cuvier splitta etter ei naturkatastrofe, og ein art menneske vart til tre ulike artar, som hadde tydelege ulike eigenskapar på grunn av dei biologiske skilnadane mellom dei. Banton (2000: 55) viser til at denne typologiske inndelinga får ein konkurrent i Darwin sin antaking om at det ikkje finnast nokre permanente

former i naturen, sidan kvar art tilpassar seg miljøet ved hjelp av naturleg utveljing. Darwin hevdar at difor det berre finst ein menneskerase, homo sapiens, og at denne rasen kan inndelast i fleire underartar. Underartane er ikkje permanente bestandar og dei er stadig i endring på grunn av naturleg seleksjon og tilpassing. Ein underart med menneske som migrerte til eit nytt habitat ville difor tilpasse seg det nye miljøet rundt og endre dei fisiologiske kjenneteikna. Fram til etterkrigsåra er det likevel den typologiske inndelinga som regjerar, sidan Darwin sine teoriar er vanskelegare å forstå for mannen i gata (Banton, 2000: 57). Samstundes som ein arbeidar med å få fram at synlege ytre skilnadar mellom menneske, ikkje har noko biologisk betyding av utviklinga til ulike populasjonar rundt om i verda, byrjar fleire å kople saman hufarge og kulturskilnad, slik at menneske framleis vert klassifiserte utifrå farge og fysikalske kjenneteikn (Myrdal, 2000: 93). Den klassiske rasismen mistar difor fortfestet til ei viss grad sidan forklaringsgrunnlaget forsvinn.

### **2.1.2. Raseomgrepet sin status i dag.**

Sjølv om omgrepet rase i følgje biologisk forsking ikkje lengre skal nyttast om menneske, så dukkar det til tider opp i daglegtalen, i media og i politikken. Dette har ført til ein diskusjon om rase bør brukast eller ikkje. I den eine enden finn ein dei som ynskjer å avskaffe omgrepet, sidan merksemd og bevisstgjering rundt omgrepet rase kan føre til at ein byrjar å setje si lit til naturvitenskaplege teoriar att. Den andre polen meinar at omgrepet rase skal nyttast i dei tilfella det er føremålstenleg for å forklare historiske og samfunnsaktuelle hendingar knytt opp til identitetsskaping, diskriminering og rasisme.

Rase kan forståast på ulike måtar og det finnast ulike definisjonar av rase og kva betyding omgrepet har for samfunnet. Historisk sett har diskusjonane om ein bør bruke omgrepet rase heldt seg til desse to polane, men diskusjonen held fram den dag i dag, med dei same argumenta. Miles(2000: 139) hevda at trua på rasar måtte eliminera, sidan trua på rase i frå hans ståstad er det som skapar diskrimineringa. Han hevda vidare at rase ikkje eksisterar, og at den einaste grunnen til at ein nyttar raseomgrepet kjem ifrå trua på at rasar eksisterar. Diskrimineringa skjer ved at nokre sosiale grupper, brukar trua på rase til å skape ein identitet som gjer det legitimt å ekskludere og undertrykke, medan motståande grupper brukar rase til å definere eigen og andre sin identitet for å kjempe mot ekskluderingsa frå samfunnet (Miles, 2000: 139). Winant(2000: 188) på si side meinte at rasekonseptet og effektane rasetenkninga har produsert, garanterar for at rase vil halde fram som ein sosial realitet sjølv om rase i seg

sjølv ikkje har nokon biologisk vitskapleg eller målbar verdi. Rase er blitt ein permanent del av identiteten vår og for nokre er rase så viktig for identiteten, at dersom rase ikkje kan knytast til identiteten så vil dei kjenne seg identitetslause(Winant, 2000: 187).

Våren 2008 kunne ein i Aftenposten lese kronikkar om ein her til lands skulle bruke eller unngå å bruke omgrepet rase. Knut Olav Åmås og Thomas Hylland Eriksen hadde gode innlegg frå kvar sin pol. Åmås (2008) starta diskusjonen ved å hevde at rase er eit ubrukelig ord, og at bruken av ordet har auka sjølv om det lenge har vert eit uakseptabelt ord i den offentlege sfære. Debatten om omgrepet rase skal brukast eller ikkje meinar Åmås (2008) at minoritetane i Norge, som opplever å bli plassert innanfor dei ulike rasekategoriane, bør avgjere. Rase er eit omgrep som helst blir brukt av etniske norske, sidan raseomgrepet vanlegvis ikkje blir nytta om kvite vestlege (Åmås,2008). Den ”kaukasiske” eller ”kvite” rase, er lite omtalt i diskusjonar om rase, men er like viktig i debatten om raseomgrepet som andre ”farga” rasar.

Åmås sine argument har mykje til felles med ulike teoriar om studiar knytt til den kvite rasen, som mellom anna Frankenberg( 2000) og Dyer( 2000). Frankenberg (2000:445) hevdar at den ”kvite” rasen blir usynleg i debatten om rasar, sidan vestlege kvite menneske ofte ser på seg sjølve som ein ikkje- rase, eller ser på sin eigen rase som den naturlege rasen. Denne tankegangen fører til at ein ser på kvite vestlege menneske som menneske, medan menneske med andre hudfargar blir sett på som representantar for ulike ”farga” rasar. Dyer (2000: 539) påpeikar at å plassere seg sjølve i den maktfylte posisjonen, som menneske utan referanse til rasebakgrunn, er noko som historisk er særskilt for den ”kvite” rasen. Denne kvite dominansen har gjennom historia blitt stadfesta av ulike politiske, vitskaplege og religiøse teoriar, som er baserte på ulike rasekarakteristikkar og stereotypiar knytt til ulike hudfargar. Crenshaw(2000:) hevdar at stereotypiane etter kvart har utvikla seg til ein legitim ideologi, der stereotypiane får ein hegemonisk funksjon. Idear om forholdet mellom farga og kvit blir presenterte for å oppretthalde skiljet mellom gruppene. Skiljet kan igjen gje ei forståing av dei separerte kategoriane farga og kvit, som igjen opprettheld stereotypiane og ideologien. Segregering og anna ekskludering har på denne måten vert med på å forsterke ein rasistideologi, der dei farga blir sett på underlegne i forhold til dei kvite, noko som legitimerar skiljet mellom to grupper som ikkje blir rekna som likeverdige(Crenshaw, 2000: 554).

Eriksen(2008)på si side meinar at rasar er ein viktig sosial konstruksjon, der identitet og lojalitet ligg i hovudsetet, sidan synlege kjenneteikn, som for eksempel hudfargen, er ei utviding av slektsskapet, som viser til ei felles avstamming. Vidare hevdar han at rase som kategori, på tross av politiske følgjer som diskriminering, også kan fungere som eit viktig klassifiseringsverktøy av andre menneske. Han viser med dette til den tidlege immigrasjonen til USA der europearar på rimeleg kort tid vart integrerte, medan indianarar og afrikanarar vart segregerte i det amerikanske samfunnet. Dette var ei rasistisk handling, som vart gjort legitim på grunn av skilnad i utsjånad. Det som tidlegare var segregering har i dag utvikla seg til klassifisering av folk etter rase, og rase blir difor eit reelt omgrep når ein skal klassifisere menneska rundt seg utifrå ytre kjenneteikn(Eriksen, 2008). Majoriteten i ulike samfunn har til tider påtvinga minoritetar ein bestemd identitet, der minoriteten sjølv blir nekta ein eigen identitet og mistar sjansen til å kunne identifisere seg med majoriteten. Kategorien svart, som ein historisk, politisk og kulturell kategori, kjem opphavleg frå vesten, og var knytt til negativitet og undertrykking. Hall (2000: 152) viser til at ”svarte” tok til seg identiteten svart under raseopprøret som føregjekk i 1950 og 1960 åra, og snudde denne kategorien til noko positivt dei sjølve kunne definere og identifisere seg under, slik at dei sjølve kjente seg som svarte. Ved å bli kjent med og lære seg identiteten svart, utfordrar afroamerikanarane den tidlegare marginaliserte identiteten og gjer seg sjølv synlege i samfunnet (Hall, 2000: 152). Å tilegne seg ein identitet er knytt til å skape sitt eige sjølv. I det moderne samfunnet blir sjølvet skapt ved hjelp av at eins eige sjølv møter kollektive identitetar. I følgje Appiah (2000: 612) er kvar og ein individuelle identitet eit produkt med to hovuddimensjonar, der den kollektive identiteten har ein sosial kategori og den personlege identiteten har ein personleg dimensjon. Den sosiale kategorien legg føringer for kven vi dannar grupper med, medan den personlege dimensjonen baserer seg på eigenskapar som vi tiltrekka av(Appiah, 2000: 613).

Eriksen (2008) meinar at rase i dag er noko som peikar på ytre kjenneteikn, og ikkje den kulturelle bakgrunnen eller eigenskapane til menneske frå ulike delar av verda. Åmås(2008) på si side tvilar på at dei fleste nordmenn veit kva kriterium ein nyttar når ein skal skilje mellom rasar, slik at dagens frykt for det ukjente og framandhat mest sannsynleg ikkje kan knytast til den naturvitenskaplege rasismen . Raseomgrepet har derfor kome inn det norske språket, ved at ein har nytta omgrepet rasisme ukritisk (Åmås, 2008). Der Eriksen(2008) meinar at omgrepet rase må få leve vidare, sidan det fungerar som eit klassifiseringsverktøy, meinar Åmås (2008) at historia til omgrepet rase er for tungt belasta til å bruke det vidare, sidan hyppig og ukritisk bruk av ordet i media og i politikk, kan leggje til

rette for at avstamming og biologi blir eit kategoriseringsverktøy att, som kan misbrukast til ekstreme politiske føremål. Rase, forstått som ytre kjenneteikn som hudfarge, fungerar som eit forklaringsverktøy på både godt og vondt. Hudfargen og andre trekk kan vere eit vitne på kva kulturell bakgrunn ein har i eit samfunn som blir meir og meir multikulturelt, men desse ytre kjenneteikna kan og vere til hinder i kvardagen.

## **2.2. Rasisme – ulike typar og ulike nivå.**

Dei fleste nordmenn, uansett etnisk bakgrunn, brukar nok utsjåaden til ein ny samtalepartnar som eit kart for å lage ei skisse av kva bakgrunn samtalepartnaren har fram til fakta ligg på bordet. I dei tilfella ein fortolkar grupper eller einskildmenneske utifrå negative stereotypiar, som set dei i eit underlegent forhold til majoriteten, kan ein snakke om diskriminering og rasisme. I Norge har den offentlege debatten om rasisme basert seg på korleis menneske og hendingar vert kategoriserte, men sjølve omgropsbruken har blitt eit vesentleg problem i blant anna innvandringsdebatten, sidan det i forskingsdebatten er vanleg å nytte omgrepene diskriminering framfor omgropet rasisme (Rogstad og Midtbøen, 2009: 1). Rasisme er på same måte som rase eit betent omgrep, der ein finn ulike tolkingar og forståingar av ordet. Den norske debatten om rasisme og diskriminering har ein tendens til å ende opp med eit forvirra ordskifte, der debattantane forsvarar kvar sine polar, sidan det i det norske samfunnet er uklart korleis ein skal tolke og forstå omgropa rasisme og diskriminering (Rogstad og Midtbøen, 2009:4). Rogstad og Midtbøen (2009) publiserte i 2009 ein rapport som skal setje søkjelyset på korleis ein kan forstå og tolke desse to omstridde omgropa. Rasisme og diskriminering har i ei tid blitt nytta som ein felles etikett på svært ulike fenomen, i frå etnisk reinsking til det å vere usikre på kva innvandrar med utdanning frå andre land faktisk kan. Til trass for at omgropa er vanskeleg å definere, er dei fleste samde i at både rasisme og diskriminering er eit brot på grunnleggjande demokratiske rettar. Rogstad og Midtbøen (2009) viser til den *tvieggja nektinga*, som viser kva konsekvensar uklarheita om kva som er rasisme har på det norske samfunnet:

”På den ene siden en majoritetsbefolking som gjennomgående ikke ser seg selv som rasistisk, men som samtidig har klare forestillinger om noen norske verdier som eget samfunn er tuftet på. På den andre siden en minoritetsbefolking som i begrenset grad ser seg selv som utsatt for rasisme, men hvis personlige livshistorier tyder på at erfaringene med rasisme er utbredt.”

(Rogstad og Midtbøen, 2009: 1)

Rogstad og Midtbøen (2009:3) meinar at ei sidestilling av rasisme og diskriminering kan vere med på å dekke over handlingar og utsegn som kan reknast som rasisme. Rasisme forstått som ein ideologi, blir i mange tilfelle sidestilt med diskriminering. Diskriminering viser til handlingar som leier til systematisk ulikskap. I dei tilfella rasisme vert innsnevra til å gjelde diskriminerande handlingar kan ulike rasistiske haldningar og handlingar verte oversett, som for eksempel den strukturelle rasismen.

### **2.2.1. Rasisme og omgrep som kan vere med på å skjule rasisme.**

Den *klassiske rasismen* er direkte knytt til tankegangen om ei hierarkisk inndeling av ulike menneskerasar. Eriksen og Sørheim (2003: 40) hevdar at på trass av at omgrepet rase er avleggs i vitskapen så lever rase framleis i den folkelege oppfatninga einskilde stadar i verda. Kulturelle førestillinger om at rase finnast blir nokre gongar brukt for å forklare kvifor folk er ulike. Ein slik tankegang går ut på at ulike folkeslag har ulike personlege eigenskapar og desse skuldast heilt eller delvis medfødde skilnadar (Eriksen og Sørheim, 2003: 40), klassisk rasisme blir difor og omtala som vitskapleg rasisme ( Rogstad og Midtbøen, 2009: 7).

Den klassiske rasismen basert på rasar, har i større grad blitt erstatta av *kulturrasisme*, eller *nyrasisme* som den og vert kalla. I følgje Gullestad (2000: 47) kan rasisme både rettast mot menneske som har andre fysikalske kjenneteikn enn ein sjølv eller mot menneske med dei same fysikalske kjenneteikna som ein sjølv, men som har ein framand kultur eller religion. Store norske leksikon (2009) viser til at diskriminering av minoritarar kan ta utgangspunkt i religion, språk og kultur, og at fagmiljøa er usamde om dette bør kallast rasisme eller om dette bør omtalast som nasjonalisme, etnosentrisme eller xenofobi. Kulturell rasisme blir vidare forklart som haldningar og verdiar basert på kulturelle førestillinger om at nasjonar berre er i harmoni dersom nasjonen er kulturelt einsarta. Rydgren (2003: 48) viser til likskapen mellom den kulturelle rasismen og *xenofobi*, som kan forklarast som frykt for menneske som er ulike ein sjølv eller framande. Både omgropa støttar opp om ei tru på at det er naturleg for menneske å leve saman med menneske som er "like" og at ein vil vere fiendtleg mot dei som er "ulike" oss. Han viser vidare til eit skilje mellom latent xenofobi og manifesterande xenofobi, der den latente peikar på negative fordomsfulle stereotypiar, som oftast vert tekne for gitt, medan den

manifesterande viser til meir utvikla tru og haldningar knytt til kulturelle førestillingar, noko som er meir bevisst (Rydgren, 2003: 48).

*Rasialisering* eller *strukturell diskriminering*, blir av Rogstad og Midtbøen (2009: 3) forklart som rasisme som er vevd inn i institusjonar og samfunnsstrukturar i vestlege land. Dette omgrepet er henta frå Miles sitt omgrep racialization, som vert forstått som ein prosess. Rasialisering, som prosess, går ut på at ein gjev ytre kjenneteikn hjå ulike menneske meinings, og at ein vidare kategoriserar menneske med desse kjenneteikna som ei gruppe. Individ blir kategoriserte og forstått som ein del av gruppa av andre menneske og prosessen forplantar seg vidare til strukturar og institusjonar (Miles, 1989: 76). Den strukturelle rasismen<sup>3</sup> skil seg frå den klassiske rasismen og den kulturelle rasismen, sidan den ikkje vert synleggjort av ein bestemd ideologi, ofte er ubevisst og vert uttrykt gjennom kategoriseringar som "oss" og "dei andre" (Rogstad og Midtbøen, 2009: 3). Jones (2000: 1212) viser til at den strukturelle rasismen avgjer kva for tilgang det einskilde individet har til ulike gode, tilbod og moglegheiter i samfunnet, og at dette vert bestemt av kva rase ein tilhøyrer. Ulik tilgang til makt og ulike samfunnsarenaer, kan føre til ulik grad av utdanning og deltaking på arbeidsmarknaden. På same tid vert tilgangen til informasjon, kontroll, og ressursar ujamnt fordelt. Downing og Husband (2005) meinat at den strukturelle rasismen kan kjenneteiknast ved at dei institusjonelle rutinane berre reflekterar interessa til ei dominant gruppe, eller majoriteten og dersom dette ikkje vert avdekka og minoriteten ikkje får fram sine interesser, vil rutinane i seg sjølv framstå som diskriminerande. Jones (2000: 1212) hevdar at den strukturelle rasismen kan framstå som normativ, nokre gongar legalisert, og den manifesterar seg som nedarva ulikskap. Strukturell rasisme kan i følgje Rogstad og Midtbøen (2009: 9) vise korleis rase er forankra i grunnleggande oppfatningar av verkelegheita, som igjen fungerar som ei stadfesting av majoritetens sitt sjølvbilete på struktur- og samfunnsnivå, og nokre rasistiske episodar kan difor ikkje berre skuldast på einskild individ. Det at ein tilskriv bestemde grupper av den norske befolkninga ein bestemd kategori, som for eksempel innvandrar, og at denne tilskrivinga blir sett på som ein naturleg kategori, viser at strukturell rasisme ikkje er like tydeleg som klassisk og kulturell rasisme (Rogstad og Midtbøen, 2009: 9).

---

<sup>3</sup> Rogstad og Midtbøen omtalar dette som strukturell diskriminering, men viser samstundes at den skil seg frå andre typar rasisme. Eg vel difor å omtale det som strukturell rasisme vidare, for å unngå for mange ulike omgrep.

Rogstad og Midtbøen (2009:9) påpeikar og at dei som nyttar strukturell rasisme som forklaringsmodell aleine, fjernar fokuset frå mikronivå til eit meso- og / eller eit makronivå. Ein prøver å ta fokuset vekk frå at einskildindividet er skuld i rasisme og heller få fram teorien om at ideen om rase er forankra i verkelegheitsoppfatningar og derfor skapar eit sjølvtilfreds ”vi”, som blir teke for gitt og usynleggjera, samstundes som maktbalansen mellom ”vi” og ”dei” vert vedlikehalden, som ei naturleg kategorisering av medlemma i samfunnet (Rogstad og Midtbøen, 2009:9).

Rasismen som Castles og Miller (2003: 35) omtalar som *iformell* kan koplast til det Jones (2000:1212) omtalar som *personleg* rasisme. Personleg rasisme er knytt til fordommar og diskriminering og er nok den typen rasisme folk flest gjenkjenner som rasisme. Fordommar vert forstått som idear om korleis evnene, motiva og intensjonane til andre menneske er påverka av kva rase ein tilhører, medan diskriminering vert forstått som handlingar mot menneske på grunn av rasen dei tilhører. (Jones, 2000: 1213).

*Diskriminering* er igjen eit omgrep det er vanskeleg å definere sidan det omhandlar alt i frå alder til etnisk bakgrunn. Rogstad og Midtbøen (2009: 13- 15) hevdar at ein kan dele diskrimineringa opp i to typar, den direkte og indirekte. Direkte diskriminering er knytt til handlingar der intensjonen som ligg bak handlinga er å behandle nokon därlegare enn andre i liknande situasjonar. Den indirekte diskrimineringa er meir harmlaus, sidan den gjer til at nokre personar ikkje får tilgang på det same som resten av befolkninga (Rogstad og Midtbøen, 2009:13-15). Den direkte og indirekte diskrimineringa har difor like trekk med personleg rasisme som kan vere basert på enten ei bevisst eller ei ubevisst handling i følge Jones (2000: 1213). Rogstad og Midtbøen (2009:13-15) viser vidare til ulike typar diskriminering som for eksempel preferansebasert diskriminering, diskriminering basert på andre sine fordommar, statistisk diskriminering som er knytt til individnivået. Strukturell diskriminering derimot er knytt til strukturnivået. Det som skil dei frå kvarandre er årsakene eller motiva for diskrimineringa, om den er på grunn av eigne fordommar, andre sine fordommar, usikkerheit eller om det er på grunn av institusjonelle ordningar, regelverk eller sosiale mønster (Rogstad og Midtbøen, 2009:13-15).

Boreus (2006: 406) hevdar at *diskursiv* diskriminering, diskriminering basert på språkbruk, er eit viktig komponent i kvardagsrasismen. Diskursiv diskriminering er knytt til negativ andre presentasjon (stereotypiar og stemppling), diskursiv ekskludering ( redusert eller ingen sjanse

til å delta i samfunnsdebatten), overstyring og diskriminerande objektivisering ( å bli nekta å framstå som eit subjekt) (Boreus, 2006: 406). Diskursiv diskriminering er avhengig av at ein har ulike kategoriar for kategorisering av samfunnsmedlem, ein skil mellom ”oss” og ” dei andre”, og at ein vidare skapar ein psykologisk avstand til dei andre (Boreus, 2006: 419- 420). Ein blir ” den andre” når desse ulikskapane vert tydelege, konstruerte og får betydning( Boreus,2006: 419- 420). Van Dijk (2000: 34) nyttar omgrepet diskursiv rasisme for å forklare korleis ord og omgrep i kvardagslege samtalar og offentlege samtalar og diskusjonar kan vere med på å marginalisere og ekskludere minoritetar. Ord som innvandrar, framandkulturell og utlending er ord som vert sett på som normale, naturlege og vanlege i det norske språket, men i følgje Van Dijk( 2000: 34) kan desse orda vere med på å skape ein etnisk hegemoni, basert på det som verkar som legitime ideologiar og haldningar. Minoritetane som vert utsett for rasisme kan oppleve at det dei sjølv meiner er rasistisk, ikkje nødvendigvis vil bli forstått og godteke av majoriteten, sidan majoriteten vil sjå på dei same orda og uttrykka som normale og legitime. I nokre tilfeller vil grupper som vert utsett for rasisme kunne akseptere negativ omtale om eigne evner og verdi som menneske, noko Jones (2000: 1213) omtalar som *internalisert* rasisme. Denne typen rasisme kjenneteiknast med at ein ikkje har trua på seg sjølv eller menneske som ser likeeins ut. Ein aksepterar at ein som menneske har avgrensingar i forhold til gruppa medlemma som utøvar racismen kjem frå. I følgje Jones (2000: 1213) kan dette resultere i ein kamp om å bli mest mogleg lik ”kvite” menneske, både når det gjeld utsjånad og kultur.

### **2.2.2. Rasisme knytt til ulike samfunnsnivå.**

Sosiale einingar frå små grupper på to individ til verdsamfunnet kan vere basisen for sosiologisk forsking. Mikrososiologi er knytt til små einingar som familie, vennar, skuleklassar, gjengar og linkande. Makrososiologien studerar store organisasjonar eller institusjonar og samspelet mellom desse i for eksempel ein nasjonalstat eller verdssamfunnet. Mellom desse to ytterpunktene finn vi det som vert kalla mesonivået eller mellomnivået, der ein ofte forskar på sosiale fenomen som foreningsliv og mindre lokalsamfunn (Martinussen, 2001: 52). Rasisme, kan som mange andre fenomen i samfunnet koplast til alle tre samfunnsnivåa, der den utspelar seg på ulike måtar. Van Dijk (2008: 121) hevdar at rasisme på mikronivå opptrer i kvardagslege interaksjonar, diskursar og i den sosiale gjenkjenninga av individuelle gruppemedlem. Eatwell (1997: 180) meinat at ein kan forklare rasisme på mikronivået som at ein sjølv omtalar innvandrarar negativt eller at ein utset innvandrarar for

rasisme i form av tiltale eller handling. Vidare hevdar han at rasisme på mesonivået direkte kan knytast til at ei gruppe klarar å overføre ein del av normene og verdiane sine til større delar av samfunnet, slik at fleire synast at veremåten og tankegangen til gruppa er legitim. Dersom denne gruppa klarar å nå fleire ved hjelp av ulike mediekanalar og kanskje oppnår politisk makt, så kan rasismen utspele seg på eit makronivå, slik nazismen gjorde under 2. verdskrig (Eatwell, 1997: 180). Van Dijk (2008:121) påpeikar at rasisme på mikronivået påverkar strukturane og prosessane som fører til dominans og ulikskap hjå større grupperingar, nabolag, institusjonar, organisasjonar, nasjonar og verdsdelar. Phillips (2010) koplar diskursar om etnisitet, ulikskap og rasisme i media, politikken og ulike debattar opp mot mesonivået, sidan desse diskursane kan vere med på å legitimere skilnadane vi finn i samfunnet, som igjen påverkar mikronivået.

Diskursar, som er med på å reproduksjon av rasisme, ligg i følgje Van Dijk (2000: 35) mellom dei sosiale og kognitive dimensjonane. Den sosiale dimensjonen består av kvardagslege diskrimineringspraksisar på mikronivået og sosiale strukturar på makronivået, og det er det er her ein finn det meste av diskursiv rasisme. Den kognitive dimensjonen er knytt til kunnskap, haldningar, ideologiar, normer og verdiar. Van Dijk (1997) viser til at diskursar er kulturelle, praktiske og sosiale fenomen, sidan ein diskursen er ei sosiale handling der ein deltek i sosial interaksjon, som vidare er knytt til ulike sosiale og kulturelle kontekstar. Den etniske og kulturelle skilnaden mellom samfunn blir på denne måten reflektert i diskursar, kommunikasjon og språk, slik at diskriminering og rasisme kan bli reproduksjon i diskursar med eller om ”dei andre”(Van Dijk, 1997). For at diskursane skal kunne vere med på å påverke utviklinga av rasisme er det naudsynt at tankane, som legg til rette for handling og diskurs, kjem fram og blir sett til verks( Van Dijk, 2008). Elitar som er knytt til institusjonar som politikk, utdanning, kunnskap og media har i følgje Van Dijk (2000: 36) ei spesiell rolle og ansvar for diskursiv rasisme, sidan dei kontrollerar tilgangen og generelt har kontroll over det meste av offentlege diskursar. Banton (2005: 66) hevdar at massemedia har ei større påverknadskraft enn akademikarar når det kjem til å namngje grupper som ein ofte brukar i daglegtalen.

Castles & Miller (2003: 35) hevdar at rasisme mot bestemde grupper oppstår i så å seie alle land som opplever immigrasjon, og forklarar rasisme som ein prosess, der sosiale grupper kategoriserar andre grupper som ulike eller underlegne dersom dei har ein anna utsjånad eller kulturell bakgrunn. Hovudingrediensen i denne prosessen er bruken av politisk, sosial eller

økonomisk makt, som er med på å undertrykke eller ekskludere gruppa (Castles & Miller, 2003: 35). I følgje Boreus (2006: 411) kan ein gjere dette ved å tilskrive gruppa negative kjenneteikn, basert på fysiske fellestrekk eller veremåtar som er typiske for denne gruppa, som kulturelle og religiøse skikkar. Slike negative kjenneteikn kan vere med på å skape eit diskriminerande mønster i ulike diskursar. Den sosiale kontrollen majoriteten har over minoritetane skjer i følgje Van Dijk (2008: 9) nettopp gjennom handlingar basert på kommunikasjon. Tradisjonelt har sosial makt vert bunden til tilgang og kontroll over materielle og sosiale ressursar. Moderne makt blir forstått som symbolsk makt, der tilgangen til eller kontrollen over den offentlege diskursen avgjer i kva grad ein har moglegheita til å kontrollere kva sett av meningar som når ut til folkemassane (Van Dijk, 2008: 14). Van Dijk (2008: 15) legg stor vekt på at media er viktig når han snakkar om symbolsk makt, sidan media kan påverke korleis ein forstår omverda, gjennom nyhende i aviser, på internett og på tv. Påverkingskrafta til media vert utfordra av individua sin eigen kunnskap om fenomen som media presenterar og deira eigne personlege erfaringar (Van Dijk, 2008: 15). Symbolsk makt knytt til rasisme i offentlege diskursar handlar om at diskursen stort sett omfamnar majoriteten sin gode eigenskapar og minoritetane sine därlege eigenskapar. Vidare dekkjer ein over majoriteten sine därlege eigenskapar og minoritetane sine gode eigenskapar. Van Dijk (2008: 105) meinat dette legg til rette for ei polarisering mellom oss og dei andre, når det gjeld sosiale praksisar, diskursar og tankegang. Castles og Miller (2003: 35) viser til at strukturar i form av lover, sosiale ordningar og andre administrerande praksisar er med på å diskriminere og ekskludere minoritetane, samstundes som makta til den dominante gruppa vert forsterka.

## **2.3. Norsk forsking knytt til ungdom og rasisme.**

I Norge er det gjort ulike studiar av ungdom som går inn i grupper basert på rasistiske ideologiar (Dyrøy, 1999; Fangen, 1995) og ungdommar med innvandrarbakgrunn og korleis dei opplever å vekse opp i Norge (Andersson, 2000; IMDi rapport nr 9, 2008; Jacobsen, 2002; Løwe, 2008; Prieur, 2004), men det er ikkje gjort noko studie på korleis ungdom i dag fortolkar og forstår omgrepet rasisme. Ungdommar er i ein periode i livet der identitetsskaping og sosialisering har hovudfokus. I det moderne samfunnet skjer endringar så fort at ungdommane må tilegne seg kunnskap frå kvarandre, framfor å ape etter tidlegare generasjonar slik det har blitt gjort tidlegare (Frønes, 1994). Frønes (1994) omtalar difor moderne ungdom som speidalarar, sidan dei sjølv overleverar og tileigner seg kunnskapen som

formar individua og gjev dei nye tankemønster knytt til handling og refleksjon (Frønes, 1994). Identitetsskapinga er knytt til det å forstå seg sjølv, som lik nokon og forskjellig frå nokre andre (Prieur, 2004:). Det å definere seg sjølv som til dømes etnisk norsk eller innvandrar, fortel omverda kven ein er som individ. I dagens samfunn er identitetar som etnisk norsk og innvandrar, i følgje Back (1996) eit sosialt produkt som ikkje kan reduserast til å gjelde eit einskild individ, og betydinga av identitetane kan ha lokale, nasjonale eller internasjonale forståingsrammer . Dei fleste ungdom som i dag veks opp i større byar i Norge, opplever eit stort etnisk mangfald, og tileignar seg kunnskap om kvarandre basert på stereotypiar om einskildivid og grupper.

### **2.3.1. Den tvegga nektinga.**

Politikarar og forskarar vegrar seg for å nytte omgrepet rasisme i offentlege debattar, og dette legg føringar på kva omgrep innbyggjarar i Norge nyttar for å forklare forskjellsbehandling basert på etnisk, kulturell og/ eller religiøs bakgrunn. Dette gjeld både majoritet og minoritet, og legg grunnlaget for den tvegga nektinga. Det har i Norge blitt gjennomført ein del forsking på korleis rasisme vert tolka av dei som vert utsett for fenomenet, og i fleire av desse studiane kjem det fram at få nyttar omgrepa rasist og rasisme, for å forklare det dei vert utsette for( Andersson, 2000; Jackobsen 2002; Prieur, 2004). Andersson(2000) forklarar i si avhandling at minoritetsungdommar sjølv seier at få nordmenn kan sjåast på som rasistar, samstundes som dei unnskyldar bruken av ordet rasist når dei nyttar det i intervjuet. I dei tilfella ungdommane nyttar omgrepet rasisme for å forklare sjølvopplevde hendingar, forklarar dei at det er einskildpersonar som har utøva rasisme mot dei eller så er det ulike hendingar som har skjedd få gongar. Andersson(2000) hevdar vidare at det er ein aukande sjanse for at ungdommane nyttar omgrepet rasist eller rasisme, til større avstand informanten kan vise til den faktiske hendinga eller personane som opplevde hendinga. Andersson( 2000) kjem fram til at informantane meinat at det er rasisme i det norske samfunnet, i form av ulike handlingar og ytringar. Dersom dette skjer andre personar så stadfestar informantane at dette er rasisme, men dei vegrar seg for å tolke eigne opplevelingar som rasisme, og bortforklarar det heller.

### **2.3.2. Stereotypifisering.**

Jacobsen( 2002) har gjennomført ein studie av norske unge muslimar si oppfatning av eigen identitetskonstruksjon, sjølvforståing og korleis andre menneske oppfattar dei i det norske

samfunnet. Studien er basert på deltagande observasjon og intervju, og er analysert med tanke på korleis rasisme får dei unge til å framstå som ”dei andre”, på grunn av hudfarge, etnisk og religiøs bakgrunn. Jacobsen(2002) forklarar korleis rasisme kan forståast som noko individuelt, der ein har negative haldningar til framande folk og skikkar, eller som noko strukturelt, der rasisme er ein diskurs som påverkar og vert påverka av kultur, politikk og sosial organisering. Jacobsen (2002) hevdar at ein må forstå at rasisme, som er med på å undertrykke, er meir enn individuelle holdningar og motiv. Rasisme er og direkte knytt til inndelinga av menneske i asymmetriske sosiale kategoriar ,som vert normaliserte gjennom vanar knytt til det å sjå og gjere ting på, slik at ein sjølv ikkje gjenkjenner det som rasisme( Jacobsen, 2002). Prieur(2004) hevdar at studien hennar basert på intervju, viser at erfaringar med rasisme kan forståast som erfaringar med innskrenking av fridomen til å konstruere eins eigen identitet. Den kulturelle bakgrunnen har prega livshistoria til unge med innvandrarbakgrunn i Noreg, og erfaringane med diskriminering, fordommar og rasisme har mykje å seie for dei unge si tilknyting til si etniske identifisering. Prieur(2004) meinar at menneske som blir utsett for negativ stempling over tid, sjølv vil ta til seg den negative definisjonen og identiteten som følgjer med definisjonen. Denne påtvinga identiteten vil difor gjenskape stereotypiane, slik at rasismen reduserar individa til etniske kjenneteikn. Prieur (2004) viser til at i dei tilfella individet tek til å tolke all motgang, som rasisme har individet sjølv teke denne reduseringa til seg, og individet trur sjølv at andre behandler ein utifrå etniske kjenneteikn. Dei unge argumenterer for at dei har ei viss forståing for norske fordommar, sidan dei meinat det finnast rasisme på både sider. Prieur(2004) meinat difor at rasisme ikkje vert noko mindre problem, sidan rasismen finnast både hjå majoritet og minoritet, og dei som vert utsett for den godtek den eller ikkje gjer noko motstand.

### **2.3.3. Integrering og diskriminering.**

Det finnast forsking på kva fleirtalet eller majoriteten i Noreg, synast om innvandring og integrering. Intergrerings- og mangfoldsdirektoratet( IMDi) publiserte i 2008 ein rapport med hensikta å formidle minoritetane sine eigne opplevelingar og synspunkt knytt til dei same spørsmåla, som majoriteten ofte vert bedne om å svare på. IMDi jobbar for at alle landsmenn skal få like moglegheiter og like levekår i eit fleirkulturelt Norge. IMDi poengterar at integreringa er tovegs og difor krev gjensidig tilpassing, for å få til eit mangfold som fungerar inneberer det at majoritet og minoritetar finn gode måtar å leve saman på. Rapporten tek for seg innvandrarane sitt syn på integrering og diskriminering, og er basert på eit utval av

innvandrarar, som har budd i Norge i minimum fem år og som og kan definerast som ressurssterke og godt integrerte. På spørsmål knytt til rasisme og diskriminering svarar halvparten av utvalet at dei har opplevd å bli diskriminerte ein eller fleire gongar ved bruk av offentleg transport, i kontakt med politiet, på restaurantar eller uteplassar, på jobb eller studiestad, i bank eller på postkontor, og ved kjøp eller leige av bustad( IMDi, 2008).

Arbeidsmarknaden er det området som utpeikar seg som området med mest diskriminering i det offentlege rom. Ein av fem opplevde å bli diskriminerte når dei søkte på ein ny jobb eller ei stilling i 2006. Det er særleg dei som har ein utsjånad eller ei klesdrakt, som tydeleg viser at ein tilhøyrer ein minoritet som opplever denne etniske diskrimineringa. Rapporten viser at uavhengig av alder så vil tida ein har budd i landet, saman med den kulturelle og språklege kompetansen ein har tileigna seg på grunn av auka deltaking og samhandling med majoritetssamfunnet, ikkje minske risikoen for å bli utsett for etnisk diskriminering.

Samstundes viser rapporten at til eldre ein blir til mindre diskriminering opplever ein, noko som kan ha samanheng med kva for arenaer ein konkurrerer om ressursane på endrar seg med alderen. Rapporten tek og opp spørsmålet om Noreg er eit rasistisk samfunn og ein av fire svarar ja, noko som tilsvavar majoriteten sine svar på same spørsmålet, men her er det ikkje teke høgde for korleis ein sjølv tolkar omgrepene rasisme. Innvandrarar med afrikansk etnisk bakgrunn opplever mest diskriminering, men er likevel den gruppa som er minst einige i påstaden om at Norge er eit rasistisk samfunn. I følgje IMDi meinar både majoritet og minoritetar at rasismen går både vegar, der 8 av 10 er heilt eller delvis einige i at rasismen går både vegar(IMDi- rapport nr 9, 2008). I 2008 publiserte Løwe (2008)ei levekårsundersøking retta mot unge med innvandarbakgrunn, der målet var å kartlegge skilnadar i levekår etter nasjonal bakgrunn og kjønn. Levekåra vart og samanlikna med unge elles og eldre førstegenerasjonsinnvandrarar. Funna i undersøkinga er rimeleg like funna i IMDi- rapporten, og halvparten av utvalet fortel at dei har følt seg forskjellsbehandla på grunn av sin utanlandske bakgrunn på eitt eller fleire samfunnsområde( Løwe, 2008).

#### **2.3.4. Bruken av omgrepa rasisme og rasist.**

Fleire av undersøkingane som er gjennomført i Norge på feltet rasisme, viser at omgrepa rase og rasist helst blir brukt om situasjonar der den som fornærmar og den som blir fornærma ikkje er sjølvopplevd eller gjeld nokon i nær omgangskrets. Kva, som blir rekna som rasisme, eller kven, som framstår som rasist, er avhengig av den bestemde konteksten og dei personlege grensene som er etablert i andre kontekstar. Andersson (2000) viser til at slike

personlege grenser kan vere om ein reknar personen i den bestemde konteksten som ein venn eller fiende. Prieur (2004) viser til at det å bruke rasisme som forklaring på forskjellsbehandling kan opplevast som meir trugande for sjølvbiletet, sidan ein då posisjonerar seg som eit offer og som avmekting.

I Norge er ikkje omgrevsforståinga av rasisme klar, noko som fører med seg stor usemje om det finnast rasisme og rasistar. Den tviegga nektinga der majoriteten hevdar at dei sjølve ikkje er rasistiske, samstundes det norske levesettet, veremåtar og verdiar blir sett på som det einaste riktige. Minoritetane på si side hevdar at rasisme er lite utbreidd i Noreg, samstundes som forskingsmateriale og livshistorier tydar på at rasisme er ein noko fleire opplever. Ord og omgrep med ein rasistisk undertone eller med utgangspunkt i eksisterande stereotypiar, blir av nokre multietniske vennegjengar brukta som spøk og kallenamn. Back (1996) hevdar at slik vennskapleg namnekalling oftast er harmlaus, sidan det er eit spel regulert av sosiale reglar, der ein testar ut kva som er tolerert og ikkje. Andersson (2000) finn lite diskriminering mellom vennar, men det kjem fram i intervjuat minoritetsungdommane sjølv brukar omgrep som utanforståande kan tolke som rasistiske når dei tiltalar og omtalar vennar. Omgrep som nigger blir brukte humoristisk for å mellom anna bekrefte solidariteten i gruppa eller latterliggjere stempelet, som det same ordet gjev i det offentlege rom (Andersson, 2000: 191)

### **2.3.5. Rasisme og media.**

Jacobsen (2002: 86) hevdar at den norske diskursen om innvandrarar har ein tendens til å framstille dei som ”dei andre”, unormale og framande, slik at for eksempel det å vere unormal og ein av ”dei andre” vert manifestert i omgrepet innvandrar. Framstillinga av sosiale kategoriar i media har i følgje Jacobsen(2002: 87) betyding for kva bilete og stereotypiar som dannast om for eksempel innvandrarar, og korleis folk identifiserar seg sjølv og andre i dikotomiar som ”vi” og ”dei andre” eller ”normal” og ”unormal”. IMDi (2009) la fram ein rapport om *Medieskapt islamfrykt og usynleg hverdagsliv*, som viser blant anna kva påverknad norske media har for oppfatningar av innvandrarar og muslimar i Noreg. Funna i denne rapporten viser til at dei fleste artiklar som omhandlar innvandring og integrering som oftast har eit problemfokus og ikkje eit ressursfokus. Debattar om same tema har ein tendens til å omhandle islam og muslimar, og dette er ein tendens som har utvikla seg sidan 11. september 2001. IMDi- rapporten (2009) viser og til at bruken av nasjonalitet er blitt mindre vanleg om personar frå land der islam er den dominerande religionen, og at muslim er eit ord

som oftare vert brukt til å vise til bakgrunnen. Eit anna viktig punkt i denne rapporten ( IMDi: 2009) er knytt til bruken av ”norsk” og ”nordmann”, og andre omgrep som viser til at den saka omhandlar er ein del av eller fell utanfor det norske fellesskapet. Stempelet ”norsk” får ein stort sett berre viss mediesaka omhandlar suksess i for eksempel idrett eller den kulturelle arenaen. Titlar som ”utanlandsk”, ”innvandrar” og ”muslimsk bakgrunn” er oftare brukt i oppslag om kriminalitet og problem knytt til innvandring. IMDi- rapporten (2009) viser også til eit skilje mellom vestlege innvandrarar og innvandrarar frå resten av verda, der vestlege innvandrarar sjeldan vert omtalte som innvandrarar. Påverknadskrafta til media er også eit tema IMDi- rapporten (2009) tek opp og avgrensa personlege erfaringar ser ut til å styrke media si påverknadskraft. Det vert og hevda at mengda med medieoppslag om eitt tema kan vere med på å påverke korleis ein ser på til dømes kor mange innvandrarar det er i Norge.

## 2.4. Oppsummering

Gjennomgangen av omgrepet rasisme viser kor kompleks omgrepet er, samstundes som det viser ein del av dei ulike vinklingane og definisjonane som finnast av omgrepet. I artikkelen *Blinde slaver av våre fordommer*, viser Marianne Gullestad til den norske forskingsdebatten knytt til omgrepet rasisme i 2000. Unni Wikan og Inger- Lise Lien sine arbeid representerar to ulike måtar å forstå rasisme på, ein *smal* definisjon og ein *brei* definisjon. Lien definerar rasisme som ei handling med ein negativ intensjon utifrå hatefulle kjensler og representerar difor den smale definisjonen, (Gullestad, 2000 : 52), der ein sjølv er bevisst sine eigne handlingar og motiv. Wikan har ein breiare definisjon av rasisme der forskjellsbehandling av for eksempel innvandrarar, som fører til negative konsekvensar for den forskjellsbehandla, vert forstått som rasisme( Gullestad, 2000: 57). Ved å bruke den breie definisjonen av rasisme, opnar ein for at også ubevisste handlingar og motiv kan ligge bak handlingar som omverda oppfattar som rasistiske. Blanton og Jaccard har presentert tre ulike typar av *ubevisst rasisme* der effektane, motiva og haldningane ikkje er synlege for individet som utfører handlinga. Dette kan komme av at individet ikkje forstår konsekvensane av handlinga, ikkje er bevisste på kva som ligg bak eins eigen oppførsel, sidan denne kan ha blitt påverka av sosiale faktorar, eller at ein ikkje er bevisst at ein sjølv har rasistiske haldningar( Blanton og Jaccard, 2008: 277- 297).

Ein kan bruke inndelinga av bevisst og ubevisst rasisme på ein del av dei omgropa eg har presentert i dette kapitlet. Ei slik framstilling vil sjå slik ut:

Bevisst	Ubevisst
Klassisk rasisme – rasehierarki	Latent xenofobi – fordommar ein ikkje er klar over
Kulturrasisme - kulturhierarki	Strukturell diskriminering – innarbeidde vaner som diskriminerar
Manifesterande xenofobi – bevisste fordommar	Indirekte diskriminering – ulik tilgang på gode.
Direkte diskriminering – å nekte nokon tilgang på gode.	Diskursiv diskriminering – ulik tolking av kva som er rasisme hjå majoritet og minoritet

Om rasismen er bevisst eller ubevisst, om den finnast på mikro-, meso- eller makronivå, så er det framleis vanskeleg å finne ein absolutt definisjon av omgrepet. I kapittel 4 vil eg presentere erfaringane med og tolkingane ungdommane har av rasisme. Kapittel 5 går vidare inn på skiljelinjene mellom ”oss” og ”dei andre”, med utgangspunkt i rasistiske ord og uttrykk og viser vidare kva for påverknad media har på mannen i gata, både på godt og vondt.

## **Kapittel 3: Metodeval og utføring av datainnsamling.**

Metodevalet, måten ein samlar inn data på og korleis ein vidare nyttar dei innsamla data, legg føringar på korleis det ferdige prosjektet vert sjåande ut til slutt. Eit forskingsdesign inneheld fleire ulike element, der ein for kvart element må velje mellom fleire alternative løysingar. Forskingsdesignet er i all hovudsak ikkje eit offentleg dokument, og blir ofte berre sett av forskaren og nære samarbeidspartnarar. Forskingsdesignet er eit verktøy for korleis forskinga skal gjennomførast og bør ligge klart for forskaren før forskinga tek til for å oppretthalde best mogleg kontroll (Blaikie, 2000: 20). I følgje Blaikie (2000) tek forskingsprosessen til når ein vel kva for eit tema ein ynskjer å forske på og følgjer arbeidet gjennom val av forskingsspørsmål, forskingsstrategi, teori, datatype, innsamlingsmetode, framgangsmåte i innsamlingsfasen, og endar opp med valet av kva data ein skal nytte i prosjektet, og korleis desse skal analyserast. I dette kapitlet vil eg gje ein presentasjon av særtrekka ved fokusgruppeintervjuet og kva for fordelar denne metoden har knytt til mi problemstilling. Vidare vil eg kort forklare kva for val eg tok med tanke på forskingsdesign, korleis datainnsamlinga føregjekk, kva for etiske utfordringar eg måtte ta omsyn til før eg avsluttar med bakgrunnen for analysen og tolkinga av datamaterialet.

### **3.1. Fokusgruppeintervjuet, ein kvalitativ metode.**

Det er vanleg å dele forskingsmetodar inn i to hovudtypar, kvalitativ og kvantitativ, ved å samanlikne fem aspekt ved forskinga: metode, data, forsking, forskar og gjennomføring. Datatypen er det aspektet som flest nyttar når ein skal forklare skilnaden mellom metodane, sidan kvalitativ metode stort sett har data i form av ord, og kvantitativ metode vanlegvis presenterar tal som hovuddata. Blaikie (2000: 232) forklarar skiljet mellom metodane ved at den kvantitative forskaren fokuserar på å telje og måle delar av det sosiale liv, medan den kvalitative forskaren vere meir opptatt av oppdage dei sosiale aktørane sine meningar og fortolkingar. Repstad (2007: 20) nyttar eigenskapane til menneska og korleis eit menneske vert oppfatta av omverda, for å illustrere skilnaden mellom kvalitativ og kvantitativ metode:

”Kvalitative studier viser mennesket som fritt, kreativt og bevisst og beveger seg dermed tett opp til hverdagsbildet av mennesket, mens det menneskesynet man kan finne i kvantitativ samfunnsvitenskap innebærer at mennesket sammenliknes med en nokså enkel datamaskin”. ( Repstad 2007: 20)

Kvalitativ metode vert nytta til å karakterisere; kva eigenskapar eller karaktertrekk har fenomenet ein forskar på. For å karakterisere må forskaren gå i djupna av fenomenet, og studere fenomenet i ein heilskap, framfor å studere utdrag av fenomenet, og kalla variablar, slik ein ville ha gjort i kvantitativ metode (Repstad, 2007: 16). Silverman (2006: 19) viser til fire metodar som vert nytta av både kvalitative og kvantitative forskrarar, enten kvar for seg eller ein kombinasjon av to eller fleire:

- Observasjon.
- Tekst- og dokumentanalyse.
- Intervju/ Fokusgruppeintervju.
- Lyd- og videoopptak.

I følgje Blaikie (2000: 8) er teknikken og prosedyrane ein nyttar når ein samlar inn og analyserar data bestemd av metoden, medan metodologien er knytt til korleis ein gjennomfører forskinga og om denne vert gjennomført riktig. Silverman (2006: 19) påpeikar at dei ulike metodane vert brukt i både kvalitative og kvantitativ forsking, men at metodologien kan vere svært ulik.

Metodologien knytt til fokusgrupper vart utvikla i 1940- åra og vart i dei første tiåra hovudsakleg brukt i marknadsføring (Hennink 2007:5). I den seinare tid har fokusgruppeintervju blitt vanlegare i akademisk samfunnsforskning, som sosiologi (Repstad, 2007; Blaikie ,2000; Kvale, 1996). Gjennomføringa av fokusgruppeintervjuet er basert på ein tredelt prosess, der hovudmålet er å få kunnskap om kva sosiale aktørar meinar :

1. Forskaren legg fram ei problemstilling, knytt til det samfunnet ynskjer eller treng kunnskap om.
2. Fokusgruppa samtalar om tema i problemstillinga, og forskaren tileignar seg denne kunnskapen.
3. Forskaren analyserar interaksjonen og publiserar den i ein rapport, slik at kunnskapen kan vidareførast til samfunnet.

Denne tredelte prosessen påverkar heile forskingsarbeidet frå planlegging til rapportering, sidan sjølv analysen av datamaterialet tek til allereie i intervjustituasjonen (Morgan, 1998a).

### **3.1.1. Fordelar med fokusgruppeintervjuet**

Fokusgruppeintervju er blitt meir og meir vanleg, og samstundes har det kome nokre myter om metoden og korleis ein nyttar metoden. Kritikarar meinar at fokusgrupper hovudsakleg vert nytta fordi det er ein rimeleg metode som kan gjennomførast på kort tid. Morgan(1998b)

seier at dette kan stemme til ei viss grad, men at det likevel krev mykje av den eller dei som nyttar metoden. Andre vegrar seg for å bruke metoden, sidan det ryktast at ein må bruke ein profesjonell ordstyrar og at intervjeta må gjennomførast i bestemde miljø. Morgan (1998b) avkreftar dette ryktet ved å hevde at forskaren kan gjennomføre det sjølv i kva som helst miljø. Det har og blitt sagt at fokusgruppeintervju ikkje bør brukast om sensitive tema, sidan det nettopp er sensitive tema, Morgan (1998b) meinar at metoden passar ypparleg til sensitive tema sidan temaet i seg sjølv kan vere det som er fellesnemnaren og gjer gruppa homogen. Men ein bør ikkje nytte fokusgruppeintervju dersom ein legg merke til at deltakarane ikkje er komfortable i kvarandre sitt selskap eller at temaet gjer dei utilpassa (Morgan, 1998b).

Fokusgruppeintervjuet er eit godt verktøy dersom ein ynskjer å forstå komplekse handlingar, veremåtar og motiv (Morgan, 1998b). Metoden kan produsere datamateriale om mange ulike sosiale fenomen som vidare kan nyttast til kunnskapsgenerering, eksplorering eller intervensjon. Fokusgruppeintervjuet er særskilt fruktbart når forskaren ynskjer å utvikle teoriar og forklaringar på sosiale fenomen, eller ynskjer å finne eit svar på eit kva eller kvifor spørsmål, der forskaren utdstrupar framfor å generalisere (Brandth, 1996). Grunnlaget for fokusgruppa er eitt eller fleire bestemde tema, der gruppediskusjonen vert nytta til å samle inn data om for eksempel holdningar og opplevelingar rundt spesielle tema (Barbour & Kitzinger, 1999; Blaikie, 2000; Hennink, 2007; Repstad, 2007). Repstad (2007:99) hevdar at holdningar i nokre tilfeller kjem lettare fram i ei gruppe der respondentane føler seg trygge, enn i individuelle intervju. I eit fokusgruppeintervju er samansetjinga av gruppa grunnleggande for korleis diskusjonen i gruppa vil utarte seg, og utvalet bør difor veljast utifrå eit teoretisk grunnlag (Brandth, 1996; Morgan, 1998b). Ein kan eventuelt setje saman gruppa utifrå andre homogene fellestrekk som alder, bakgrunn kjønn, interesser, religion eller liknande (Stewart & Shamdasani, 1990).

Ei fokusgruppe som har kjennskap til temaet som blir diskutert, og som kommuniserar godt saman aukar sjansen for ein flytande og fruktbar diskusjon (Morgan, 1998b). For å oppnå denne balansegangen mellom ein flyktig samtale og ei fruktbar datainnsamling, bør diskusjonen vere delvis strukturert. Morgan (1998b) meinar at i den grad forskaren nyttar struktur er det for at gruppa skal halde seg innanfor dei bestemde forskingstema og føre ein ryddig diskusjon. I den grad intervjeta er ustrukturerte, er dette for at deltakarane sine interesser og perspektiv skal komme fram, og fremje vidare samtale om det bestemde temaet (Morgan, 1998b). Den sosiale interaksjonen som oppstår mellom gruppedeltakarane, og som

vidare viser deltakarane sine verdiar, tankar, holdningar og meningar, er avspeglingsar av diskursar i deltakarane sine omgjevnadar, som igjen representerar språklege og kulturelle samanhengar (Brandth,1996). Fokuset til gruppa er ofte knytt til interessene eller opplevingane til gruppemedlemma (Wilkinson,2006), og i mine fokusgrupperintervju vart fokuset retta mot omgrepet rasisme og korleis ungdommane forstår og opplever dette fenomenet. Rasisme er eit sensitivt tema og eg såg difor styrken til fokusgruppeintervjuet som ei moglegheit til å få ei forståing av kva ungdommane sjølv la i ulike omgrep, ord og uttrykk, og korleis dei vidare legitimerar desse. I og med at deltakarane vert intervjuia i grupper kan forteljingane framstå som meir realistiske, sidan dei andre i gruppa har eigne erfaringar, kjennskap eller kunnskap om fenomenet, så vil dei i følgje Brandth (1996) katalysere svara. Om ein utfordrar, ertar, seier seg einig i, prøver å forstå eller liknande, så er orda og setningane aktivt konstruerte i interaksjon med andre (Wilkinson, 2006). Spontane kommentarar som reaksjon på kommentarane til andre i gruppa,<sup>4</sup> kan vidare føre til refleksjon, utgreiing og rettferdigjering av dei emna som blir tatt opp i samtalen, slik at ein får ei djupare innsikt i emna og konteksten dei vert diskuterte i (Hennink, 2007:8; Stewart & Shamdasani, 1990).

I personlege kvalitative intervju blir makta oftast ujamt fordelt, slik at forskaren sit med styringa. I fokusgruppeintervjuet er forskarmakta redusert, og deltakarane sitt språk får dominere samtalen. Forskaren kan difor få meir informasjon og innsyn, og kan rekne med å oppdage omgrep, uttrykk og symbol som før var ukjende for forskaren( Brandth, 1996). Diskusjonane i gruppa kan halde seg gåande over lengre tid utan hjelp frå forskaren, og dersom diskusjonen kjem skikkeleg i gang, kan det komme fram meningar og erfaringar eit personleg intervju ikkje hadde klart å avdekke. Ein av grunnane til at intervjuobjekta ytrar seg ulikt i desse to intervjemetodane kan vere knytt til kjensla av tryggleik og avslapping. Å sitje i gruppe kan følast tryggare for gruppemedlemma, sidan ein ikkje blir spurt ut som i eit vanleg personleg intervju. Gruppemedlemma blir spurt som ei gruppe og legg sjølve føringar på kva fokusgruppeintervjuet skal omhandle til ei viss grad(Stewart & Shamdasani, 1990). Fokusgruppediskusjonar blir difor meir like naturlege sosiale interaksjonar, noko som kan få situasjonen til å bli oppfatta som komfortabel og kjekk, som igjen kan påverke deltakinga i diskusjonen( Hennink,2007; ; Krueger 1998b; Repstad, 2007).

---

<sup>4</sup> Og kjend som snøballefekt.

Alle metodar har sine tilhengjarar og kritikarar, men valet av metode skal ikkje bestemmas utifrå preferansar. Repstad påpeikar at: ”..det er hva du skal studere som bør avgjøre hva slags fremgangsmåte du velger – ikke en prinsipiell lojalitet til den ene eller den andre metoderetningen.”(Repstad, 2007:15). Forskingsspørsmålet eller problemstillinga skal med andre ord avgjere kva metodologi ein nyttar (Krueger,1998). Forskingsspørsmålet til min studie: *Kva legg unge i dag i omgrepet rasisme og kva for ytringar og ord ser dei på som rasistiske?*- kunne blitt forska på ved hjelp av kvalitativ observasjon, kvantitative surveyundersøkingar eller kvalitative personlege intervju, men svara hadde ikkje blitt dei same som eg sit med her no. Fokusgruppeintervjuet var den metoden som kunne gje meg dei mest fruktbare svara, for mitt forskingsspørsmål, sidan det la til rette for å diskutere eit sensitivt tema, der diskursen, meiningsane og opplevingane til deltakarane stod i fokus. Etisk sett var og fokusgruppeintervjuet den beste løysinga når det gjaldt alderen for nokre av deltakarane, sidan halvparten ikkje var myndige. Sidan eit fokusgruppeintervju ikkje krev nokre personlege opplysningar, som kan vere med på å identifisere deltakarane sin identitet eller bakgrunn, kunne eg kontakte administrasjonen og lærarar, vidare kalla portvakter (Silverman,2008: 81), for å komme i kontakt med ungdommane. Elevane var over 16 år og kunne difor gje sitt eige samtykke til meg, utan at eg måtte be foreldra om løyve.

Ein av fordelane til fokusgruppa er at samstundes som ein testar ut diskusjonsguiden kan ein gjennomføre eit gruppeintervju, som ein nyttar som datamateriale, dersom diskusjonen er fruktbar i forhold til forskingsspørsmålet (Hennink, 2007: 71). Dersom spørsmåla ikkje fungerar kan ein kalle det ein pilottest, men dersom spørsmåla fungerar, brukar ein diskusjonsguiden slik den står. I nokre tilfeller kjem det fram nye diskusjonstema i slike pilottestar og dersom dei er relevante for forskinga er det vanleg å legge dei inn i diskusjonsguiden, slik at dei resterande gruppene også får diskutere dette temaet(Krueger,1998a). Forskaren si hovudoppgåve er å fungere som ein ordstyrar, som guidar gruppdiskusjonen slik at den genererer ei rik forståing av deltakarane sine erfaringar og meininger(Morgan, 1998, Silverman 2006; Stewart & Shamdasani, 1990). Kvale (1996) påpeikar at gruppeinteraksjonen på same tid reduserar forskaren sin kontroll over intervjuet, og samtalens som leia fram til spontane og fruktbare utsegn kan brått endre seg til eit kaos, der forskaren i etterkant blir sitjande med eit vanskeleg analysearbeid sidan deltakarane snakka i munnen på kvarandre. Forskaren si framtoning er difor svært viktig i fokusgruppeintervju,

sidan framtoninga påverkar kva data ein får tilgang til, og kva kvalitet desse har (Barbour & Kitzinger, 1999).

### **3.2. Fokusgruppeintervjuet i praksis.**

Fokusgruppeintervju vart gjennomførte i oktober – november 2009, og søknad om løyve til å forske vart godkjent i slutten av september 2009. Det vart føretatt tre fokusgruppeintervju og det var 31 deltakarar som deltok, 15 gutter og 16 jenter. Deltakrane var mellom 16 og 22 år gamle og gjekk alle på tre ulike vidaregåande skular i ein av Noreg sine storbyar. To av gruppene var samansett av klassekameratar, medan den eine gruppa var sett saman av klassekameratar og ein elev som gjekk i ein annan klasse. Fokusgruppeintervju vart gjennomførte i grupperom på skulane til elevane og tok om lag ein og ein halv time. Alle intervjuet vart tatt opp med bandopptakar og transkriberinga av alle intervjuet vart på 84 sider med tekst. Dei neste delkapitla skal guide deg som leser igjennom planlegginga, gjennomføringa og analysering av datamaterialet.

#### **3.2.1 Gruppesamsetjing og tal på grupper.**

Utgangspunktet for fordeling av grupper var knytt til ein ide om at dei ulike gruppene kunne gje ulike diskursar, dersom samansetjinga av gruppene var ulik. Fokuset på dette stadiet var ein komparativ analyse basert på to homogene og ei heterogen gruppe. Den eine gruppa skulle bestå av 10 deltakarar med etnisk norsk bakgrunn, den andre av 10 deltakarar med innvandrar bakgrunn og den tredje av ein kombinasjon der 5 deltakarar var etnisk norske medan dei andre 5 hadde innvandrar bakgrunn. Ein bør ikkje ha fleire enn 10 deltakarar i kvart fokusgruppeintervju<sup>5</sup> og grunnen til at eg ba portvaktene setje meg i kontakt med så mange moglege deltakarar var knytt til at ein må rekne med ein del fråfall. På denne måten kunne eg forhåpentlegvis sitje at med ei fokusgruppe på minimum 6 elevar. Alder og tilknyting til same skulemiljø skulle vere faktoren som samla gruppa og gjorde den homogen. Det heterogene aspektet som skulle skilje fokusgruppene frå kvarandre var knytt til kva skular dei hørte til og kva samansetjing gruppa hadde.

---

<sup>5</sup> Utvalet og storleiken på gruppa er med på å bestemme kva for datamateriale ein sit att med til analysen, og når det gjeld storleik på gruppa må ein prøve å finne riktig storleik. Morgan (1998a: 78) påpeikar at dersom gruppa er for lite kan ein oppleve at det ikkje er nok ulike meininger i gruppa, slik at diskusjonen stagnarar. I andre tilfeller vert gruppa for stor slik at det blir for lite tid til at alle deltakarane får sagt det dei ynskjer ( Morgan, 1998a: 78).

### **3.2.2 Formidling av kontakt.**

Før eg kunne setje i gang med intervjuet måtte eg søke om løyve hjå Norsk samfunnsvitenskapelig datateneste, best kjend som NSD. Alle forskingsprosjekt der personopplysninga, både direkte og indirekte, vert behandla, skal meldast til NSD for vurdering opp mot personopplysningsloven og helseregistreringsloven med tilhøyrande forskrifter, for godkjenning ( Den nasjonale forskingsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora(NESH), 2000: 9). Alderen på deltakarane skapte eit etisk dilemma og eg kontakta Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD) personleg via e- post for å høyre kva for moglegheiter eg hadde til å intervjuet deltakarane, utan å involvere foreldra til ungdommane. Eg hadde som føremål å intervju eleva på grunnkurs, og antok difor at dei fleste ville vere mellom 15 og 17 år gamle. Etter kvart som eg gruppeintervjuet vart gjennomførte oppdaga eg at alderen varierte frå 16 til 21 år. Svara frå NSD gjekk på at dersom det kjem fram sensitive personopplysningar om ungdommane, som politisk og religiøs tilknyting eller etnisitet er hovudregelen at foreldra til ungdommane skal gje samtykke for at elevane får delta i prosjektet. Dersom eg derimot gjennomførte prosjektet slik at personopplysningane ikkje vart behandla elektronisk kunne deltakarane sjølv gje sitt samtykke. For å gjennomføre dette måtte eg unngå å behandle lydopptaka som lydfiler på datamaskina. Fokusgruppeintervjuet vart derfor transkribert inn på datamaskina og anonymiserte etter kvart, slik at det elektroniske datamaterialet ikkje kunne identifisere deltakarane. Anonymiseringa av deltakarane gjorde også at eventuelle tredjepersonar som vart nemnde i teksten også vart anonymiserte, slik at eg ikkje hadde informasjonsplikt ovanfor eventueller tredjepersonar.

Sidan deltakarane skulle vere skuleelevar ved ulike skular sendte eg ut e-postar til rektor og administrasjon ved ulike skular i byen( vedlegg 1). Eg sendt ut e-postar til om lag 10 skular, og 3 av desse gav meg positiv tilbakemelding. E- posten inneholdt kort informasjon om prosjektet og kva eg håpa skulen kunne hjelpe med, som å setje meg i kontakt med faglærarar som vidare kunne setje meg i kontakt med elevane. Eg la også fram eit forslag om at fokusgruppeintervjuet kunne haldast på skulane dersom det var mogeleg. Dette var eit viktig punkt for min del, for eg ville møte elevane på deira eigen arena, der dei føler seg heime. Eg stilte meg også positiv til å komme innom skulen i forkant av fokusgruppeintervjuet slik at elevane og læraren kunne få stille meg spørsmål.

Lærarane fungerte som portvakter og det var gjennom dei eg bestemde tid og stad for intervjeta. Lærarane fekk og tilsendt informasjonen slik at dei kunne lese igjennom den og levere den ut til elevane. Lærarane var og dei som plukka ut elevane utifrå kriteria eg hadde sendt dei på e-post. I to tilfeller fekk eg fleire deltakarar enn kva eg hadde forventa, i den eine gruppa 11 deltakarar og den andre 12 deltakarar. Grunnen eg fekk oppgitt av lærarane var at det var eit så interessant tema at dei hadde fått større oppslutnad enn venta. Ei av gruppene vart også samansett av andre kriterium enn kva eg hadde bedd om, dette resulterte i at eg fekk ei gruppe med innvandrarbakgrunn, ei blanda gruppe og den siste som skulle bestå av etnisk norske fekk i staden for ein majoritet av etnisk norske. Utvalet består difor av 13 etnisk norske elevar og 18 elevar med innvandrarbakgrunn. Den endra gruppesamsetjinga kan skuldast at eg ikkje gjorde det klart nok kva krav eg hadde til gruppesamsetjinga, eller at portvakta i dette tilfellet har ei anna forståing av innvandrarbakgrunn enn kva eg har. Eg kunne ha bedd dei som ikkje var etnisk norske om å gå ut av rommet, men sidan tre av dei ikkje kom fram med informasjonen før halvvegs ut i intervjuet, og det å sende dei ut av rommet i seg sjølv kunne oppfattast som rasisme, så vart dei verande. Dette førte til at eg ikkje kunne gjennomføre eit komparativt studie med tanke på gruppesamsetjingane, men opna for andre alternativ.

### **3.2.3 Utarbeiding av diskusjonsguiden.**

I og med at eg skulle gjennomføre eit fokusgruppeintervju var eg ikkje bunden til ein intervjuguide med eit oppsett med bestemde spørsmål. I følgje Morgan (1998b) er diskusjonsguiden oversikta over kva tema fokusgruppene skal diskutere, samstundes som den er med på å bestemme kva struktur intervjuet skal ha og gjev ei oversikt over kor lang tid fokusgruppeintervjeta vil ta. Eg starta difor med ein tematisk oversikt over kva tema eg ville at deltakarane skulle diskutere. (Desse står i kursiv i vedlegg 3.) Den tematiske framstillinga er forskingsspørsmål og måtte nyanserast til nokre nøkkelspørsmål som eg kunne stille dei ulike gruppene. I følgje Hennink (2007:59) bør ein prøve å formulere spørsmåla i intervjuguiden som uformelle diskusjonsspørsmål eller påstandar, sidan dette legg til rette for diskusjon. Diskusjonsguiden inneheld ei innleiing der eg fortel kva føremålet med fokusgruppeintervjuet er og korleis eit fokusgruppeintervju fungerar. Vidare brukte eg Krueger (1998: 29) sine fem ulike typar spørsmål for å lage ein mal for diskusjonsguiden min. Opningsspørsmålet har to viktige funksjonar, det fungerar som eit oppvarmingsspørsmål for deltakarane medan eg som forskar får setje eit namn og ei plassering på stemma, slik at det er lettare å skilje dei frå

kvarandre. Eg laga to introduksjonsspørsmål som skulle setje diskusjonen om temaet i gang. Eg fann det ikkje naudsynt å lage overgangsspørsmål sidan nøkkelspørsmåla var knytt til eitt tema som kan knytast til alle dei seks nøkkelspørsmåla. Eit av desse nøkkelspørsmåla var ein felles gruppeaktivitet, der deltakarane skulle notere ned eit rasistisk ord og/ eller ei rasistisk setning. Det siste punktet på diskusjonsguiden var nokre avslutningsspørsmål der eg ville oppsummere og deltakrane kunne komme med fleire synspunkt, dersom dei hadde det.<sup>6</sup> Vidare estimerte eg at spørsmåla i diskusjonsguiden ville gje ein diskusjon på ein og ein halv time til to timer, noko som kunne legge til rette for ei pause når vi var kome halvvegs.

I samband med intervjuguiden utvikla eg og informasjonen til utvalet med samtykkeerklæring( vedlegg 2). I opne forskingsprosjekt som omhandlar personar finnast det eit krav om deltakarane sitt informerte og frie samtykke, sidan dette gjev forskingsobjekta rett til å avbryte si eiga deltaking i prosjektet, utan at dette medfører negative konsekvensar (NESH, 2000: 8). Deltakarane fekk informasjon om retten til å trekke seg når som helst, informasjon om direkte og indirekte anonymifisering og at alt ville bli tatt opp med diktafon. Det som var særleg viktig i utviklinga av samtykkeerklæringa var at deltakarane skulle vere klar over kva ansvar dei hadde ovanfor kvarandre, sidan ømfintleg informasjon kan komme ut til andre personar. Den siste setninga i samtykkeerklæringa vart følgjande: ”Eg forstår også at det som vert sagt under diskusjonen er konfidensielt og ikkje skal kunne sporast attende til nokon av dei som deltek i diskusjonen”.


### **3.2.4 Klargjering av hjelpe midla.**

Eg la tidleg merke til ei sekvens i boka til Hennink og denne tankegangen hadde eg med meg gjennom kvar klargjering og gjennomføring av fokusgruppeintervju. Hennink ( 2007:18) hevdar at 70 prosent av det å vellykkast i intervjustituasjonen ligg i planlegginga, til betre ein planleggjar til mindre sjanse er det for at ting vil gå gale. Dette førte til at eg ikkje berre hadde med meg ein, men to diktafonar, til kvart intervju. Eg plasserte den eine i nærleiken av meg sjølv, slik at eg kunne sjå at den fungerte. Medan den andre vart plassert i den andre enden av bordet. I og med at eg hadde to diktafonar, som tok opp lyd, ville eg mest sannsynleg ha opptak uansett kva som skjedde. Seinare visste det seg at denne plasseringa redda ein del datamateriale. I transkriberingsprosessen kom eg over eit par sekvensar med lyd som var

---

<sup>6</sup> Ein finn meir utfyllande informasjon, der ein ser diskusjonsguiden i si fulle form, i vedlegg 3.

vanskeleg å oppfatte når eg spelte av den eine diktafonen, men som var klare og tydlege på den andre diktafonen. Eg fann eit godt forslag til ei oversikt over bordplasseringa i boka *Planning Focus Groups*, som kunne gjere det lettare for meg og avgjere kven som snakka i ettertid, sidan eg og kunne teikne inn diktafonane.(Morgan 1998a: 123)



**Skissa av bordplasseringskartet eg nytta.**

Eg kom ein time før kvart fokusgruppeintervju for å gjere meg kjent med rommet vi skulle bruke og for å klargjere dei ulike hjelpemiddla som vart brukt under intervjuet. Mat og drikke fungerte som eit hjelpemiddel i den grad at deltakarane vart meir avslappa og konsentrerte i perioden dei sat der. Maten og drikka plasserte eg på eit nabobord, slik at deltakarane kunne forsyne seg når dei ville, utan at dette påverka lydopptaka for mykje. Eg brukte også ein del tid på å lese igjennom diskusjonsguiden, slik at eg kunne den meir eller mindre utan att. På denne måten kunne eg merke av tema deltakarane snakka om, før eg sjølv hadde spurt spørsmålet om det bestemde temaet. Rett før elevane kom inn til meg for å gjennomføre fokusgruppeintervjuet, la eg fram pennar, ekstra informasjon til utvalet( for dei som hadde gløymt å skrive under på samtykkeerklæringa), bordplasseringskartet, diskusjonsguiden, notatblokka og små papirlappar som deltakarane seinare skulle skrive ned rasistiske ord og uttrykk på.

### 3.2.5 Sjølve intervjeta.

Det første gruppeintervjuet kunne blitt ein fiasko og enda opp som eit pilotintervju, men eg hadde tydelegvis vert heldig med dei ulike omstenda som låg bak, slik at eg kunne kalle det mitt første intervju i staden for. Intervjeta gjekk overraskande fort, men vi fekk gått igjennom

alle spørsmåla. I samband med presentasjonen av meg og forskingsprosjektet mitt brukte eg litt tid for å forklare at det var viktig at dei snakka ein og ein, slik at eg lettare kunne skilje stemmene frå kvarandre når eg skulle transkribere lydopptaka. Deltakarane skal ha all ros for at dei stort sett snakka ein og ein, og at dei retta seg etter enkle beskjedar dei få gangane dette sklei ut. Sidan mange vegrar seg for å snakke når dei blir tekne opp på band, brukte eg og ein del tid på å forklare deltakarane at diktafonane fungerte som eit hjelpemiddel for min del og at eg var den einaste som kom til å høyre på opptaka. Etter å ha forklart dette verka det som om ingen brydde seg om diktafonane lengre.

Fokusgruppeintervjua følgde oppsettet i diskusjonsguiden. Introduksjonsspørsmål<sup>7</sup> som skulle fungere som eit oppvarmingsspørsmål for å vinkle samtalen inn på forskingsspørsmål som ville komme i form av nøkkelspørsmål i neste omgang, men dei skulle vise seg å bli fruktbare som datamateriale. Gruppene tok her opp viktige tema på eige initiativ, som eg seinare kom til å spørje dei meir om når eg tok i bruk nøkkelspørsmål<sup>8</sup>. Eg satt heile tida med diskusjonsguiden framfor meg slik at eg kunne merke av spørsmål som dei tok opp på eige initiativ. På denne måten unngjekk eg å spørje dei ut om eit tema dei allereie var ferdig å diskutere. Eg prøvde og på å halde ordlyden på nøkkelspørsmål like mellom gruppene ved å spørje spørsmål ordrett slik eg hadde skissert dei i diskusjonsguiden. Eg noterte ned forbokstaven til den som snakka, skrev ned viktige ord og setningar på same tid som eg prøvde å halde oversikt over kven som tok opp handa for å markere at dei hadde ein kommentar. Etter kvart skrev eg ned forbokstaven til dei som ynskte å kommentere og styrte gruppedynamikken på det same skjemaet som eg noterte opplysningane på. I dei fleste tilfella

<sup>7</sup> Introduksjonsspørsmål:

- *Då lurar eg på om dykk meinar det blir fleire konfliktar i eit samfunn, dersom det bur menneske der med ulike religionar, kulturar og nasjonalitetar?*
- *Er det greitt at ei norsk jente vert kjærast med ein gut som er utanlandsk, eller omvendt?*

<sup>8</sup>Nøkkelspørsmål:

- *Ordet rasisme er eit ord som blir forstått på ulike måtar, no ynskjer eg å høyre kva dykk meinar rasisme er. Korleis vil dykk definere det og forklare det med eigne ord?*
- *Kvar meinar dykk at personar blir utsett for rasisme?*
- *Kven er det som blir rasistar og kvar finn ein dei?*
- *No skal dykk få ein lapp, og så vil eg at dykk skriver det styggaste og mest rasistiske ordet og/ eller setninga dykk kan komme på.*
- *Dersom for eksempel ein somaliar møter ein annan somaliar og seier: "Yo, Nigger", så er det noko som i nokre tilfeller er greitt, men dersom det kjem ein nordmann bort til vedkommande og seier eitt eller anna som: "Du er jo neger så du slepper jo å bli solbrent", så vil somaliaren mest sannsynleg bli fornærma og kanskje kalte nordmannen for rasist. Har dykk andre eksempel på tilfeller der det same uttrykket vert oppfatta som greitt i ein samanheng og rasistisk i ein annan?*
- *Har nokre av dykk opplevd å bli utsett for eller vert med på å utsetje nokon for rasisme, eller eventuelt kjenner noen som har opplevd det eller har vert med på det?*

flaut samtalen greitt, men eg opplevde og sekvensar der eg var nøydd til å lokke samtalen fram.

Gruppedynamikken i forhold til kven som prata var stort sett jamt fordelt, men i alle tre gruppene hadde eg ein deltar i kvar gruppe, som ikkje deltok i diskusjonen. Alle tre svarte på introduksjonsspørsmålet, men etter det vart det stille. Eg prøvde å få dei med i diskusjonen ved å spørje dei direkte kva dei meinte om dei første spørsmåla, men dei svara berre: "Veit ikkje". Sidan dei andre deltarane deltok i stor grad, så vart desse verande i håpet om at dei skulle tøye opp og delta etter kvart, men det skjedde ikkje. Dersom ein ser vekk frå desse tre deltarane er utvalet på 28 ungdommar, men eg vel å ta dei med, sidan dei var ein del av gruppa. Eit anna særpreg som eg la merke til i alle gruppene var at det alltid var ein til tre, som snakka mykje i byrjinga, og eg lurte på om dette var sjølvutnemnte ekspertar eller dominante deltarar som eg kanskje måtte dempe initiativet på. Men etter å ha fått diskusjonane i gang kom det fleire til og desse personane deltok i same grad som resten av gruppa. På same tid la eg merke til at nokre deltarane kunne vere tilnærma stille i diskusjonen om eitt tema, medan dei prata som ein foss i neste diskusjon. Eg spurte nokre av desse deltarane om kva dei meinte om det som vart diskutert i diskusjonane dei ikkje deltok i, og då variera svara frå: "Veit ikkje" til "Det er ikkje noko å diskutere". Dersom ein skal følgje fokusgruppeintervjuet som metode slavisk, så bør alle meine noko om alle spørsmåla som vert tatt opp, men eg ser vekk frå dette sidan vi alle ikkje kan meine noko om alt. Eg ser heller på intervjuet som heilskap og ser at jamt over, så har dei deltagande ungdommane bidrige om lag like mykje i utviklinga av datamateriale.

### **3.2.6 Hjelpemiddel under fokusgruppeintervjuet.**

Bruken av diktafon, notat, mat og drikke har allereie blitt forklart tidlegare i teksten, men gruppeaktiviteten som tok til på slutten av intervjuet har fått særslig omtale. Då eg kom på at eg ville be deltarane om å skrive det styggaste rasistiske ordet og/eller setninga dei kjente til på ein lapp, var eg ikkje sikker på om eg kom til å bruke dei som datamateriale. Alle deltarane fekk kvar sin lapp og ein penn der dei kunne skrive ned det dei kom på. Dei som ikkje kom på noko leverte inn ein blank lapp. Lappane låg lenge urørt, men vart tekne fram att når eg starta analysearbeidet, sidan orda var gode eksempel på kva ord deltarane synast var rasistisk krenkande.

### **3.2.7 Transkribering.**

Transkriberinga av intervjuet var krevjande og det tok lang tid, og eg sat igjen med 84 sider med tekst. Eg valde å transkribere intervjuet ordrett og skrive orda på ”muntleg” nynorsk slik at dialekta til ungdommane ikkje skal kunne gjenkjennast. Det meste av intervjuet er nedskrive, med unntak av nokre få minutt som vart fjerna sidan dei ikkje hadde noko med rasisme å gjere og nokre få sekvensar der fleire snakkar i munnen på kvarandre slik at det er uråd å skilje stemmene og orda i frå kvarandre. Latter, pause og avbryting er blitt merka i transkripsjonane, samt kroppsspråk som eg fekk notert ned under intervjuet. Notatteknikken eg brukte under intervjuet, der eg noterte forbokstaven til den som snakka, skulle vise seg å vere veldig nyttig i dei tilfella to av deltakarane hadde veldig like stemmer og i diskusjonar der orda vart kasta mellom deltakarane. Samstundes var bordplasseringskartet og introduksjonsspørsmålet, der dei fortalte kort om seg sjølv, veldig viktig for å legge merke til karakteristikkar i stemmene deira. Gruppene fekk namna 1, 2 og 3, medan deltakarane fekk bokstavar som kjenneteikn, for å anonymisere dei. Gruppe 1 med deltakarane 1a – 1h bestod av 1 jente og 7 gutter, og var ei homogen gruppe bestande av ungdom med innvandrarbakgrunn. Gruppe 2 var større og hadde deltakarane 2a – 2l og var jamt fordelt med 6 jenter og 6 gutter. Dette var den gruppa som skulle vere heterogen med både etnisk norsk ungdom og ungdom med innvandrarbakgrunn. Gruppe 3 hadde ei meir ujamn fordeling igjen med 2 gutter og 9 jenter. Deltakarane 3a – 3k var gruppa, som opphavleg skulle vere homogen med etnisk norsk ungdom, men som vart ei heterogen gruppe der majoriteten var etnisk norske.

### **3.2.8 Analysering og tolking av datamaterialet.**

Utgangspunktet for oppgåva var basert på eit induktivt design med utgangspunkt i empiri som vidare skulle støttast opp med teori. Sidan det var lite norsk forsking knytt opp til det temaet eg ynskte å skrive om gjekk eg utifrå eit eksplorande opplegg, der eg ikkje festa meg til noko bestemd teori i starten av datainnsamlinga. Ein kan difor seie at i det eg gjekk i gang med datainnsamlinga hadde ein fot innanfor grounded theory, som tek utgangspunkt i teorigenerering framfor teoritesting. Thagaard (2003: 141) viser til at fortolkingane forskaren gjer i analyseprosessen bør noterast ned slik at ein kan følgje utviklinga av forskaren si forståing av fenomenet. For min del starta fortolkingane og endringane i utgangspunktet for vidare forsking allereie i arbeidet med innsamling av data:

Heilt i starten hadde eg planar om ei komparativ analyse mellom 2 eller 3 grupper, og såg for meg tre ulike diskursar om rasisme. Når eg hadde gjennomført to av tre fokusgruppeintervju

såg eg at diskursane om rasisme var ganske like på trass av to ulikt samansette grupper. Gruppene hadde eit felles syn på rasisme, men det som skilte dei var kva for nøkkelspørsmål dei diskuterte mest om. Dagen kom for det tredje og siste fokusgruppeintervjuet, og eg innsåg at planen om å ha ei homogen gruppe beståande av etnisk norsk ungdom, ikkje kom til å gjennomførast. Der og då tok eg ei avgjersle, om å ikkje gjennomføre ei komparativ analyse, sidan at dei to andre diskursane hadde vert ganske like og at gruppесamansetjinga ikkje vart slik eg hadde forventa. Eg gjennomførte det tredje fokusgruppeintervjuet og fekk ein diskurs som likna på dei to føregåande, men her og var fokuset på kva spørsmål som dominerte ulikt dei to andre. Gruppe 1 fokuserte på integrering via arbeidslivet og hadde ein omfattande diskusjon om i kva grad ein viser vennar respekt med å kalle dei eller ikkje kalla dei for eksempel riskoker eller potet. Gruppe 2 hadde ein meir politisk diskusjon, der dei snakka ein del om historia til rasismen, før dei gjekk vidare til innvandringspolitikk, integrering og framstillinga av innvandrarar i media. Gruppe 3 hadde to lange og interessante diskusjonar om korleis ein definerar rasisme og kor skiljet mellom vitsar og rasisme går

Analysen starta som det Thagaard (2003: 133) omtalar som kategoribasert analyse. Ei kategorisk analyse er tosidig sidan den er ein kombinasjon mellom datamaterialet og teksten med refleksjonane rundt dei ulike tema som kjem fram i datainnsamlinga. Kategoriane, vert av Thagaard (2003: 136) omtala som deskriptive kodar, sidan desse viser til innhaldet i datamaterialet. Eg prøvde først å finne ut kva for tema som peikte seg ut som dei viktigaste i datamaterialet, og etter å ha transkribert alle tre intervjuet sat eg igjen med ei kjensle av at ungdommane hadde nokre tema som alle gruppene var spesielt interesserte i. Eg gjekk i gjennom kvart spørsmål eller nøkkeltema for å finne ut kva eigne tema, meningar og erfaringar ungdommane kopla til dei ulike spørsmåla. Tema som peikte seg ut som viktige vart studert grundigare, og i oppgåveteksten er utdraga frå intervjuet tydelege referansar til ungdommane sine forteljingar og meningar. Teoretisk relevante omgrep som vidare kan knytast til teoriar som er relevante for undersøkinga, vert og kalla tolkande eller teoretiske kodar (Thagaard, 2003: 136). Ord som er viktige for den vidare analysen som for eksempel rasisme, media, makt, oss/ dei andre og namnekalling er direkte knytt til tema som informantane sjølv har teke fram i diskusjonane, vert av Miles og Huberman omtalt som induktive kodar (Thagaard, 2003: 137). Dei induktive kodane i form av ord og omgrep vart samla i fleire ulike skjema for å skape ei oversikt. Dette resulterte i at eg fann tre områder som alle tre gruppene verka opptekne av:

- Rasisme- kva er det?

- Media sin innverknad på rasisme.
- Den skjøre grensa mellom spør og alvor når det gjeld rasistiske utrykk.

### **3.3. Etiske tankar**

Alver og Øyen (1997: 23) påpeikar at forskingsetiske retningslinjer er til for å skape refleksjon og merksemd om dei forholda som kan utfordre og fremje bekymring knytt til forskinga. I og med at eg skulle gjennomføre eit prosjekt som omhandla ungdom og rasisme, vart sjølve temaet og alderen på fokusgruppedeltakarane (omtala i 3.2.3) viktige i forhold til etiske retningslinjer. Etiske problem oppstår når ulike norm- og verdisystem kjem i konflikt med kvarandre(Alver og Øyen, 1997:17). Mykje av dagens forsking er kome tett inn i kvardagslivet og har i auka grad fått meir interesse. Dette fører til å forskinga blir sett på med eit meir kritisk blick og at forskaren sine eigne normer og verdiar kjem fram i offentlegheita sitt lys i større grad enn før(Alver og Øyen, 1997:32). Nokre tema er så sensitive og problematiske at ein må vurdere dei strengare enn andre. I desse tilfella må ein vege føremålet med forskinga opp mot kor tett forskinga går inn på gruppene og deltakarane sine interesser og kva konsekvensar dette kan få(Alver og Øyen, 1997: 60). Det å setje eit tema, som rasisme, på dagsordenen, kan i seg sjølv vere med å legitimere og skape interesse for temaet, ein kan og rekne med at forskinga fører fram til ein uønska blest om temaet, og i verste fall kan forskaren bli ein talsperson for bestemde meningar og ideologiar som ein ikkje ønskjer å assosierast med( Alver og Øyen, 1997: 62). Det hadde nok vert større fare for at eg kunne hamna i situasjonen som er beskrive ovanfor dersom eg hadde gjennomført ein studie av ungdommar med tilknyting til rasistiske eller nazistiske miljø, men studien er framleis ikkje uproblematisk. I og med at studien inneheld tankar, meningar og erfaringar frå ungdom med ulike etnisk bakgrunn, kan eg oppleve at ungdommane med innvandrarbakgrunn, som allereie tilhøyrer ein minoritet og til tider er marginaliserte, kan bli meir marginaliserte på grunn av forskinga som er retta mot dei. Sidan gruppene har ungdommar med etnisk norsk bakgrunn og innvandrarbakgrunn vil dette forhåpentlegvis ikkje bli noko problemstilling, men for å vere sikker på dette vil ikkje eg avdekke kva etnisitet ungdommane har når dei vert siterte i forskingsrapporten.

Forskinga som skjer innanfor samfunnsvitskap og humaniora er knytt til å beskrive og forklare ulike livssituasjonar, korleis menneska ser på tilværet og korleis dei lever livet med

tanke på handling, samhandling, normer, vurderingar, tankemønster og organisasjonar(Alver og Øyen, 1997: 128). Deltakarane i slik forsking er ofte få og forskinga er ofte personleg sidan den kan omhandle meininger og erfaringar knytt til ulike områder av samfunnslivet(Alver og Øyen, 1997: 130). Sidan temaet er sensitivt og deltakarane fortel om eigen meininger og erfaringar knytt til temaet, er det viktig at deltakarane blir gjort anonyme, slik at ingen kjenner dei att. Den ferdige oppgåva og intervjuha har derfor ingen informasjon om deltakarane sin etnisitet, namn, bustad eller anna informasjon som kan fortelje kven personen er. Byen og skulane elevane går på blir heller ikkje nemnt, dette er også gjort for at deltakarane sin identitet skal kunne haldast hemmeleg. All forsking som omhandlar personar eller personopplysningar krev informert samtykke, og dette er for å verne deltakarane sin integritet. Når ein skriv under på dette erkjenner ein at forskinga kan medføre skade eller negative verknadar for dei som deltek i forskinga, og at vedkommande sjølv skal kunne vurdere kor lenge det er formålstenleg å delta( Alver og Øyen, 1997: 103). Deltakarane kan difor trekkje seg frå forskinga når dei vil og treng heller ikkje forklare kvifor dei vel å gjere det. Dersom ein person trekk seg, skal alle data som omhandlar denne personen slettast og ikkje brukast som datamateriale. Informasjonen til utvalet og samtykkeerklæringa, som alle i utvalet skal skrive under på, legg til rette for ein akseptabel relasjon mellom forskar og kvar einskild deltakar. Forskaren skal gje så mykje informasjon til deltakarane om føremålet og framgangsmåten til forskingsprosjektet, at informanten sjølv har nok kjennskap og grunnlag til å bestemme om ein vil delta eller ikkje.

### **3.4. Tankar om gyldigheita og truverdigheita.**

Forskinsprosessen gjer det mogleg for forskaren å vurdere sitt eige arbeid kritisk, gjennom heile forskinga. Dersom ein ser på eiga forsking med kritiske auge kan ein unngå fallgruver, som kan setje forskingsrapporten i eit dårleg lys. Ein kan rette grammatiske feil i ei setning frå intervjuet, men ein må ikkje endre ordlyden. Dersom det er relevant kroppsspråk eller anna ikkje- verbal kommunikasjon som seier noko om det som vart sagt, må ein ikkje utelate dette(Krueger,1998). All forsking vert prøvd på om den gjev ei riktig framstilling av det som er blitt forska på og om denne framstillinga er korrekt. Reliabiliteten eller truverdigheita er eit mål på blant anna kor påliteleg og presis informasjon ein har fått og om ein har klart å gjennomføre analysen utan feil og manglar. Validiteten eller gyldigheita er eit mål på om det er samsvar

med forskingsspørsmåla og informasjonen ein faktisk nyttar når ein trekker konklusjonar utifrå datamaterialet(Repstad, 2007:134).

I skrivinga av oppgåva har eg konsekvent prøvd å legge eit tydeleg skilje mellom ungdommane sine utsegn, mine tankar og eksisterande empiri. Utsegn og utdrag frå intervjuet er merka i kursiv med innrykk for at lesaren skal kunne skilje dette frå resten av teksten. Samstundes er oppgåva basert på transkripsjon av intervjuet, slik at mine eigne fortolkingar eller rekonstruksjonar av samtalane ikkje er til stades i datamaterialet. I samband med truverdigheita til datamaterialet og den ferdige oppgåva er interaksjonen mellom meg og ungdommane og korleis denne gjekk føre seg eit viktig aspekt . Dei personlege kvalitetane og evnene til ordstyraren er viktige for korleis fokusgruppediskusjonen utviklar seg. Eg gjorde meg kjend med spørsmåla og tema som skulle diskuterast. Eg prøvde samstundes å halde diskusjonen i gang, på same tid som eg prøvde å framstå som mest mogleg nøytral, sidan deltakarar med motstridande syn kan føle at synet ikkje er korrekt i den bestemde konteksten. Eg prøvde også å framstå som mest mogleg nøytral i klesdrakt og haldning, slik at mi eiga framtoning ikkje skulle fungere som eit hinder for ein god diskusjon. Eg velde å halde diskusjonane på skulane ungdommane gjekk på, slik at dei var på heimebane og følte seg trygge.

Diskusjonsguiden vart brukt i alle intervjuet og eg prøvde å formulere spørsmåla med same ordlyden i alle dei tre intervjuet. I nokre tilfeller spurde eg ikkje spørsmåla direkte, sidan ungdommane tok fram temaet i diskusjonen på eige initiativ og snakka rundt det innanfor dei områda eg ynskte kunnskap om. Eg trur ikkje at samanlikningsgrunnlaget og samanfatninga av funna har blitt øydelagd på grunn av dette. Spørsmåla i seg sjølv var alle utforma som spørsmål eller utsegn, som ein ikkje kunne svare ja eller nei til. På same tid forma eg spørsmåla ut i frå ei folkeleg språkdrakt slik at spørsmåla ikkje var vanskelege å forstå eller å svare på. Gjennomføringa av intervjuet gjekk bra, og eg vart positivt overraska over kor opne mange av ungdommane var når det gjaldt å leggje fram eigne meningar og erfaringar knytt til rasisme. Analysen av datamaterialet kunne gjerast på fleire måtar, men eg velde å gjennomføre den tematisk, sidan det var dei ulike delane av diskusjonen som fanga mi interesse i gjennomgangane av datamaterialet. Utdraga frå diskusjonane er nedskrivne slik dei vart uttalte der og då, og har difor ikkje blitt endra på. Ein kan sjølvsagt påstå at viktige delar av samtalet ikkje kjem med i framstillinga av datamaterialet, men eg har prøvd å ta med dei utsegna som var viktige for dei ulike punkta eg legg fram for lesaren.

Gjennom arbeidet med datamaterialet har eg prøvd å halde eit kritisk auge til materialet. Eg har og hatt stor respekt for dei transkriberte intervjeta og ikkje endra det ungdommane sa under diskusjonane. Fokusgruppeintervjeta skal kunne gjennomførast med diskusjonsguiden av andre personar og eg trur refleksjonane og engasjementet vil vere like sterkt. På same tid er det usikkert om tankane om rasisme og erfaringane vil vere dei same, sidan desse varierar frå person til person og er avhengig av tid og rom. Vegen frå prosjektskissa og fram til tolkingane og den ferdige oppgåva har eg prøvd å gjere greie for i dette metodekapitlet. Eg har og tidleg i oppgåva lagt fram min eigen posisjon knytt til rasisme, og er klar over at dette kan ha påverka svara frå ungdommane.

## **Kapittel 4: Ungdommane si forståing av og erfaring med rasisme.**

Dette kapitlet vil som overskrifta tilseier omhandle forståinga av omgrepet rasisme og eigne erfaringar med rasisme. Først vil eg introdusere ungdommane sine egne definisjonar av omgrepet rasisme før eg viser til skiljelinjene dei trekker mellom framandfrykt og rasisme. Raseomgrep vert også diskutert i forhold til kva bruksområde det har i dag, og korleis dei sjølve oppfattar det. I følgje ungdommane er kultur og religion viktige markørar som skil ulike grupper frå kvarandre, og dei unge meinat rasismen har endra seg på grunn av dette. Ungdommane legg og vekt på at omgrepet rasisme kan utnyttast og brukast om tilfeller der det ikkje er snakk om rasisme. Den siste delen er knytt til nokre av ungdommane sine opplevelingar i samband med rasisme.

### **4.1. Ein diskusjon om rasisme.**

*”Men kva er i grunn definisjonen på rasisme...”*

Det finnast mange ulike måtar å definere rasisme på; ein kan bruke ein smal definisjon som berre handlar om diskriminering basert på rase, eller ein kan omfamne ein mykje breiare definisjon som tek for seg all diskriminering av ei minoritetsgruppe på alle samfunnsnivå dei deltek eller ynskjer å delta. Diskusjonar om rasisme har, som tidlegare nemnt, vert knytt til at ein ikkje heilt klarar å definere omgrep og difor ikkje klarar å få ei oversikt over kor utbreidd rasisme og rasistiske haldningar er i landet. I gruppediskusjonane var heller ikkje det noko lett sak å bli samde om kva rasisme er, og ungdommane var som dette utdraget viser innom fleire definisjonar:

3j: Men kva er i grunn definisjonen på rasisme, er det hudfarge, legning?

3i: Det er vel meir diskriminering, også rasisme er vel meir på ja sånn kultur og..

3j: ... er det ikkje hudfarge, seksuell legning, kva er det andre da..

3i: ... men det er jo, kvifor er seksuell legning noko under det?

3j: ... fordi du mobbar, du seier sånn der..

3i: ... eg trudde det bare var det å setje nokon i bås på ein måte eg.....

3j:... ja å setje nokon, ei gruppe i bås, og seie sånt som det er feil og bla bla bla....

3i:... eg trudde rasisme gjekk meir på sånn hudfarge og sånne ting eg.....

3h: ... ja sånn som rase...

3g: ... ja rase..

3i: ...jamen hudfarge er jo det same som rase då.

( fleire snakkar i munnen vanskeleg å tyde i ca 3 sek kva som blir sagt)

3i: Men kva er forskjellen på diskriminering og rasisme då?

3g: Det er sånn, hovudgruppa er diskriminering også er dei inndelte i ts ts ts ts ts ( viser lagdeling med hendene).

3i: Ja men kva er det som ikkje går innanfor rasisme då, av diskriminering då...

3g: ... rasisme er bare rase...

3i: ...kjønnsroller er blitt, viss det går inn under rasisme, og om, og seksuell legning då, og farge og kultur og...

3j: ... men kjønnsroller er jo ikkje seksuell legning då...

3i: ... jamen eg trudde dykk sa det i stad, at det blir sånn..

3j: .. nei vi snakka berre om seksuell legning...

I: Ja, du?

3a: Altså, diskriminering og rasisme er mykje same sak for at disk... , om ein diskriminerar på ein måte den personen for å vere korleis den er, og det er gjerne på grunn av utsjånad kan det vere, utsjånaden har mykje å seie for rasisme, nazisme, for kor du kjem frå, og det blir jo mykje det same som mobbing trur eg. Eg trur eigentleg det, eg meinat at viss du mobbar nokon så har du på ein måte, det er liksom ein på ein måte ein rasistisk tankegang, viss du skjønnar, det blir på ein måte, du gjer den same handlinga som du skulle ha gjort viss du, eh rakka ned på nokon med ein annan bakgrunn.

3b: Ja eller eg trudde at rasisme var diskriminering av andre...

( ja det trudde eg og seier fleire)

3b:... ja rasar eller andre folk på grunn av det.

Ungdommane viser tidleg til hudfarge, kultur og det å setje nokon i bås. Ein av ungdommane viser til at rasisme er knytt til rasar, som kan koplast til den klassiske rasismen. Andre viser til kultur og veremåte, i sitt forsøk på å definere rasisme. I alle diskusjonane verkar dei fleste samde om at rasisme er ei form for diskriminering. Fleire koplar rasisme til diskriminering av andre menneske basert på rasar, ein smal definisjon med andre ord. Ei stund ute i same diskusjon legg ein av ungdommane fram ei forklaring som kan forståast som kulturrasisme, sidan vedkommande viser til at eigenskapar hjå eit menneske vert mislikte av andre:

3b: Eller eg synast, eller eg har alltid tenkt at rasisme går over sånne større eigentleg, at du diskriminerar ein type folk på grunn av ein spesiell ting som du mislikar, for eksempel at dei har ein annan religion, eller tru, eg veit ikkje eller hårfarge, men det er litt sånn (ler) ekstremt.

3e: Raudhåra?

(latter)

3i: Ginger.

3b: At dei ikkje klarar å godta på ein måte kva dei andre, meininger, religion og det dei meinar, og viss man bare blir heilt sånn: ”Nei, det er bare teit og feil for eg meinar ikkje det”. At dei ikkje klarar å godta det på ein måte, då tenkjer dei litt sånn rasistisk, at dei ikkje har større, sånn, åh kva heiter det igjen, ja dykk skjønnar kva eg meinar.

(latter)

Ungdommane viser her til at rasisme og kan vere tydeleggjering av skilnadar mellom ulike grupperingar, som for eksempel at ein nyttar ytre kjenneteikn eller klesdrakt hjå andre menneske, som markør for kva som er skilnaden mellom oss ”og ”dei andre”. Tankegangen vedkommande refererer til her er knytt til etnosentrisme, og som neste utdrag viser så kan ei gruppe sine eigenskapar og skilnadar brukast som argument for kva ei gruppe kan, bør eller får lov til å gjere i samfunnet:

1c: Ja, viss du brukar det som eit skjellsord eller du brukar det som..... argument for at ein person ikkje skal gjere det eller det, så er det rasisme. Det er ikkje noko å snakke om i grunn.

Ein annan ungdom viser til at i diskusjonar kan også trekk ved for eksempel religion eller kultur, bli brukt for å dempe diskusjonen eller setje motparten fast:

1c: Gå etter hudfarge eller religion... viss du er i ein diskusjon så brukar du religion som argument...

1f: ...plutselig kan den seie: Du er ein sjølvormordsbombar.

Basert på denne utsegna om at religion kan fungere som eit argument i ein diskusjon, så treng ein ikkje med dagens nyheitsbilete tenkje lenge på kva religion vedkommande viser til. Ei slik

kategorisering av menneske med bestemde fellestrekk er oftast basert på andre kjelder enn direkte erfaring, og det skal mykje til for å endre dei. Når ein stereotypi vert gjenteken over lengre tid, kan den få eit fotfeste i storsamfunnet. Muslimar får her ein tilskrivne identitet som sjølvmordsbombarar. Diskursiv diskriminering er knytt til oppdelinga av omverda i kategoriane ”oss” og ”dei andre” og kan utvikle seg utifrå enkle stereotypiar som seinare blir brukt som klare skiljelinjer. Ungdommane hevdar vidare at rasisme må forståast som ei handling eller ein diskurs, og at tankar som ein held for seg sjølv ikkje kan sidestillast med rasisme:

I: Er rasisme noko ein gjer eller er det noko ein meinar?

2h: Både og, du kan gjere handlingar og du kan tenke eller ha tankar om det for å seie det sånn. Du kan tenke, for eksempel eg kunne ha sitte her og ”åh, jævla utlendingar liksom....(peikar på guttane)

(guttane ler rått) (fleire ler etter kvart)

2h: .... Men eg hadde ikkje liksom vist det, sant eller sånn når dei kjem så berre :  
Hmmm (spelar overlegen)

(Latter)

2e: ..... (2h), da.

2h: Eller eg kunne sagt stygge ting: ”jævla utlendingar, pell dykk vekk eller...(ler) nei da eg er glad i deg (smiler til 2e)

I: (ler) Skal vi sjå, kva vil du seie?

2l: Det er begge deler, det vil seie det same som ho sa. Altså rasisme er ein ideologi, også er det opp til deg om du vil utføre den ideologien i praksis. Sånn som i USA så var det jo bussar, der kvite måtte sitte og svarte stod. Og i Apartheid i Sør Afrika, så var det jo delt svart og kvit, det var jo handlingar det var jo noko dei gjorde. Og sånn er det, trur eg og, vi behandlar jo folk etter kva vi trur er rett, handlingar, tanke og sjølvsagt samanheng.

I: Ja, skal vi sjå nokre fleire kommentarar på det?

2g: Eg trur at det er veldig stor forskjell mellom om du gjer det i handling eller om du tenker det. Det er nok mange som, viss dei går ein kveld og er aleine og møter ein stor gjeng med mørke, så kan du lettare tenke at du bli redd eller du på ein måte får negative tankar i hovudet med ein gong du ser dei, men det betyr ikkje det at du trenger å gjere noko i handling, for det er veldig veldig stor forskjell på dei to tinga, om du tenker det eller om du gjer noko i handling.

Ein av ungdommene påpeikar her at det er ditt eige val om du vil utføre ideologien i praksis eller ikkje. Rasisme blir her framstilt som noko ein er bevisst på, som noko ein kan velje om ein vil utføre eller ikkje, medan skepsis til andre på grunn av utsjånad vert godteke, så gjerne du ikkje gjer skepsisen til ei handling. Alle gruppene meinte at det var skilnad mellom å tenke rasistiske tankar og å setje dei ut i handlingar i form av utfrysing, tale eller for eksempel vald. Skilnaden mellom det å tenke og å utføre går på at eins eige tankesett, om ein held det for seg sjølv, ikkje skadar eller krenkjer nokon andre:

1c: Så lenge det ikkje går utover nokon. Så lenge det ikkje går utover meg at for eksempel ein norsk person tenkjer noko stygt om meg, så går det heilt fint, Kvifor skal eg vere sur for at ein annan tenkjer at.. eeh.. eg er utlending, eg kan ikkje ha noko imot det, det må jo vere heilt greitt.

Vedkommande viser her til at det må vere lov å mislike andre menneske på grunn av for eksempel nasjonalitet, så lenge ein ikkje viser denne misnøya til omverda. Ungdommene viser og til at vi alle kan ta eit val om ein vil vere med på å og gjennomføre rasistiske handlingar eller ikkje. I alle gruppene vart det vidare diskutert at dei som gjennomfører rasistiske handlingar oftast opptrer i grupper, og at slike handlingar oftast krev støtte frå dei rundt deg:

3e: Ja altså eg trur at man opptrer i grupper, for det er sånn at, eg har prøvd å komme til det tidlegare i dag, sånn halvvegs, at det at man blir meir gruppa enn seg sjølv, og at viss man då har ein leiar eller nokon som er skikkeleg rasistisk, og du berre synast at innvandrarar ikkje er så hyggelege, så endar du opp med ei gruppe som går mot andre menneske.

3j: Det var mykje det eg tenkte, det som ... ( 3e) nettopp sa, fordi at det er ofte veldig sånn at viss ein er aleine så tør ein kanskje ikkje å gjere så mykje med det, ein kan godt gå med rasistiske tankar , men ein tørr ikkje uthykkje dei så mykje enn viss man er i ei gruppe, så når man er fleire så klarar ein å byggje kvarandre opp og...

3a: .. følgje leiaren..

3j:.. ja byggje kvarandre opp og så gjerne utføre rasistiske gjerningar eller handlingar og så vidare.

3h: Ja det var jo litt det same eg tenkte på då, men det blir jo veldig sånn når du er i ei gruppe, du blir jo påverka av dei andre og det blir jo på ein måte sånn at viss ein gjer

det så er det lett at alle andre gjer det, sidan han på ein måte er hovudleiaren eller det er på ein måte det som gruppa seier er det rette, også gjer kanskje du og det og følgjer etter sjølv om du kanskje meinar noko anna personleg.

Ungdommane viser til at ei gruppe kan gje ei kjensle av å høyre til, samstundes som grupplementaliteten kan få deg til å gjere ting du elles ikkje ville ha gjort. Ein tek til seg roller med forventa vere- og handlemåtar, og handlar utifrå gruppa sine preferansar, uansett om dei er i samsvar med eins eigne eller ikkje. Gruppedynamikkar som bærer fram rasistiske handlingar, vert av ungdommane kopla til yngre menneske som lagar eit skilje mellom "oss" og "dei andre". Eldre menneske er meir individuelle i sine handlingar og treng difor ikkje noko gruppe rundt seg, dersom dei ynskjer å ytre seg om sitt syn på innvandrarar. Ein av ungdommane har opplevd korleis eldre kan ta opp denne kampen aleine på vegne av eins eiga gruppe eller kollektiv:

2b: Eg synast det er mykje eldre folk som, sidan eg har opplevd noko sånt da. Men altså eg skulle gå rundt å levere sånn der lottogreier frå fotballaget, og eg var innom veldig mange, så plutselig ringer eg på, så opnar ein gammal mann, også først såg han på meg, og ville ikkje svare noko om han vil ha eller ikkje. Det første eg hadde sagt var at eg kommer frå det fotballaget og eg skal selje lotto til deg. Han berre såg på meg i nokre sekundar, så sa han: "Kvífor i helvete kan du ikkje dra tilbake til landet ditt?" Eg berre "whaaaaat".

( latter)

2b: Det var heilt nytt for meg.

2h: Kva sa du da?

2b:"Kvífor i helvete kan du ikkje berre dra deg tilbake, der du er frå". Eg berre "eh eh", eg " har", "har du", "har du noko med det å gjere?" Han berre: "Ja, eg hatar sånne som dykk".

(Latter)

2b: Så eg berre: "Det er greitt, viss du ikkje vil ha lotto, så sikker eg frå staden". Eg gadd ikkje stå der, også...

2d: ..men du..

2b: ....det hadde eg aldri opplevd før...

2d: .. det der er heilt sjukt utbreidd, sånn som...

## **4.2. Rasisme og framandfrykt.**

*"Men eg meinar det at du treng ikkje vere rasist sjølv om du er kritisk"*

Ungdommane snakkar og om at det finnast grader av rasisme, som for eksempel eit skilje mellom rasisme og framandfrykt, der framandfrykt vert forstått som ein mildare form for rasisme:

3e: Ja sånn som eg tenkjer på det så er eigentleg framandfrykt ein svakare form for rasisme , altså du går ikkje ut i handlingar du er berre , du er liksom berre der og seier at eg likar ikkje desse her innvandrarane eller dei er litt sånn kriminelle og sånn tvilsomme. Altså eg tur at, framandfrykt det er veldig mykje av det i Norge, ja altså meir framandfrykt enn rasisme.

Distinksjonen mellom desse to omgrepene blir av ungdommane forklart som skilnaden mellom det å handle og det å tenkje. Skiljet ungdommane legg fram er knytt til skepsisen for det ukjente, som kan utvikle seg til seg til rasistiske ytringar eller handlingar, noko dei to siste sitata frå intervjuet viser. Negative tankar og skepsis til innvandrarar vert ikkje nødvendigvis forstått som rasisme. Ungdommane forstår i dei fleste tilfella rasisme som uakseptable handlingar, medan framandfrykt kan samanliknast med fordommar mot det uvanlege eller ukjente. Eit anna viktig omgrep som ein av ungdommane koplar til framandfrykt og rasisme, er etnosentrisme:

2l: Rasisme, eh det delar folk, menneske inn etter rase. Eh, du skil mellom rasisme og etnosentrisme og framandfrykt. Det er kanskje, rasisme er ikkje så utbreidd i Noreg i dag, men etnosentrisme og framandfrykt det er vel meir av kanskje.

Rasisme får i dette eksempelet direkte kopling til rase, medan framandfrykt og etnosentrisme blir framstilt som mildare former. På same måte som framandfrykt er knytt til skepsis til det ukjende, er etnosentrismen knytt til kjennskapen til sitt eige. Kunnskap om at skilnadene er naturleg eller mangel på denne kunnskapen, vert av ungdommane brukt som eit viktig argument for kven som er negative til innvandrarar og syner dette som framandfrykt eller rasisme:

3i: Ja det var eigenleg berre det, men eg trur det at eh at det går litt på at vi er meir opplærte vi, på skulen lærar vi om andre, vi har krl eller rel eller kva det heiter då , og lærar om alle religionar, og vi lærar på ein måte at det er , man skal ha på ein måte, man skal tenke at det er greitt å ha ein annan tankegang og at vi skal respektere kvarandre, så vi er opplærte med ein annan på ein måte, normer og tankegang og sånn som dette. Og eg trur at meir lukka stadar, det er jo mange sågne stadar i Norge, der vi har lukka stadar som har sånn, sånn som ... ( 3e) seier, som har framandfrykt og på ein måte er litt rasistiske trur eg då. Også eg trur at det går meir på at vi er blitt opplærte til at det er ok , medan andre som ikkje er det dei, eller eg trur at dei som på ein måte frå grunnen av har fått opplæring at det er ikkje noko greitt med innvandrarar, dei vil alltid ha ein type framandfrykt for innvandrarar, men dei som på ein måte alltid er blitt opplærte til at vi har ikkje noko imot innvandrarar, det er heilt ok, dei kjem aldri til å få framandfrykt eigentleg, sånn i botn og grunn. Sånn som for eksempel meg tenkjer jo menneske er menneske uansett tru, om han har ein annan hudfarge eller ikkje, så er vi akkurat, vi er bygd heilt maken bare kanskje nokre forskjellar ,men vi er likevel alle heilt make, vi er menneske.

Informasjon og kunnskap blir her forstått som viktige verkemiddel for å gjere omverda merksam på at skilnadar mellom kulturar, religionar og hudfargar ikkje er uvanleg, men derimot noko normalt. I eit av intervjuet nemner ein av ungdommane at det finnast ein skjult indirekte og ein open direkte rasisme. Den skjulte vert kopla til framandfrykt, eldre menneske, jenter og tankar. Medan den opne vert kopla til høgreekstrem rasisme, yngre menneske, gutar og handling. Rasisme bli av ungdommane først og fremst forstått som ulik behandling av menneske på bakgrunn av kva biologisk rase ein høyrer til, ein smal definisjon av rasisme. Ut i intervjuet viser fleire og fleire til at rasisme kan delast inn i ulike grader, der framandfrykt og etnosentrisme framstår som dei mildaste formene. Ungdommane gjenkjenner også rasisme som diskriminering eller negative holdningar mot ein person basert på hudfarge, kulturell bakgrunn, levesett eller religion, og ein kan difor seie at dei jamt over støttar seg til ein brei definisjon av rasisme.

#### **4.3. Rase, kultur og religion.**

*"Altså heile den vestlege verda har jo sett på muslimar som eit sånt der skummelt, farleg dyr som sprengjer seg sjølv i lufta etter det terrorangrepet."*

Den 21. august 2010 demonstrerte organisasjonen Stopp islamifiseringen av Norge (SIAN) på Festplassen i Bergen, og SOS Rasisme gjekk til motdemonstrasjon. Det var stor usemje mellom ledaren frå SOS rasisme og leiaren frå SIAN om kvar grensa til rasisme gjekk etter denne demostrasjonen. Leiaren i SOS Rasisme meinte at opprinnnet var eit brot på rasmeparagrafen, sidan bruken av ytringsfridom krenka nasjonalitet eller religion. Leiaren i SIAN kom med følgjande kommentar som motsvar: - "Islam er ikke en rase, derfor er ikke dette rasisme." Korleis ein definerar rase er avhengig av kva tankar individet har om betydinga av hufarge og andre fysiske trekk, når det kjem til å forklare ulik behandling på ulike arenaer. Fordommar mot muslimar kan ofte resultere i at ein ser på det muslimen gjer, som ein del av kulturen til vedkommande og ikkje eit personlegdomstrekk. Dersom ein muslimsk mann slår kona si, blir dette ofte forklart med at det er ein del av kulturen deira. Men skulle Larsen i naboleilegheita gjere det same, så ligg ansvaret på Larsen sjølv og ikkje den norske kulturen. Sett på spissen så blir kulturen til muslimen på denne måten avviket som forklararar kvifor han gjer det, fordi vald er akseptert i hans kultur. Larsen derimot blir sjølv avviket, sidan norsk kultur ikkje aksepterar vald. Ungdommane meinar at korleis ein forstår rasisme endrar seg til å gjelde kultur og religion framfor hufarge og rase, og at denne endringa ligg i rasismen sin natur:

3j:Eg trur kanskje at rasisme no går mindre på hufarge og meir på kultur, religion, at det ikkje er slik du er svart, du er kvit , du er rosa liksom. Men det er litt meir kultur og ja og sånne ting

3a: Eg trur ikkje det kjem til å vere sånn heilt, når du ser etter kvar generasjon som går så ser man bare, verkar det som det er mindre teikn til rasisme, men forsett trur eg ikkje at det blir sånn at det blir ein ende på det, for det kjem alltid til å ha sånne fordommar og eg trur at alltid at, alle menneske har fordommar mot, det er jo ting man er i mot sant uansett korleis vi menneske er så er det usemje i forhold til , ikkje berre altså i forhold hufarge men og i forhold til korleis tenkje og levemåten til forskjellige menneske.

Ungdommane meinar at rasismen endrar seg og verkar på ulike måtar i samband med endring i tid og nye generasjoner. Kulturelle og nasjonale skilnadar er her, sjølv om det er mindre

fokus på ulike hudfargar. Desse skilnadane vert likevel ofte forsterka, dersom ein kan kople fysiske kjenneteikn til skikken som skil seg frå det majoriteten ville ha gjort. Det finnast teoriar om at slike skilnadar mellom minoritet og majoritet vert svekka av ”blanda” ekteskap, men einskilde av ungdommane viser til at denne utviskinga ikkje finn stad. Vedkommande opplever at andre menneske brukar vedkommande sin hudfarge til å teikne eit bilet, som vedkommande ikkje kjenner seg att i:

3k: Det er kanskje, eg er jo norsk, eg ser på meg sjølv som norsk og alle som kjenner meg tenker på meg som norsk, mamma er norsk og besta er norsk og alle er norske, og så har min pa, min far budd i England i heile sitt liv også i Norge, men han er opprinneleg frå ....( land i Asia), dykk ser jo det ( ler).  
( latter)

3k: Så alle eller veldig mange som er sånn halvt halvt, eg veit ikkje om du og er det ( peikar på 3b)

3b: Ja

3k: Ja og viss nokon seier noko sånn som: ” .....”( kallenamn direkte knytt til nasjonalitet) til meg sant, eg skjønnar jo ikkje kva dei meinar..  
(latter)

3k: .. jamen og dei vil jo kanskje litt sånn, jamen det er jo arti, sant men eg er jo ikkje .....( nasjonaliteten), eg har jo ikkje noko forhold til ... ( landet), men då kan folk setje deg i bås utan å vite kva dei snakkar om, og same med det der, liksom du skjønnar kva eg meinar.

3i: Ja eg skjønnar kva du meinar.

3k: Utan å eigentleg vite kva dei snakkar om, for det er jo det du føler, som er riktig.

Den sosiale delen av identiteten, som vedkommande blir sett i av personane som viser tilbake til vedkommande genetiske opphav, passar ikkje overeins med den personlege identiteten, som vedkommande sjølv plasserer seg i. Ytre kjenneteikn framleis er eit verkemiddel for å setje andre menneske i bås. Ein av ungdommane meinar at ein vil sjå mindre og mindre av dette etter kvart som fleire etnisk norske barn veks opp med barn med innvandrarbakgrunn:

2g: Det som eg trur er at generasjonar etter oss på ein måte vil bli betre for då veks folk opp, barn veks opp med fleire mørke. I barnehagen dei lærar liksom at, for at når dei er så små sant så har man ikkje fordommar, når man er så veldig liten. Og då er det

så normalt gjerne i barnehagen at det er mange barn som er mørke, og sånn er det bare. Og når du veks opp då, så har du vekst opp med mørke gjerne heile livet, sant og då har du hatt dei rundt deg, då blir det meir normalt og det blir ikkje like mykje mobbing og rasisme, når du blir eldre på skule og sånt.

2h: Det blir liksom meir vanleg i livet.

Vedkommande viser her til at rasisme hovudsakleg er knytt til det "unormale", det som ikkje er samanfallande med det "normale", for eksempel nordisk lys hud. Eksponering for det "unormale" vil over tid gjere det "normalt". Dei fleste konfliktar basert på rase og kultur, er hovudsakleg knytt til konfliktane mellom "oss" og "dei andre", og desse konfliktane oppstår som ein reaksjon på kampen mellom ressursar og tilgang på desse. Fysiske skilnadar mellom menneske har alltid eksistert og vil alltid eksistere, men det er meinings ein legg bak skilnadane som er avgjerande for diskriminering og rasisme. Rase har blitt brukt i samband med den klassiske rasismen, og har difor fått ei negativ tolkingsramme, på grunn av den vestlege verda sine ugjerningar mot andre menneske. Ordet har blitt negativt sidan det har vert brukt om dei som ikkje er kvite europearar og ikkje om europearane sjølve.

#### **4.4. Bruken av omgrepet rase.**

*"Eg har hørt om base, men ikkje rase"*

Ingen av ungdommane brukar omgrepet rase til anna enn å forklare rasisme. Rase er for nokre av ungdommane med innvandrarbakgrunn eit ukjend omgrep, noko som stemmer overeins teoriar som viser til at rase er eit vestleg omgrep. Andre meinat at rase er eit utdatert ord og at ideen om rase er dum, uforståande og gammaldags:

3i:Ja det går eigentleg på det eg føler, altså sånn som.. (3e) seier, eg kan seie det i ein samanheng der vi på ein måte brukar alle, at alle er kvar sin rase på ein måte, alle går innanfor den kategorien, men viss det blir sånn spesifikt du er din eigen rase, eg er min eigen, så føler eg at det blir diskriminerande og frekt og stygt å seie det, fordi eigentleg så er jo, menneske er jo menneske uansett kva for hudfarge ein har, så er alle menneske. Eg synast det er eit stygt ord fordi det kategoriserar nokon som annleis frå andre på ein måte då...

3b:... det må ikkje vere det då...

3i: .. men eg forbinder det med negativ, altså tanke.

3b: Men det treng ikkje vere negativt då.

3i: Nei, når eg tenker i eit større perspektiv er det greitt , men når eg seier for eksempel....( 3b) du er din eigen rase eller ikkje din eigen då, men liksom du er ein annan rase, så synast eg at det er ein negativ ting å seie, eg synast det liksom rakkar ned på andre, for då virkar det som eg sjølv på ein måte, okei så det er på ein måte, eg veit ikkje. eg synast berre det er stygt å seie.

I: Skal vi sjå.

3b: Men eg tenkjer,( kremt). Litt med det når eg sa det med hunden, og det var akkurat sånn som dei seier no, det er som å rakke litt ned, eg føler at det går an å bruke på dyr og sånn, men så føler ein at ein ikkje kan bruke det på menneske, fordi ein bruker det på dyr og forbinder det med dyr, og eg vil ikkje samanlikne dyr og menneske akkurat.

I: Skal vi sjå...., ( 3e)

3e: Ja men altså eg har ikkje problem med at, altså rasisme, problemet er ikkje at, det hadde ikkje blitt noko problem viss dei bestemte seg for at dei og dei er ein eigen rase og dei er ein eigen rase. Problemet ligg jo i at ein meinar at ein rase som er betre, over og betre . Så ordet rase er eigentleg ikkje eit problem, viss nokon hadde sagt at du er ein del av den ariske rase så hadde eg ikkje hatt noko problem med det.

3j: Sjølvsagt ikkje, for då hadde du vert høgt oppe..

3e: Ja i nazi- systemet ja( litt oppgitt i stemma).

Omgrepet rase har i mange år vert på agendaen i Norge og elles i Europa, diskusjonen har gått på om rase skal brukast som omgrep eller om det skal forkastast. Til trass for at ein har prøvd å fjerne rase frå den europeiske politiske sfærar, held rasisme framleis fram med å definere samfunnet i Europa. Eit anna problem med raseomgrepet er at ”kvite” europearar ikkje ser seg sjølve i rasekonteksten, men held fram med å plassere dei andre i denne. Grunnen til dette kan ligge i ideen om at rase berre gjeld dei som er ”farga”, og at omgrepet baserer seg på skilnaden mellom europearar og resten av verda. I eit av intervjuia fortel ein av ungdommane om opplevinga mora hadde når ho kom til landet, og orda ho brukar til slutt av forteljinga, kan koplast til det å sjå på alle kvite vestlege, som noko anna enn resten av verda:

2a: Ja, eg vil jo seie at eg trur det er veldig mange sånn vanlige folk som jobbar i som for eksempel butikkar og sånn som, mora mi er .....( Land i Vest Europa) og når ho kom til Noreg, heilt i byrjinga, så kunne ho ikkje snakke noko godt norsk, og når ho

var, då ville dei ikkje hjelpe ho i butikken , fordi ho ikkje snakka norsk og dei ville ikkje, så eg trur nok det er litt, **det er ikkje bare utlendingar.**

I dette tilfellet skapar ho eit skilje mellom ”kvite” innvandrarar frå vesten og innvandrarar frå resten av verda, som blir omtalt som utlendingar. Ei slik generalisering av kvite menneske kan koplast til at ein i vestlege kulturar ser på det å vere ”kvit” som normalt, medan dei som er ”farga” får stempelet utlending, eit omgrep som skil seg frå det normale. Denne tankegangen er mest sannsynleg bygd inn i samfunnet og i ei kategorisering av ulike innvandrarar vil dei vestlege høyre til ”oss”, medan innvandrarar frå resten av verda vert forstått som ”dei andre”. Innvandrarar frå heile verda kan ha stereotypiar og fordommar til den norske kulturen og veremåten. Ein av ungdommane viser til kva tankar ein innvandrarungdom kan ha til den norske kjernefamilien:

1f: Ikkje noko sånn rasistiske, eller eg har jo ikkje lyst å såre nokon og sånn, men viss du ser.. Eg har mange norske venner sant, men nesten alle av de har skilte foreldre. Og eit barn som har skilte foreldre sant, ser mammaen eller pappaen kanskje veldig sjeldan sant. Og etter mi meining og den bakgrunnen eg har sant, så må ein unge vekse opp med mora og faren, og har det trivelig der.

Framstillinga av den norske kjernefamilien slår her sprekker, og vedkommande vel å unngå det som er det ”unormale” for han og visar til at det er betre å ha ei kone med dei same verdiane som han har, som for han er det ”normale”. Han dreg eit skilje mellom si eiga gruppe ”oss” og ”dei andre”, i dette tilfellet nordmenn, når det gjeld korleis ein tek vare på familien sin. Ein annan ungdom påpeikar og at rasisme ikkje berre er eit vestleg fenomen, at det og finnast ulike grupper med menneske i andre land, som heller ikkje alltid går overeins med kvarandre:

1c: Det finns jo mange forskjellige grupper, du må ikkje tru at for eksempel i lat oss seie Irak og Iran og sånn. Det er ikkje bare to forskjellige typar muslimar, shia og sunni, det finnast mange kurdarar, vanlige arabarar, vanlig perser og vanlig, også mange små grupper. Dei er ofte rasistiske mot kvarandre og. Det er ikkje sånn det er bare arabarar som, det finnast mange små grupper.

I ei anna gruppe viser nokre av ungdommane til at ulike grupper av menneske ofte kjem i konfliktar med kvarandre og at dette ikkje berre gjeld norske rasistar og innvandrarar:

2k: Innvandrar og, og dei kan ofte vere, sånn der seie veldig mykje negativt om andre, andre liksom grupper av innvandrarar, det er ofte mykje, det er veldig mykje drittengleng....

2h... pluss at dei kvite er rasistar og..

2k: .. for eksempel kurdarar, eller persarar, indarar, dei to slenger ofte drit om arabarar.

I: Dykk meinat at det går litt sånn (vektskål), men er det sånn at innvandrarar er rasistiske ovanfor nordmenn eller er dei rasistisk ovanfor andre.

2k: Mest ovanfor andre. Eigentleg.

2b: for at dei, dei ...

2k: .. men det kan jo ha bakgrunn frå deira land for lenge sida og sånne ting og, sånn som arabarar og persarar, har krigsbakgrunn..

2i... eg tur det har mykje med det å gjere...

( mange seier ja)

2k: ..og det er ikkje alltid så seriøst, for at dei kan liksom kødde mykje med det og, alle saman eigentleg...

2g: Eg trur ikkje utlendingar i Noreg liksom seier jævla nordmann liksom sant, i Noreg, det er liksom meir på kødd i grunn, jamen dei kan liksom sånn for eksempel det er muslimar eller sånn religionar, sånn at det ikkje akkurat går på utsjånaden, då kan dei vere like gale dei innvandrarane.

Til tross for at det i alle tre diskusjonane vert hevdat at "alle" kan vere rasistiske, så er det ingen som hevdar at "innvandrarar" utøvar rasisme mot "nordmenn". Nokre hevdar at einskilde innvandrarar misbruksar omgrepet rasisme, sidan dei triggar fram rasismen sjølv:

3a: Eg trur nokon muligens, det blir kanskje litt stygt å seie då men, men nokre av innvandrarane legg litt opp til at dei er, at dei veit at dei, at dei kan spele litt på det der at viss dei vert kalla rasistiske ting så kan dei bruke det til sin positive, altså bruke det til sin vinning då. For eksempel det var ei sak kor det var ein innvandrar som berre gjekk inn og stjal frukt på ein butikk, så gjekk han ut også heldt han på å , butikktjuven å slå han då, og då seier han, også sa han , provoserte han , og prøvde å få han, butikksjefen skulle komme ut med nokre rasistiske ord, sant og det var jo det han

prøvde på heile tida, og han ville at han skulle slå han sånn at han kunne bruke det som sitt forsvar då, ja.

I: Ja( nikkar mot 3b)

3b: Det er jo mange som tar det mykje verre, viss ein snakkar med nokon som går på gata sant, eller som for eksempel nokre folk berre ropar til deg og du berre overser dei heilt ,og då nei, viss nokon er heilt fulle eller noko sant og viss det kjem for eksempel nokre sånne for eksempel utlendingar bort og berre svarar: ”Hei, tullar du med meg for at eg er mørk”, eller noko sånn, då tar dei skikkelig ille opp...

3i:.. dei gjer det rasistisk sjølv....

3b: ... det er sikkert fordi dei er van med litt, ja..

3i: Sånn viss eg seier noko stygt til deg, så seier du: ”Ja er det bare fordi er mørk i huda?” ”Nei det er bare fordi at du oppførar deg så teit”, sant, så det blir sånn, dei triggar fram rasismen sjølv.

## 4.5. Erfaringar med rasisme.

*”..når dei drikk så gløymer dei alt, og så berre kjem det ekte trynet liksom”*

Rasisme er ikkje mykje utbreidd i følgje ungdommane, men dei har nokre eksempel på hendingar som kan betraktast som rasisme for ein utanforståande. I ein del norsk forsking på rasisme har forskarane påpeika at innvandrarane vegrar seg for å bruke omgrepene rasisme og rasist om i hendingar som omfattar personen sjølv, eller at dei bagatelliserar hendingar som utanforståande kan forstå som rasistiske. Ungdommane i fokusgruppeintervjuet legg fram eit skilje mellom framandfrykt og rasisme, men det er ikkje noko skilje om dette gjelde dei sjølve eller andre. Termen rasist er oftare brukt, men dette kan komme av at framandfrykt vert sett på som ei mildare form for rasisme. Dei neste erfaringane, inkludert den med den eldre mannen som er omtalt tidlegare i kapitlet, kom fram i spørsmålet om kven ungdommane ser på som rasistar, og eg vil difor seie at dette viser at rasisten kan vere kven og kvar som helst. Ein kan ringe på døra og møte vedkommande, slik som han som møtte den gamle mannen, ein kan møte dei på byen:

2d:... jamen det er ikkje det som teller då ,det er min, meiningsa mi er at eg har møtt veldig mange folk når dei ikkje drikk, då oppfører dei seg på ein heilt annan måte. Den eine gangen så var vi gjerne sånn fem utlendingar som går midt i byen, alle var drita

full og vi møter ei gammal dame og ho var full ho og. Ho stoppar oss også seier ho: ”**DRA TILBAKE**”.

( latter)

2d: Vi kan ikkje gjere noko mot ho, ho er full ho og, eller eg var full, alle var fulle. Også står ho der bare i vegen for oss i ein halvtime og maste om dei der greiene, så kom sånn der fleire folk for å hente ho og bare baluba.

2g: Kor gammal var ho?

2d: Ho var sånn 40- 50 år, ho vart drita full og skjelte oss ut. Fire fem mannfolk som berre står sånn (rett opp og ned, med spørsmålsteign). Vi torde ikkje seie noko, for kvar gang fekk vi beskjed: ”Hold kjeft, No snakkar eg.”

Eller i sin eigen skuleklasse:

1b: Eg huskar sånn etter gammalt av, sånn i byrjinga då vi nett var kome til Norge, sant. Eg byrja i tiande klasse på skulen, også i byrjinga, dei ungdommane sant, eller eg kan jo seie gutar, dei byrja å kalle meg pakkis, og eg sa ikkje noko for eg kunne jo ikkje norsk, eg skjønte ikkje kva ein pakkis var. For å vere ærlig så visste eg ikkje kva det var, også byrja eg å snakke engelsk med dei. Ja, dei var liksom, då eg snakka til dei var dei snille, men dei byrja å baksnakke meg og kalla meg pakkis, han der pakkisen sa dei. Veka etterpå, altså det var skule og uti gangen som for eksempel her der var det benker, og når vi prøvde å ,eller i friminuttet når vi skulle til eit anna klasserom så spytta dei midt i vegen, er ikkje det rasisme. 14 –15 år gamle ungdommar liksom.

1a: Ja, det er sikkert, kanskje dei har hørt det av foreldra sine.

1b: Sikkert.

I: Trur dykk at det er noko ein lærer frå foreldra?

1b: Ja; 14, 13- 14 år gamle ungdommar eller gutar eller jenter byrjar å spytte midt på bakken.

1a: Det finnast kanskje foreldre som seier til ungane sine: Du må ikkje gå rundt med ein utlending, og ikkje gå med.. kanskje det finnast det, men du kan...

1e: Så det kan jo vere både familie og vennar.

I: Altså at du blir..

1g: Utlendingar er farlige, det er mange som seier det.

Nokre av ungdommane viser til at nordmenn sine negative haldningar berre er noko ein må akseptere, og dersom dei kjem frå barn eller eldre så er dei unnskyldt. Skuleelevane i denne

forteljinga oppfører seg rasistisk, men det verkar som dei blir unnskyldte, sidan fleire i gruppa meinar at det må vere foreldra som har lært dei denne oppførselen. Seinare fortel den same personen om korleis diskriminering på arbeidsmarknaden opplevast. I denne framstillinga av arbeidsmarknaden er vedkommande mindre unnskyldande mot dei som vert framstilte som rasistar, sidan dette er vaksne menneske med eigne meiningar:

1b: Ja, det er sant. Eg har skrive ned alt, når eg sendte den og kor eg sendte den som vakt, klesbutikk, varebutikk som kiwi, eg har sendt til alle dei, Eg har skrive ned alle, men eg fekk ikkje. Førre veke så fekk eg eit intervju på ein varehandel. Eg gjekk dit, og plutselig kom det min tur. Eg gjekk inn, dei såg berre på meg og spurte meg om eg hadde jobba før. Eg sa nei. Eg har jo ikkje jobba, eg fekk jo ikkje jobb med ein gang. Nei, beklagar vi har ikkje plass til deg, ut. Og ein eg kjenner som er norsk, han er naboen vår. Han gjekk med ei bukse med hull, slik ein har skjert opp sjølv, og fekk jobb med ein gang, sjølv om han heller ikkje har jobba i det heile teke. Ja, det som skjedde var at eg gjekk inn der igjen, eg klikket med ein gang. Han hadde ikkje CV. Han gjekk inn og fem minuttar etter på kom han, eg venta på han for vi skulle ta same bussen heim. Han skaffa seg jobb med ein gong utan CV

1f: Hadde han jobba før da?

1b: Nei, hadde ikkje jobba i det heile teke.

I: Men vil dykk definere det som rasisme

1b: Ja (nærast oppgitt i stemma, eller at det seier seg sjølv). Ja det er det. 246/ 250 søknadar og eg fekk berre eit jobbintervju, i førre veke, på tysdag.

1f: Det der har jo eg opplevd mykje.

## 4.6. Oppsummering av funna knytt til rasisme:

Ungdommane kjenner igjen rasisme, som diskriminering basert på etnisk bakgrunn, hudfarge, kultur, rase eller religion. Omgrepa framandfrykt og etnosentrisme er også ord som vert nytta for å forklare fenomenet. Dei hevdar at det finnast skiljelinjer mellom open og skjult rasisme, der dei omtalar den opne som rasisme og den skjulte som framandfrykt. Gruppene er og opptekne av rasisme opp igjennom historia og har eigne tankar om korleis framtida vil bli.

Ungdommane meinar at ein kan bli utsett for rasisme overalt, men at det på nokre arenaer og område er meir sannsynleg å oppleve rasisme.

Når ungdommane vert bedne om å forklare kven som er rasistar, seier dei fleste at dette kan vere kven som helst. Det er likevel ein skilnad på det dei kallar den ”skjulte rasisten” og ”den synlege”. ”Synlege” rasistar opptrer ofta som grupper og består av yngre menneske. Den eldre garde blir forstått som meir rasistiske enn den yngre, sidan dei unge veks opp med og har meir kjennskap til innvandrarar sidan dei er deira leikekameratar frå ung alder. Eldre rasistar er ofte ”skjulte” rasistar i og med at dei ikkje alltid viser det direkte til innvandrarane med kommentarar og utfrysning, men heller generelt er skeptiske til det ukjende og stemmer på politiske parti som ynskjer mindre innvandring og meir integrering.

## **Kapittel 5: Ord som våpen, kampen mellom ”oss” og ”dei andre”.**

Dette kapittelet tek for seg maktkampen mellom ”oss” og ”dei andre”, på både mikro- og makronivå, og korleis dette påverkar mengda av rasisme i samfunnet. I den første delen av kapitlet forklarar ungdommane kvar grensa mellom spøk og alvor går og kva som avgjer kven som kan delta i spøkar. Det blir også fokusert på kva betyding gruppetilknyting har for dette fenomenet, og i kva kontekstar det er godteke eller ikkje. Ungdommane tek og opp generalisering, der ein får stempelet innvandrar, muslim eller utlending, og korleis dette verkar inn på individet. I den andre delen av kapitlet viser eg til kva stereotypiar ungdommane meinar media presenterar av innvandrarar, korleis dette påverkar skiljet mellom ”oss” og ”dei andre” og kva påverknadskraft media har på korleis ein oppfattar innvandrarar når det gjeld alder og kvar ein bur i landet.

### **5.1. Ord med ulike tolkingsrammer.**

Grensa mellom rasisme og vennskapleg vennekalling er tynn, og det er vanskeleg for utanforståande å oppfatte kvar denne grensa går:

1b: Det som eg synest er at det er to typar rasisme. En er heilt vanleg og en er uvanlig. For eksempel vanlig, for eksempel dersom eg er utanlandsk og har en venn frå Norge eller frå et anna land, også mobbar vi kvarandre eller seier noko dritt.. så er rasisme heilt fint, for vi er venner, vi forstår kvarandre kva vi meinar, det var ikkje meininga liksom eller det er jo bare tull. For eksempel folk som er ukjente eller når dei seier det, så klikkar vi.

Ein uskuldig vits kan på same måte såre sjølv om dei ikkje er direkte retta mot personen sjølv, men fellestrek som ein delar med andre i gruppa, som majoriteten plasserer deg i:

3g: Og sånne ting som eg har opplevd sjølv. I fjar var eg utvekslings elev i Norge, og dei i klassen min, dei visste at eg hadde foreldre i frå.....(land i Aust Europa), men dei var veldig glade i å tulle om folk som kom frå Polen, Russland og rundt omkring,Aust Europa. Og eg, men eg tok det veldig sånn personlig, eg lukka meg veldig veldig inne , snakka ikkje med klassen ,ikkje i det heile tatt sant, var stille heile tida, for det, eh for eg begynte å tenkje dei likar ikkje meg, eller ble veldig mot sånn, hadde ikkje lyst og opne meg og gjere ting med dei. Men sånn no, eg veit at

kanskje folk som, dei synast det er veldig morosamt å tulle, og dei seier sånn som heia Norge, kor teit at du er det, og så vidare, det var veldig sånn, eg tok det veldig personleg, når nokon snakkar om folk som er frå Polen og ler av dei og eg er frå .....(heimlandet) sjølv, så eg synest det er teit då, eg er kanskje veldig sensitiv av og til , men sånn....

På same måte som ein møter stereotypiar i kvardagen i interaksjon med andre, så påpeikar ungdommane at media og opererar med stereotypiske presentasjonar av ulike grupper:

3i: Ja eg trur at rasisme har på ein måte har blitt større enn kva det kanskje opprinneleg har vert , på grunn av det... ( 3h), sa i stad, at nokon meinar noko om nokre andre og då påverkar andre. Sånn for eksempel det med media då, at vi tenkjer viss for eksempel ein italienar då gjer noko forferdeleg i Oslo, så tenkjer vi kanskje at alle italienarar er sånn, så det er jo, kanskje det at vi påverkar kvarandre til å bli rasistiske då.

3a: Det kan og vere i positiv grad, for viss du ser, ser for eksempel på kenyanarar som spring, så tenkjer du at alle kenyanarar er gode til å springe.

( Latter)

3i: Det er jo heilt forferdeleg da, eit heilt forferdeleg sånn eksempel, men for eksempel polakkar...

3g...Ja.

3i:.. alle tenkjer at dei er så flinke til å jobbe og derfor vil ha polakkar til å jobbe for seg. Det er jo heilt forferdeleg.

( fleire seier ja)

Det å vere ein del av ei gruppe er ein naturleg del av det å vere menneske, sidan gruppa gjev ei kjensle av samhald og tryggleik samstundes som gruppa sine verdiar og normer legg føringar på eins eigen identitet og handling i og utanfor gruppa. Ungdomsgrupper er sett saman av vennar og jarnaldrande, som utviklar ein spesiell relasjon der likeverd og samhandling står i fokus . I alle grupper har gruppemedlemma ei forståing av kva personar som høyrer til eins eiga gruppe og kven som er utanforståande. Dette antagonistiske forholdet grupper brukar for å skilje mellom ”oss” og ” dei andre” er og eit verktøy for gruppa og individet når det gjeld å definere seg sjølv(Lalander & Johansson, 2007: 32). Ord og utrykk

kan bere med seg både negative og positive tolkingar, alt etter kva tolkingsramme gruppa eller individet nyttar for å tolke det som vert sagt.

To av spørsmåla i fokusgruppeintervjuet var knytt til ord og namnekalling og ungdommane vart difor bedne om å skrive ned ord eller uttrykk som dei sjølve såg på som rasistiske på ein lapp som eg samla inn. Tabellen nedanfor viser kva for ord og omgrep som vart skrivne ned på lappane og kva for nokre ord som kom fram i intervjuet:

<b>Nedskrive</b>	<b>Muntleg</b>
(jævla) Pakkis	Neger/nigger
Ape	Dei kriminelle innvandrarane
Jævla neger, kom deg tilbake til landet ditt	Dra tilbake
Jævla utlending, dykk stel jobbane våras, dykk øydelegg alt	(jævla) Muhammed
(forbanna, jævla) Neger/ nigger	Ali Baba
Dykk har ingenting her å gjere Brenn i helvete din jævla utlending	Degos
Svarte faen	Bruning
Innvandravskum	Brunost
Parasitt	Kan ikkje du vere betre enn dei utlendingane?
Skittent neger avkom	What's up neger
Mudblood	Sjølvmordsbomber
Jævla polakk	Pakkis
Jævla skitne misfoster	Utlendingar er farlige
Har du lagt litt for lenge i dritt?	Kebabpakk
Jødefaen	Salat
Kristenjævel	(jævla rasistiske) Potet (om nordmenn)
Din stygge jøde	Riskokeren
Din jævla nigger. Å kalla deg eit dyr er ei fornærming mot dyret. Du er Guds feil og tabbe og høyrer ikkje heime på denne jorda.	Svart, farga, mørk
Outsider	

Lista er ikkje noko koseleg lesing, men nokre av desse orda blir faktisk brukt mellom vennar og nokre seier at det er gjensidig respekt som gjer det mogleg å bruke dei, medan andre ikkje vil bruke dei på grunn av nettopp respekt. Nokre av orda på denne lista er ord som kunne tolkast rasistisk på same tid som det fungerar som eit kallenamn mellom vennar:

Neger/nigger, pakkis, riskoker, salat, potet og potetgull. Dette er ord som i nokre tilfeller blir brukt mellom ungdom når dei helsar på kvarandre og kommuniserar i sine eigne vennegrupper. Dei etnisk blanda vennegruppene som bruker desse orda, brukar orda for å styrke samhaldet, i følgje ein av ungdommane. Neger/ nigger og pakkis er ord som dei fleste har kjennskap til og som kan knytast til fysiologiske kjenneteikn hjå nokre menneske. Potet, potetgull og riskoker er i all hovudsak ord som assosierast med mat, men i desse tilfella ligg det ei historisk forklaringsramme bak ordet:

1d: Dei som ikkje er frå Norge kallar nordmenn for potet.

I: Potet?

1e: Det skjønner ikkje eg heller, viss dei har skall på seg så..

1b: Eller det som eg hørte..

1f: Potetgull

1b: ...eg spurte ei eg kjenner om kvifor vi kallar nordmenn for potet, og ho kjenner mange frå før så det er heilt greitt for ho: Kvifor kallar vi deg for potet, og ho sa fordi vi var bønder i gamle dagar, og vi dyrka poteter

I: Ok

1b: Ja derfor kallast dykk poteter.

1f: No når vi er litt meir internasjonale sant, då folk som kjem frå Kina, Thailand og litt sånn, så kan vi seie: Få med han der riskokeren på fotballtrening då.

(Latter)

Det som er spesielt med denne namnekallinga er at etniske nordmenn, som stort sett vert referert til som nordmenn utan ”rase” og ”kultur”, dersom ein ser vekk frå konfliktar der dei kan bli omtalt som jævla nordmann eller rasist, også får eit kallenamn som peikar tilbake den norske kulturen, potetdyrkings. Potet har på same måte, som neger og nigger, ei dobbel betydning sidan ordet kan brukast for å tiltale eller omtale vennar, eller setje ei gruppe menneske i bås:

1d: Ja for eksempel. Dette er eit eksempel på folk nede i byen sant. Det går ein norsk mann, han har røyk på seg, også kommer det ein utlending: Kan eg få bomme ein røyk? Eg har ikkje, nei eg har lite igjen, eller nei det var den siste. Så går han litt vekk også: Jævla rasistiske potet, og sånt.

(Latter)

## 5.2. Rasisme eller venskapleg moro.

*"Vi er litt rasistar alle saman."*

Setninga over kom fram under eitt av intervjeta, og speglar fenomenet godt. Her er det ikkje snakk om at vi alle er rasistar, men at utsyn som vert rekna som rasistiske i utgangspunktet kan bli brukt av alle i ein vennegjeng, dersom dette er vanleg praksis i gruppa.

Gruppepraksisar er viktig for å styrke samhaldet og tilliten i gruppa, men denne namnekallinga har både tilhengjarar og motstandarar, felles for dei alle er at dette er eit spørsmål om respekt. Kallenamn kan vere eir bevis på respekt og vennskap.

1b: Det som eg, poenget mitt var for eksempel når vi er i gjengen utanfor skulen, innanfor skulen, for eksempel dersom dei kallar meg med namn så kallar eg dei med namn, og viss dei kallar meg med kallenamn, så lagar eg eit kallenamn. Det går heilt fint, det er som ein måte at vi kan sjå og veit at vennskapen er der med ein gong, der vi veit eller kjenner. Det som vi seier har ikkje noko meining liksom , det er berre for tull

På same måte kan respekt vere grunnen til at andre ser på dette som ein unødvendig praksis:

1a: Nei, altså det er jo forskjell på folk. Eg er ikkje sånn vil eg seie. Det han seier, eg har ikkje hatt sånne eg, eg vil ikkje seie det på grunn av alt for mykje respekt til alle kompisane mine, om dei er norske, om dei er utlendingar, kven som helst. Ingen har kalla meg heile livet mitt, sjølv om eg har budd her i fire år har ingen kalla meg nokre stygge namn, og eg kallar ikkje dei heller, same som han sa(nikkar mot 1c).

Bruken av orda kan mellom anna forståast som ei form for grensetesting innanfor gruppa og opp mot andre grupper. Presentasjonar av deg som individ eller gruppemedlem er med på å avgjere korleis andre ser på deg. Dersom ein sjølv eller gruppa opplever ein negativ andrepresentasjon, der eit anna individ eller ei gruppe fremtar seg sjølv ved å trekkje den

andre ned i form av diskriminering, kan denne presentasjonen forplante seg vidare i samfunnet. Ungdommane meinar at omgrepene neger i seg sjølv ikkje er eit negativt ord, på same måte som rase, men at historia og misbruket av ordet har gjort det negativt:

3a: Eg trur det har mykje med, altså ordet neger er eigentleg ikkje eit stygt lada ord, det er liksom at det har over lengre tid, så har folk, det er akkurat som dykk seier, ordet har blitt misbrukt. Sånn det er akkurat sånn som at vi kvitingar, det er ikkje noko stygt å seie, men viss det hadde vert motsett så hadde kanskje vi og tenkt at kvitingar var eit skjellsord. Det kunne ha vert akkurat det same.

3k: Eg føler på ein måte at det ordet har blitt brukt opp, akkurat som, altså eg viss nokon hadde kalla meg neger, til meg sant, så hadde eg reagert for det har blitt brukt i negative samanhengar, og rase har blitt brukt i negativ samanheng, som i andre verdskrig og apartheid og sånn. Og då føler eg ikkje at, no plutseleg bare ja no er andre verdskrig ferdig og apartheid ferdig så no kan vi begynne å bruke det ordet igjen, utan at folk skal reagere.

Ungdommane viser til at historia til omgrepene er tungt belasta. Å bli stempla eller definert som neger i det offentlege rom kan føre til ei objektivisering, der bestemde fysiske eller kulturelle kjenneteikn avgjer kven som kan rekna som neger. For å yte denne objektiviseringa motstand kan ein endre gruppa sitt interaksjonsmønster i det offentlege rom for å krevje rettferd og gjere eit forsøk på å omdefinere eller endre posisjonen til dei som er stempla. Dette kan best gjerast ved at ein får makta over ordet neger. Ord som opphavleg har vert sett på som diskriminerande, kan bli brukte humoristisk for blant anna å bekrefte at gruppemedlemma har respekt for kvarandre. Det å bruke humor og vitse meinar ungdommane er viktig så lenge ein ikkje går inn for å fornærme andre. Samstundes er det også viktig å nytte litt sjølvironi og ikkje bli fornærma av alt ein høyrer, men det er ikkje alltid lett å vite kva ein kan seie:

3b: Det er jo lettare for utlendingar å ikkje bli mobba viss dei har sånn sjølvironi på ein måte, bare eg veit at bla bla bla og tullar litt med det og sånn, då ser dei andre at dei kan vere vennar med han og slappe av utan at han føler seg sånn og sånn med ein gang, nokre føler seg trua heile tida og viss dei bare hadde slappa av og har litt sjølvironi, så kanskje dei kommer lettare inn i det, det er i alle fall det eg trur.

3a: Eg trur kanskje mange har denne følelsen av at dei er usikker på kva dei skal seie liksom, oi no heldt eg på å seie noko, altså mellom to kvite menneske også er det ein svart ein som er med, då blir det feil, du er redd for kva dykk kan seie i forhold til kva han, altså kva den andre parten skal tru då, du blir sånn veldig fokusert på å vere forsiktig med kva du seier, og det er sånn som ho seier så må du vere litt sjølvironisk og klare å ikkje bry deg så veldig mykje, spesielt når det er sånn mindre ting som eigentleg ikkje er heilt, det er ingen, det harmar ingen liksom, då bør man ikkje ta det for å vere ein rasistisk tanke.

Eit ord kan verke harmlaust i ein kontekst, men gjere stor skade i ein annan. Diskursiv diskriminering er eit godt eksempel på korleis ord som i utgangspunktet ikkje vert sett på som rasistiske eller negative, kan utvikle seg til å bli det. Konteksten orda vert brukt i og meiningsinnhaldet som vert tillagt ordet i konteksten avgjer korleis ein forstår ordet. I Norge så kan for eksempel omgrep som tamil, muslim, somaliar og polakk, få fram negative assosiasjonar dersom omgropa ofte knytt til ord som for eksempel kriminell. Ein person sin identitet har, som tidlegare nemnt to dimensjonar, den personlege og den kollektive. Den kollektive identiteten markerar kulturelle skilnadar og felles kjenneteikn, som er spesielle for gruppa ein blir plassert i. På denne måten kan for eksempel ein polakk assosierast med noko negativt som for eksempel kriminell, og dersom ein ikkje kjenner ein polakk personleg eller har kunnskap om polakkar, så vil ein gjerne trekke saman desse to omgropa. Omgrepsparet svart og kvit er lite brukt i Norge, men i gruppdiskusjonane kom omgrepsparet opp fleire gongar, men det var stor usikkerheit om det var legitimt å bruke det:

2h: Sånn som når vi snakkar om kva ord vi vanlegvis brukar, så synast eg det nesten er litt rart å seie liksom svart og kvit, altså vi sit her og snakkar om liksom, skjønar dykk kva eg meinar, vi sitter her og seier, ja dei svarte og dei kvite og, eg er ikkje van med å dele inn på svart og kvit for å seie det sånn. Så eg føler av og til når eg skal snakke så seier eg ”kan eg seie svart, kan eg seie eller liksom kan eg snakke sånn? Skjønner dykk kva eg meinar?

(fleire av gutane ler og seier ja i kor)

2g: Det er liksom mange ord som er tabu å seie, du skal liksom ikkje nemne dei og du må vere veldig forsiktig, fordi det går jo an å såre og støyte nokon, medan for andre er heilt, dei bryr seg ikkje om det

2h: Ja, sånn som i USA så var det, så sa jo dei svarte, dei sa jo liksom nigger og sånne ting til kvarandre, men viss ein kvit ein så det til ein av dei svarte, då kunne dei bli sinte sant. Det var viss du var god kompis med dei eller noko sånt, så kunne du seie det, men eg visste eigentleg ikkje heilt. Det var så, eg klarte, dei sa jo det heile tida, men viss eg hadde sagt det så trur eg dei faktisk hadde ledd, fordi at eg ikkje kjem der i frå. Men viss eg hadde sagt det ofte og gjentatt det, så trur eg dei hadde blitt litt sånn : "hey, no helde det liksom."

(gruppa ler)

Kategorien black eller svart har lenge blitt brukt om amerikanarar med røter i frå Afrika, og den har historisk sett blitt kopla til negative assosiasjonar som død, synd og vondskap. I nyare tid har dei som blir kategoriserte som svarte, teke til seg omgrepene seg og endra betydinga. Black er no i større grad assosiert med black pride, som viser til positive eigenskapar som gruppa sjølv kjenner seg att i. Innverknaden afroamerikanar har hatt på den globale ungdomskulturen har gjort til at omgropa black og nigger i større grad vert brukt i andre delar av verda. Konteksten, ordet og dei tilgjengelege tolkingsrammene er med på å bestemme om noko er negativt. Ord som i utgangspunktet vert sett på som nøytrale, men som vert kopla til grupper som ofte vert utsett for diskriminering vil etter kvart få ein negativ verdi. Ein av ungdommane viser til at når ein tilskriv andre identitetar, så er reaksjonen frå den stempla avhengig av kven som uttalar seg, kven som vert omtala, kva ord som vert brukt og i kva situasjon og kontekst dette skjer i:

3i: Jamen det er jo sånn det er, ja det ser du på sånn for eksempel på dei der komikarane då, dei seier jo at viss du for eksempel er jødisk så har du liksom retten på å ha jødiske vitsar, om for eksempel, då alt dei der greiene der med Hitler, ja da kan du liksom le liksom av det: "Ja da min bestefar vart jo sendt til Auschwitz", og altså du kan seie sånne ting, men for eksempel Dagfinn Lyngbø, som ikkje er jøde, han har ikkje rett til å seie det eller han kan ikkje le av det og lage vitsar av det for at det på ein måte er rasistisk eller sånn då, fordi han har ikkje rett til det, så det går jo ut på det då.

Ungdommane viser til at korleis ordet blir motteke av den som vert tilskrive ein identitet eller kalla neger eller potet, er avhengig av kva kontekst dette utspeglar seg i og kva intensjonar den som stemplar har for bruken av ordet.

### **5.3. Eit ord, men i ulike kontekstar.**

*”Men då er vi jo inne på intensjonar då... ”*

Kommunikasjon i og mellom grupper er basert på at ulike symbol skal tolkast av både mottakar og sendar. Ein snakkar om ei eksistensiell betyding, der eiga sjølvforståing og andre si oppfatning av det som vert formidla er viktig. I ein slik kommunikasjonsprosess viser ein til eins eigen og gruppa sin identitet, ein legg fram maktforhold, stoltheit og draumar, samstundes som ein bekreftar eigen eksistens som gruppe(Lalander & Johansson, 2007:32). I samband med at nokre av ungdomane brukar ord som neger og potet i eigen vennegjeng, så kom det opp ein kommentar om korleis bruken av eit ord i eins eigen vennegjeng kan påverke bruken av ordet hjå andre utanforståande:

1d: Halvvegs einig, eg synast at når for eksempel mørke folk begynner å krangle med kvite, fordi ein kvit sa det ordet, neger, synest eg at det er ein heilt forferdelig ting, fordi at viss mørke folk bruker det ordet rundt kvite folk, så lærar ein dei kvite å bruke det, så viss ein kvit person seier det så merker ein at dei er klar til å sloss og krangle og sånn. Eg syns det er heilt galt. Viss dei brukar ordet så kan vi også bruke det, det er jo ingen liksom forskjell på det, for det er bare eit ord.

Ungdomsgrupper kan bruke ordet neger som kallenamn på dei medlemma som kan passe inn under kategorien neger, men på same måte kan dei vise misnøye dersom ein utanforståande brukar det same ordet før nødvendige relasjoner er etablerte. Neger kan på denne måten fungere som eit symbol som skapar identitet innanfor gruppa og styrkar dei sosiale banda, men dersom ein person utan dei nødvendige relasjonane til gruppa brukar det same ordet kan det oppfattast som stempling eller rasisme, uansett kva intensjon som låg bak:

3e: Men då er vi jo inne på intensjonar då, viss du seier det med eit smil om munnen liksom, trur ikkje eg at eg ville tatt det så, gått ned og gått ut og grått nede på badet. Men det er alltid ei moglegheit for at det er akkurat det som skjer.

3a: Eg tur at då ville det blitt, då ville det skapt ein diskusjon om konflikt, viss då, viss då ein person som med, kanskje ikkje med intensjonen om å skape noko negativt, ein kvit person går bort til ein svart person og seier noko, negativt lada, og eigentleg meiner det som, ikkje tenker over det, så vil jo sannsynlegvis den svarte få, bli, få ein negativ følelse inni seg og vil då eigentleg ha noko i mot det. Det er sånn konfliktane

startar, då det kjem ein ting som muligens ikkje er negativt meint, men det blir negativt likevel.

Intensjonen bak ei handling kan mistolkast og personen som vert utsett for handlinga kan sjå på denne som rasistisk, sjølv om dette ikkje var intensjonen. Kunnskap om kva ein kan seie i kva for kontekstar blir tatt opp i diskusjonane fleire gonger, og er eit viktig punkt i å kunne skilje mellom vitsing og rasisme. Ungdommane viser til at utvikling av slik kunnskap er knytt til at du veks opp i eit område som er multietnisk, fordi ein opplever eit mangfald og lærer dei ulike nasjonalitetane å kjenne:

2j: Eg trur ein del utlendingar køddar ein del med sånne ting sjølv, og brukar meir sånne omgrep enn vi. Også trur eg det var veldig forskjell viss du har utlendingar, altså vennar frå andre stadar, som du er veldig god venn med så kan du på ein måte seie, kødde med dei om religion eller sånne ting på ein heilt anna måte enn viss det er folk du ikkje kjenner. For det merkar eg veldig, reaksjonen på korleis dei reagerar viss nokon dei ikkje kjenner hadde sagt det, og nokon dei kjenner.

Stereotypiar er som tidlegare nemnt viktige i identitetsprosessar og for å skilje mellom ulike grupper. Når det gjeld å kategorisere utifrå "oss" og "dei andre", så avgjer konteksten kva gruppe vi tilhører i ulike situasjonar, så i det eine sekundet kan ein vere ein norsk fotballspelar medan alt snur og du blir ein kriminell utlending, for å setje ting litt på spissen. Generalisering eller objektivisering av "dei andre" gjer gruppa fri for individ og reduserar gruppa til ein samlingsstad for til dømes etniske, kulturelle, religiøse, eller andre teikn som skil gruppa frå det norske og "normale":

2l: Ja , det er veldig rart med Noreg i 2009, mange mange mange år etter at tankar om ulike rasar og sånn forsvann, at vi skal liksom tru at alle som er frå Noreg er heilt like, dei gjer akkurat dei same tinga, dei er akkurat like kriminelle og dei snakkar akkurat likt, og dei tenker akkurat likt. Og dei som er frå Somalia tenke heilt på same måten. Det blir sånn her,eh det er like mange forskjellar i Somalia, som det er i Noreg på befolkninga, og eg kan ikkje identifisere meg med dei som sit i fengsel i Noreg, eg er ikkje ein kriminell nordmann sant. Og eh det virkar som om det er ein sånn tanke som rådar når vi snakkar om innvandrarar, iblant mange iallfall ute i samfunnet.

Vedkommande viser her til at på trass av at vi i Norge ikkje lengre kategoriserar verdsbefolkinga utifrå rasar, så har fleire framleis eit tankesett som reduserar einskilde innvandrargrupper til kategoriar av menneske, medan vi ser på oss sjølve som individ.

#### **5.4. Ord som generaliserar.**

*”Det er ein ting eg ikkje likar sant, det er når for eksempel nordmenn eller andre generaliserar utlendingar, akkurat som at dei er frå eitt og same land.”*

Generalisering av innvandrarar, med framstillingar av innvandrarar som ”dei andre”, ”unormale” og ”framande”, er eit tema som ofte er kome fram i norsk forskingsarbeid. I desse omgrepene ligg det negative assosiasjonar om at dei ikkje er som ”oss”. Framstillingar av innvandrarar i media legg hovudsakleg vekt på negative eigenskapar hjå innvandrarane, kritikk til integrering og innvandringspolitikk og moglege trugslar som ligg i kulturen eller religionen, noko som legg føringar for deira daglegliv. Eit vanleg omgrep i Noreg er innvandrar, med dei mange forståingsrammene som følgjer med. Ein fellesnemnar er at ein peikar på nokon som kjem utanfrå, men ofte blir innvandrarar forstått som ei homogen eller udifferensiert gruppe. Framstillinga av ulike sosiale kategoriar, som for eksempel innvandrar, i media påverkar kva bilete og stereotypiar mannen i gata dannar seg om innvandrarar. Samstundes påverkar dette og korleis folk identifiserar seg sjølv og andre innanfor omgrepene ”normal” og ”unormal”, etter kvart som meininger vert knytt til kategoriar, som innvandrar og nordmann, som igjen er avhengig av korleis media presenterar dei ulike kategoriane:

1f: Det er bare det på ein måte at dei seier det heile tida, det er dei jævla utlendingane som gjer det, og då går det generelt utover alle. Det går jo an å tenke før man seier noko.

Ein identifiserar seg og konstruerar seg sjølv som sosiale personar gjennom direkte sosial samanheng på mikronivå og gjennom symbol som vert påverka av media på makronivå (Jacobsen, 2002: 87). Syn på menneska i samfunnet og samfunnet generelt vert ulikt konstruert i ulike diskursar. Personar med karaktertrekk, som symboliserar tilknyting til grupper som vert negativt framstilte, opplever ofte at dei negative karaktertrekkene blir ein viktig del av eins eigen identitet. Nokre forsøker derfor å skjule delar av identiteten sin, som for eksempel skaphomofile, som ikkje tør å leve som legninga tilseier. Andre tek til seg den undertrykte statusen og prøver å endre eigne etniske og kulturelle kjenneteikn for å passe inn i

gruppa som undertrykker. Dei som undertrykker held fram med å undertrykke, ofta ubevisst, ved å halde fast ved verdiar og praksisar som undertrykker. Diskursar på både mikro og makro nivå kan endre måten ein ser på andre individ og grupper på. Rasistiske framstillingar av innvandrarar i media kan legge til rette for eller bekrefte eksisterande fordommar og stereotypiar, som vidare kan føre til eller bli kontrollert av rasistiske ideologiar, som igjen kan bli nytta til å produsere ny rasistisk tekst og tale i andre kontekstar, som til slutt kan føre til den diskursive reproduksjonen av rasisme (Van Dijk, 2008:11). Ein av ungdommane viser til kor lite som eigentleg skal til for at ein byrjar å dømme ei gruppe utifrå ein eller fleire einskildpersonar sine handlingar eller ytringar:

3h: Men det er jo litt lett sånn så eller viss du har hørt noko negativt om ei gruppe , så er det jo sånn som vi sa i stad, lett å dømme folk, berre sånn det vi trur . For at vi trur at på ein måte sidan vi har hørt om ein som er negativ som er i den kulturen eller gruppa, så dømmer vi alle andre som er i den gruppa som negative, at det er liksom , det er på ein måte negativt uansett å vere i den gruppa viss på ein måte har møtt ein tidlegare som har gjort eitt eller anna i mot deg eller det har skjedd eitt eller anna då. Også er det jo det med ironi då , det er jo lett å bruke ironi liksom i ting også, tar folk seg nær av det utan at du liksom tenkjer over det.

## 5.5 Media si framstilling av innvandrarar.

*"Nei innvandrarar det er liksom parasittar, som øydelegg samfunnet og dei er berre kriminelle og herjar på."*

Media si framstilling av menneske som kan plasserast i dei sosiale kategoriane innvandrar, utlending og muslim vert av ungdommane gjenkjent som urettferdig behandling og ein av grunnane til at framandfrykt blir spreidd i samfunnet:

1f: Du kan merke det på media heile tida, viss det er nokon utlendingar som gjer noko, og nokre andre nordmenn som gjer noko meir sant, så plutselig det utlendingane har gjort det er mindre, det kan bli verande i media i fleire dagar. Mens det en nordmann gjer, kanskje det kommer i media, og viss det kjem så kommer det ein liten artikkel på en måte, også bare forsvinner det.

Ungdommane påpeikar her av levetida til eit for eksempel eit nyheitsoppslag om ein kriminell innvandrar har lengre levetid enn eit oppslag som omhandlar ein kriminell nordmann. Ei av gruppene meinar at innvandraromgrepet blir mindre brukt i media i dag, og at det i større grad har blitt erstatta med omgrepet muslim:

1c: .. dei blir ikkje framstilte som innvandrarar dei blir framstilte som muslimar, som oftast. Men det står jo aldri kristen nordmann.

I: Nei, så du brukar religionen..

1c: Ja dei brukar for eksempel ein muslimsk mann gjorde det og det og det. Det står ikkje innvandrar, sant. Det er ikkje alle innvandrarar som er muslimar heller sant. Ein innvandrar kan vere en dansk norsk, nei dansk svensk og.

1e: Så dei legger liksom trykk på det akkurat som...

1c: Det står jo aldri ein kristen mann har gjort det eller det..

1b: .. det står bare eit namn kanskje.

1e: I så fall så legger ein merke til at det er dei, det er dei som gjer det. Det er ganske unødvendig.

I: Vil dykk seie at det er rasisme på ein måte?

1b: Yes.

1c: Det er ikkje direkte rasisme heller eigentleg.

I: Nei?

1c: Det er meir med på å skape framandfrykt, når det står at det er ein muslim og ikkje ein innvandrar for eksempel.

1b: For eksempel viss dei hadde vert norske, så hadde dei sagt ein person, den personen eller den norske personen, dei er på ein måte heime, den same religionen då seier dei ein person eller ein norsk person. Viss det hadde vert ein muslim, med ein gang muslim.

Dette vert likevel ikkje forstått som direkte rasisme, sidan det er med på å skape framandfrykt, her forstått som frykt knytt til muslimar. Media si framstilling av ulike menneske, er med på å påverke korleis vi som lesarar, lyttarar og sjåarar tolkar personane som blir framstilte i media. Majoriteten her i landet, etnisk norske vert framstilte som individ eller personar som hører til "oss", medan personar med muslimsk bakgrunn vert framstilte som muslimar, "dei andre".

Muslim peikar då tilbake på religiøse kjenneteikn og ikkje personlege karaktertrekk.

Forståinga av "oss" og "dei andre" blir påverka, og sidan majoriteten har mest å seie for kva

diskursar som skal prege det offentlege, så mistar minoriteten ofte sjansen til å forsvare seg. Sidan denne kampen ikkje kan utkjempast i den offentlege diskursen vert det individua, som vert plasserte i gruppa ”dei andre”, sin jobb å forsvare seg mot den påtvinga karakteristikken. På grunn av manglande tilgang til eit talerør i det offentlege dukkar ofte slike forsvarstalar opp i kvardagslege diskursar mellom kjentfolk:

3a: Også ser du at veldig lett i desse kulturane sant, så dei får jo vite, no tar eg veldig masse om media, men dei får høre alt det om Taliban og sånne forskjellige negative ting. Når ein er på besøk hos ein pakistansk familie då og det er det einaste dei, viss vi tok opp noko med.. Eg var litt nysgjerrig og snakka om og spurte om korleis religionen deira var og før dei hadde fått begynt å snakke om religionen og korleis dei var i dagleglivet, så var det med ein gang forsvar sånn liksom: ”Nei berre så du veit det så er det ikkje sånn som det visast i media, det er ikkje sånn og vi har det mykje betre”; også vidare. Det verkar jo som at dei har ein sånn der frykt for at dei skal bli sett på som annleis.

Eller som ei forklaring på eige syn under diskusjonen:

1c: Det er jo mange muslimar som ikkje ser på for eksempel dei ekstremistane som muslimar heller. For eksempel min familie ser ikkje på Bin Laden og dei som ekte muslimar for eksempel, dei ser meir på dei som kriminelle ekstremistar.

To av ungdommane påpeikar vidare at det alltid er fokus på kva minoritetane gjer gale, men ikkje kva majoriteten gjer gale og heller burde gjere når det gjeld å skape eit velfungerande samfunn:

2l: Ja det er som ho seier at det har gått eindel tid, sånn som i USA har du jo hatt borgarrettighets forkjemparar sant, og kjempa jo lenge for at alle skulle ha lik verdi og same utgangspunkt i USA. Og i Noreg så er kanskje innvandring eit mykje meir nytt fenomen då, det begynte på 60- 70 talet sant, og ein er framleis ikkje så van med kva som...kven som... korleis ein skal ta i mot dei som kjem og sånn og. Men eg trur nøkkelen til god innvandring det ligger i, eller liksom vi kan leve saman ligg i korleis vi møter dei. Det er heile tida snakk om korleis dei skal tilpasse seg, det er aldri snakk

om korleis vi skal møte dei som kjem til Noreg, ja det er jo minst like viktig spør du meg.

3i: Å ja, eg ville liksom berre gå innpå det som i stad, med dette om FrP og det, og det dei har, liksom kva vi skal ta inn og sånn og då meinar ikkje eg, eg meinar ikkje at vi skal ta inn ein flokk, kom inn alle saman og opne døra, men eg seier at dei vi tar inn så er det mange som seier at vi sende dei ut att, at dei skal vere her på prøve og at vi skal sjå at dei ja kan tilpasse seg våras kultur, men då meinar eg at eh ja at vi hadde ein hysterisk kamp om det då, meg og ein kamerat, for han er veldig sånn i mot det då at vi skal ta inn så mange, men så sa eg men du må jo hjelpe dei, altså dei har jo lært noko heilt anna enn vi har, kvifor kan ikkje vi, dei som vi tek inn då på asyl, kvifor sender vi ikkje dei i eit sånn program der vi lærar dei om norsk kultur, korleis, kva vi vil reagere på dersom dei gjer noko, som gjer at vi set dei i bås, som gjer at vi seier: "OK dykk er dei andre, dykk er dei slemme i samfunnet fordi dykk er annleis", så ville eg, eg meinar at vi skal lage eit program for dei som gjer at dei lærar, du kan sjølvsagt vere kjempekriminell men då blir du sendt ut, men no veit du i alle fall kva som gjer, kvar vi set grenser. Det er på ein måte det eg meinar at eg trur at mange kunne kome inn i Norge og hatt det kjempefint, sjølv om dei kanskje har forskjellig bakgrunn, for viss vi gjer at ,på ein måte, gjer at dei er som dei er eh men at dei på ein måte får ein meir forståing på kvifor det, kvifor vi blir sur på det, kvifor vi reagerar på det..

Dei som kontrollerar produksjonen av offentlege diskursar er med på kontrollere innhaldet, som vidare påverkar kva diskursar samfunnet skal meine noko om. I og med at majoriteten sin elite kontrollerar samfunnsdiskursane, så vil ikkje minoritetar få den same tilgangen, slik at deira syn, tankar og meininger ikkje når fram til pressa og slik blir ein del av den offentlege meiningsdeling. Ein av ungdommane viser til korleis framstillingar av innvandrarar i media og politikk kan vere med på å skape diskriminerande diskursar om innvandrarar i Norge:

2l: Ja, altså på den, ja eg merka det i går då vi snakka i norsken, då var det ein i klassen min som sa at : Nei, innvandrarar det er liksom parasittar som øydelegg samfunnet og dei er berre kriminelle og herjar på. Og eg trur den holdninga der er ganske, ganske utbreidd i Noreg i dag. At media spreier sånne der, eg veit ikkje, slags feilinformasjon og eller kunnskap, for kvar gong ein innvandrar som gjer noko gale,

sjølv om det er ein andre generasjonsinnvandrar, så står det at han var frå, at han stammar frå Somalia, eller han stammar frå eh. Og det, for meg er det heilt urelevant kor han kjem frå, det er eit menneske på lik linje med oss som bur her i Noreg, og eg synast at sånne bemerkningar skapar ei sånn der kløft mellom nordmenn og ikkje nordmenn. Og du har ein del andre og, sånn som Frp spreier ein del, dei spreier ein del eh dei her snikislamifisering og sånne ord som, ja det kjem til å bli norske, eller sånne utanlandske gettoar i Noreg og ja. Det skapar ikkje veldig snille og fine tankar om innvandrarar hos nordmenn.

Vedkommande viser til at media og samfunnet i si kategorisering av menneske frå ulike nasjonar er med på å skape ei skiljelinje mellom nordmenn og innvandrarar, eller "oss" og "dei andre". Ein koplar difor bestemde veremåtar og karakteristikkar til desse to gruppene. På same måte som minoritetar og innvandrarar vert sett på som unormale, så vil media sin presentasjon av handlingane dei utfører, om desse er kriminelle eller ikkje, bli framstilte som normale i forhold til deira kultur:

3i: ..ehm det trur eg og, at på ein måte, eg trur at det er media som gjer at det, at på ein måte media har blitt litt sånn rasistisk, at det blir sånn at dei framstiller innvandrarane som litt sånn som dei som gjer det gale og alt følt, men det kan jo og sjølvsagt vere at det er nordmenn som gjer akkurat det same enda verre, men dei framstiller det ikkje på den same måten, fordi at dei tenkjer kanskje at, ja at dei er frå Norge så dei har på ein måte rett til å gjere det, dei har ikkje rett til å gjere det men at då er det på ein måte, ikkje, det er enten noko gale med dei eller noko sånt, det blir på ein måte meir rasistisk, ja at då har dei sikkert ein hjerneskade eller eit eller anna sånn som det der.....

( latter)

3i: ...No tok eg litt i da, men på ein måte sidan, då tenker eg at dei som er innvandrarar har det på grunn av kulturen dei kjem ifrå eller korleis, korleis dei har vekse opp på grunn av kulturen sin og sånne ting då, at det kanskje derfor dei blir meir framstilt som dei stygge og dei som gjer alt gale.

Stereotypiane av for eksempel afghanarar, hollendarar, polakkar og somaliarar er ulike og ein får difor ulike forventningar til deira handlingar og veremåte. Enkelte grupper blir på grunn av den etniske bakgrunnen sin kartlagt som potensielle pøbelmakarar og kriminelle. Ein av

ungdommane opplevde å bli stoppa av norsk politi, medan treningskameratane med etnisk norsk bakgrunn fekk gå vidare:

1d: Kva er det som er så morosamt, eg skal jo igjennom .....( område der kriminell og narkomane samlar seg) når eg skal på trening. Så går eg med full bag der oppe under armen min, så ser eg nokre narkisar som står å gøymer seg der borte, så kjem politiet sant. Det var to norske folk ved sida av meg, og du veit norsk, blondt hår, caps på den måten. Eg hadde jo hette på meg for det var kaldt, så går eg til trening, dei stoppa meg og spurte: "Kor er dykk ifrå"? Dei to: "Vi er frå .... (byen)". "Ja bare gå, kor er du ifrå?" ..... ( Land i Aust Europa)". "Ja, bli her vi skal sjekke deg", så tok dei legitimasjonen, skreiv ned og ringte til politistasjonen og spurte meg om det var sikkert at det var namnet mitt, og sjekka meg heilt om eg hadde noko dop på meg og alt sånn. Eg viser dei bagen: "Her er laget mitt, her er nummeret til trenaren, ring, eg går alltid forbi .....". Nei. Dei skulle nesten ta meg med til politistasjonen for å sjekke meg litt meir, sant.

I: Bare fordi du var på feil plass?

1d: Ja, bare fordi eg var på feil plass og for at eg hadde ..... legitimasjon.

Ungdommane viser og til at det er skilnad mellom innvandrarar og at til meir like dei er majoriteten jo mindre fokus får dei i media, og til meir ulike dei er jo større fokus får dei i media. Dersom ein er vestleg og "kvit" blir ein framstilt som ein av "oss", men så fort ein har kulturelle, religiøse eller fysiske trekk som ikkje samsvarar med "oss", blir ein kategorisert som "dei andre":

2g: Ja, eg er heilt einig, eg synast det blir altfor masse fokus på innvandrarar som gjer negative ting. Det er aldri fokus på det bra dei gjer, og viss vi samanliknar akkurat den same straffa eller akkurat den same forbrytinga, altså viss ein innvandrar gjer noko ulovlig og ein nordmann gjer akkurat det same, så er det mykje meir fokus på den innvandraren som gjorde det og kor dumt det var. Det er liksom ikkje sånn at ein ser på to personar som har gjort det same, ein fokuserar alltid på innvandraren og alltid på det negative før det andre.

I: Ja, du hadde jo oppe handa.

2j: Eg skulle bare, ja men eg trur, det blir ikkje heilt riktig, men det er jo veldig mange svenskar i Noreg og, og dei tar jo for eksempel ein del av jobbane til mange folk i

Oslo, og dei har lite jobbar og dei tar veldig mykje over, det er noko du aldri høyrer om.

I: mmm. Ja.

2l: Du hører for eksempel aldri om ein amerikansk, ein amerikanar gjorde ditt og datt eller ein svensknordmann gjorde ditt og datt, eller ein finsknordmann eller ein typisk med vestleg bakgrunn som gjorde noko, det er aldri. Og det er sånn rangering, vestlege innvandrarar er heilt ok, men innvandrarar som kjem utanfrå vesten er berre stygge og vondskap og fælt.

På same tid som framstillingar av ”dei andre” hovudsakleg er negative i media, så er ikkje alltid framstillinga av ”oss” og forholdet til ”dei andre” framstilt i særleg positivt lys. Media sitt sokjelys på oppslutnad hjå politiske parti, og framstillinga av nordmenn sine haldningar til innvandring er i følgje nokre av ungdommane med på å framstille ”oss” som meir rasistiske enn kva den gjennomsnittlege nordmann er:

2l: Ja, eg sa ikkje alle nordmenn, grunnen til at eg seier mange nordmenn er at dei to største partia i Noreg er rimeleg, dei reklamerar med og seier det sjølv: Streng innvandringspolitikk. Dei vil vere strenge mot innvandrarane, dei vil ikkje, dei snakkar ikkje om å kanskje vere, ha ein god innvandringspolitikk, der du hjelper innvandrarane, kanskje ta inn så og så mange. Men dei fokuserar på kor strenge dei skal vere da, og folk stemmer på dei. Det er dei to største partia i Noreg, og det, det seier jo litt om kva holdninga som ligg i befolkninga. Men sjølvsagt halvparten av Noregs befolkning stemmer ikkje på dei, og det er ikkje alle som stemmer på dei sikkert, som er i mot innvandrarar heller liksom. Men, eh , det seier littegrann om at når dei kan ha den politikken utan å få kritikk så, så er det ein del innvandringsfiendtlege haldningar.

2h: Men alle trur at alle nordmenn gjer det, fordi at ein alltid fokuserar på det negative. Det er veldig mange som liksom tenker at alle nordmenn er som dei skrive , men det er faktisk utrulig mange som prøvar å bygge opp samfunnet slik at det skal bli meir integrert og at vi skal ha fleire kulturar saman utan at det skal vere noko rasisme eller mobbing, så det er ikkje alle nordmenn som er sånn, men sjølvsagt så er det ein del.

Det som er viktig å fokusere på dei som faktisk prøvar på at det liksom skal vere ok å bu her for alle i landet.

## 5.6. Media si påverknadskraft.

*”Så folk påverkar liksom måten du skal ta dine val sant, og kva du skal tru om menneske og sånn.”*

Ein vert påverka av nyhender ein les eller ser i aviser, på tv og internett. Denne informasjonen vert brukt til å tilegne seg og oppdatere kunnskapen ein har om verda. Påverknadsgrada til informasjonen ein tilegnar seg via ulike media, som kan påverka meininger og haldningar, er og avhengig av eigne og gruppa sine haldningar og ideologiar, samt eins eigne personlege erfaringar. Menneske skil mellom det å vite noko om noko det ein sjølv har erfart, og å vite noko som ein har hørt frå andre. I dei tilfella ein har kunnskap om noko basert på eigne erfaringar, så pleier denne erfaringa å leggje hovudgrunnlaget for korleis ein forstår diskursen( Gamson,1992:126). Ungdommane meinar og at eigne tankar og meininger basert på eigne erfaringar er viktige for korleis ein forstår verda, og at mangel på dette kan gjere menneske til nikkedokker for media sine framstillingar av innvandrarar:

3i: Ein klarar jo aldri å utvikle dine eigne tankar viss du skal vere for eksempel i eitt land der dei ikkje tenkjer, det er sånn vi tenkjer, desse lovene held vi oss innanfor, dette er sånn vi skal tenke, så trur eg ikkje folk kjem til å utvikle seg heller, til å tenke ting, skape nye ting, tenke annleis og gå utanfor boksen, det kjem aldri til å skje for dei ikkje tør å gjere det. Dei kan jo sjølvsagt gjere det men dei tør ikkje utøve det, og då blir fridomen litt vekke.

I: Ja?

3j: Er det meg no? Ja altså når vi får sånne forskjellige kulturar og sånn, så er det veldig mange som liksom lagar seg ei mening om ting, uansett om den er positiv eller negativ, dei lagar i alle fall seg ei mening. Det er jo, altså viss alle bare hadde gått rundt og ikkje tenkt nokon ting, så er det jo betre, tenkjer iallfall eg at dei tenkjer noko enn å ikkje tenkje nokon ting.

3a: Det er mange som har det synet om at innvandrarar generelt, no berre i forhold til det då, at synet, at ein får ein negativt syn på dei, altså da får man automatisk, ofte, eit

rasistisk syn, sånn som der, eg kjenner nokon eldre menn og eg merkar veldig godt at dei er liksom :" Ja, no er det dei innvandrarane igjen", og det blir ofte liksom, det blir ofte litt sånn feil at...

3i: ... at dei ser ned på dei på ein måte, med eit anna syn enn korleis dei ser på oss som bur her..

3b: ...ja,sånn var det før..( hermar etter ei eldre dame)

3a:... Ja, og plutseleg så skapast det sånn mykje meir heile tida, det skapast meir i media, altså dersom ein av desse innvandrarane har gjort noko kriminelt handling, enn viss det var ein norsk statsborger.

Mediediskursar skil seg ut sidan dei er offentlege og ein tilgjengeleg ressurs for dei fleste. Sidan media er så viktig i det moderne samfunnet, kan ein diskutere fenomen som ein sjølv ikkje har erfaring med, nettopp fordi media fungerar som ein kunnskapsbank, der ein kan finne informasjon om det meste. Media vert på denne måten ein kulturell ressurs. Diskursar om samfunnspyttige tema, eller populærviskap, ligg midt i mellom eigne erfaringar og medieforteljingar, sidan ein nyttar eigne erfaringar og linkar dei saman med andre som har delt den same erfaringa. Media brukar dette til sitt føremål ved å vere eit talerør for gruppa med fellers erfaringar, slik at media i større grad kan produsere diskursar om erfaringar, som igjen resulterar i påstandar. Ungdommane påpeikar at tilgangen på eigne erfaringar knytt til innvandrarar er avhengig av kvar du bur, og at dette kan vere med på å påverke forståinga av kva innverknad innvandrarar har på det norske samfunnet:

2g: Eg trur det har mykje med miljø å gjere og, sånn som du ( 2l) sa i stad, der du kommer frå, der har dei liksom ikkje sett ein, dei ser det på tv, og då er det sjølvsagt ikkje like utbreidd rasisme. Og på store skular, sånn som .....( eigen skule) vidaregåande skule, eg trur, sånn som vi har i alle fall et veldig godt miljø, og sånn viss du ser på ....., ( skule i sentrum)der er det veldig annleis, der blir folk sett ned på og det er veldig mykje meir sånn gjengmiljø, så eg trur det har veldig mykje å seie kvar du kjem frå, kvar du bur, kvar du går på skule.

2l: Eg vil, det er kanskje rart at eg seier det, men eg vil nesten påstå at det er verre der eg kjem frå enn her<sup>9</sup>, altså dei gjer ikkje det i praksis, for dei har ikkje moglegheita til å gjere det i praksis, men det er sånn det, heime er det sånne holdningar om, det høres ut

---

<sup>9</sup> Vedkommande kjem frå ein mykje mindre kommune enn storbyen intervjuet vart gjennomført i.

som det er eit slags dyr. Altså dei snakkar om, det sånn: ”Dei der svartingane altså viss dei kjem her så, eg skal ikkje ha ein svarting til nabo altso ”og såinne ting. Det er heilt vanvittig, der det er mindre innvandrarar trur eg nesten det meir. Ein høyre så masse om det, og blir bare livredd for kva dette er for eksempel.

I: Skal vi sjå, ja.

2e: Eg trur det har med at, det er ikkje nok norske folk som kjenner utanlandske, ja liksom utlendingar for liksom, for eksempel på han sin stad, for altså viss fleire av dei folka der han bur hadde kjent ein eller to utlendingar, og dei hadde vert gode vennar, så trur eg det hadde.....

2h.. dei hadde snakka godt om den personen.....

2e: ....ja snakka godt om den personen, og då hadde fleire og fleire snakka eh ja...

2h: ...då hadde dei fått eit godt liksom inntrykk av dei...

2e: ..Ja.

I: Ja då blir det deg.

2k: Ja eg trur at media har veldig veldig mykje å seie for det, viss, der som du kjem i frå, viss dei hadde sett på media alt det gode veldig veldig mange innvandrarar gjer, alt det gode dei skapar, for at dei blir så mykje negativt omtalt i media, og då er det klart at når dei aldri får møtt nokon, så ha dei ikkje sjanse til å bli vennar, for det bur ingen innvandrarar der. Og viss dei då ser på tv, kvar dag, kva alt det negative som skjer her i Noreg og alle som gjer det, det er liksom , dei berre set alt i ein bås. Viss dei hadde vert litt meir positive i media om innvandrarar, så hadde jo på ein måte dei som ikkje har sjanse til å møte dei, å snakke med dei og sånn, då hadde dei hatt sjanse til å ha litt andre holdningar.

2h: Det er det som er så trist at folk likar å sjå på det som er bad liksom i staden for det som er good, heldt eg på å seie.

Innbyggjarar i byar vert av ungdommane framstilte som meir kunnskapsrike, mest på grunn av kjennskap til eit kulturelt mangfald, enn innbyggjarar på bygdene. Ungdommane viser til at eigne erfaringar i møte med innvandrarar, står sterkare enn media sine framstillingar av innvandrarar, og at mykje av framandfrykta hjå menneske på bygda kunne vert hindra dersom dei hadde hatt meir kontakt med innvandrarar. Diskursar som blir framstilte i media er påverka av kva for informasjon journalistane og mediehusa velgjer å framheve og kva informasjon dei vel å ignorere. Menneske brukar denne informasjonen frå media for å underbyggje informasjon, som dei sjølve vel å framheve i sine eigne diskursar. I samband

med rasistiske haldningar i det norske bygdesamfunnet, så er det sjeldan noko motargument til dei diskursane der media framstiller innvandrarar som kriminelle snyltarar, og stereotypiar får utvikle seg til fordommar og framandfrykt

## **Kapittel 6: Ungdom og rasisme.**

### **6.1. Rasisme eit komplekst omgrep, med mange dimensjonar.**

Rasisme kan i følgje Gullestad( 2004) forklaraast ved hjelp av mellom anna ein smal eller ein brei definisjon. Ungdommane viser fleire gonger i datamaterialet til ein smal definisjon av rasisme, der rasisme hovudsakleg vert forstått som kategorisering av menneske med utgangspunkt i eit hierarki av rasar, der den ”ariske” rase står øvst. Ungdommane viser og til at rasisme kan rangerast frå framandfrykt, som er ein mild form av rasisme, til rasisme. Med utgangspunkt i ei slik forståing der omgrep som diskriminering, etnosentrisme og framandfrykt, vert forstått som grader av rasisme, tenderar ungdommane til å ha ein breiare definisjon av rasisme, der forskjellsbehandling med negative konsekvensar av menneske på grunn av deira etniske, kulturelle eller religiøse bakgrunn vert forstått som rasisme. Dette kan tyde på at den klassiske rasismen framleis er det folk først og fremst ser på som rasisme. Rydgren (2003: 48) viser til at den kulturelle rasismen og etnosentrisme begge er knytt til frykt for det ukjende. Ungdommane meinat den kulturelle rasismen eller framandfrykta er mest utbreidd her i landet, sidan det er få som vel å handle ut ifrå rasistiske ideologiar.

Ungdommane meinat at ein også kan dra ei skiljelinje mellom handlingar og tankesett. Rasisme blir i denne samanhengen forstått som ei bevisst handling, der intensjonen som ligg bak handlinga er rasistisk. Framandfrykt og etnosentrisme blir forstått som ubevisste og bevisste tankar, i form av fordommar og skepsis til menneske som er ulike ”oss”, eins eiga gruppe. Forsyth ( 1999) viser til at grupper oppstår gjennom sosial interaksjon, at medlemma ofte identifiserar seg ut ifrå den kollektive identiteten. Forståinga av rasisme endrar seg i følgje ungdommane heile tida og i frå generasjon til generasjon. Fleire av ungdommane viser og til at kunnskap om at vi alle er ulike er med på å auke toleransen for ”dei andre”, og viske ut ein del av skiljelinjene. Det er og ein del snakk om at det er viktig å ha eigne meiningar, men at desse ikkje skal brukast til å rakke ned på andre.

Winant (2008: 199) hevdar at mykje av det som la til rette for den rasebiologiske rasismen har mista fotfestet sitt , men at den globale essensen som ligg bak skiljet og diskrimineringa som rasisme fører til framleis er her. Rase er ikkje eit omgrep som blir brukt av ungdommane, dersom ein ser vekk frå å definere rasisme. Banton ( 2007, 62) hevdar at rase er eit vestleg omgrep som er knytt til å forklare skilnadane mellom ”oss” og ”dei andre”, når ein ser på

nedarving av fysikalske kjenneteikn. Frankenberg (2000) sine teoriar om den ”kvite” rase sin dominans, og ”kvite” menneske si manglande evne til å sjå seg sjølv som ein rase, kom fram i ein av diskusjonane. Ein av ungdommane laga eit skilje mellom vestlege innvandrarar og innvandrarar frå resten av verda, mest sannsynleg ubevisst, men det var likevel eit viktig funn. I eit anna intervju svarar ein av ungdommane med innvandrarkarakter utanfor vesten : ”Eg har hørt om , base men ikkje rase”, og kan direkte koplast til mellom anna Banton sin påstand om at rase er eit vestleg omgrep, og at andre delar av verda brukar andre omgrep for å kategorisere menneske.

Andersson (2000) og Prieur (2004) er to av fleire norske forskarar som viser til at innvandrarane sjølve vegrar seg for å bruke omgrepa rasisme og rasist i situasjonar som omhandlar ein sjølv eller bagatelliserar eigne opplevingar. Ungdommane viste ingen teikn til nokre motførrestillingar når det gjaldt å fortelje om eigne erfaringar knytt til rasisme. Dei fortalte om eigne opplevingar og verka ikkje redde for å bruke desse omgrepa. Dei fleste var og samde i at rasisme kunne gå føre seg på alle samfunnsarenaer. Rasisme er eit samfunnsproblem som ungdommane kjenner att, og dei viser til at kunnskap om og toleranse for dei som framstår som ”dei andre” kan vere med på å redusere rasisme på alle samfunnsnivå.

## **6.2. Diskursar på mikro- og makronivå.**

Ungdommane viser til at ord legg til rette for diskursar, og nokre diskursar er innehold ord som diskriminerar, medan andre diskursar, som innehold dei same orda, blir forstått som venskaplege. Ord som for eksempel neger/ nigger, potet, riskoker, pakkis og salat kan oppfattast som diskriminerande eller venskaplege i ulike situasjonar, og det er konteksten og kven som er tilstades som avgjer om ein snakkar om diskursiv diskriminering eller ikkje. Andersson (2000) viser til at slik namnekalling kan fungere som eit verkemiddel for å bekrefte solidariteten i gruppa, eller latterleggjere stempelet som det same ordet gjev individua i det offentlege rom. Ungdommane er delte i to, når det kjem til bruk av det som utanforståande kan oppfatte som rasistiske ord, og den eine delen forstår denne namnekallinga som eit prov på respekt i vennegjengen. Den andre delen av ungdommane ser på namnekallinga som respektlaus, og i respekt for vennar så vil ein ikkje bruke slike ord, sjølv om vedkommande synast dette er greitt.

I dei tilfella namnekalling vert brukt i ei gruppe, så kan denne namnekallinga ha ein viktig funksjon som grense mellom ”oss” og ”dei andre”. Diskursar med utgangspunkt i ord som kan tolkast negativt i samband med rasisme, finnast både på mikro- og makronivå. Ungdommane viser til at diskriminerande diskursar og negative framstillingar av innvandrarar, er med på å påverke korleis einskildpersonar ser på innvandrarar. På same måte som ungdommane viser til at kunnskap kan endre kva syn ein har på innvandrarar, så hevdar dei at til meir kontakt og til meir erfaring ein har med innvandrarar, til meir positiv vil ein bli til ”dei andre”.

Ungdommane viser og til at generalisering av for eksempel innvandrarar og muslimar, er knytt til at media si framstilling av for eksempel kriminalitet utført av innvandrarar, vert kopla opp til personen sin kultur, nasjonalitet eller religion. Ungdommane meinar og at media rangerar innvandrarar utifrå kor vestlege dei er, og at for eksempel svenskar, danskar og britar som er kristne, blir framstilte som ein del av majoriteten. Dette er samanfallande med funnet knytt til at ”kvite” vestlege ikkje ser på seg sjølve som innvandrarar, sjølv om dei innvandra til eit anna land.

Rasistiske haldningar og handlingar er ofte knytt til mikronivået, mellom individ eller grupper, medan større organisasjonar påverkar massane på meso- og makronivå. Definisjonen og forståinga av rasisme, rasistiske ord og utrykk og media si framstilling av innvandrar er alle knytt til skilnadane mellom ”oss” og ”dei andre” på ulike måtar. Forståinga av rasisme er knytt til å sjå samanhengen mellom framstillinga og tolkinga på skilnadar mellom ”oss” og ”dei andre”. Rasistiske ord og ytringar er knytt til kva ein kan seie, dersom ein er ein del av gruppa eller dersom ein er ein utanforståande, eller med andre ord ein av ”oss” eller ein av ”dei andre”. Media representerar her organisasjonen eller institusjonen som er med på å påverke meiningane om ”oss” og ”dei andre”. Maktdimensjonen mellom ”oss” og ”dei andre”, enten det gjeld at ein vert sett på som ein i gruppa eller som skilnaden mellom majoritet og minoritet, er knytt til kampen om ressursar og gode i samfunnet.

### **6.3. Vidare forsking.**

Ungdom og rasisme er eit felt som har blitt studert meir og meir dei siste åra, men feltet er på langt nær ferdigutforska. Med utgangspunkt i eige datamateriale ser eg at det er fleire punkt som kunne lagt grunnlaget for nye undersøkingar. Den klassiske rasismen byrjar å miste ein del av forklaringsgrunnlaget sitt, men på same tid viser diskusjonane at ungdommane gjenkjenner den klassiske rasismen som rasisme. Er dette tilfeldig eller forstår dei fleste

rasisme, som nettopp klassifisering av rassar. Ei kvantitativ undersøking med eitt representativt utval for heile landet, kan vere med på å finne eit svar på dette spørsmålet.

Ungdommane hevdar og at forståinga av rasisme endrar seg heile tida, og det er skilnadar mellom generasjonar. Dersom ein førettek kvalitative intervju av eit utval personar i ulike aldersgrupper og gjennomfører undersøkinga på det same utvalet 3 ganger gjennom ein 15 års periode, kan ein sjå om personane sjølv endrar meining alt etter kva livsfase dei er i. Eit slikt prosjekt er tidkrevjande, men kan vere særskilt fruktbart dersom ein ynskjer å sjå om forståinga av rasisme endrar seg.

Ein kan og snu problematikken og sjå på korleis framstillingar av majoriteten i media, som rasistiske, er med på å påverke synet innvandrarar har på etnisk norske. Vil innvandrarane vere samde i framstillingane, eller vil dei hevde at det er overdrivne, på same måte som ungdommane viser til at få innvandrarar er kriminelle, sjølv om media framstiller det annleis? Eit slikt undersøkingsopplegg bør gjennomførast anonymt pr telefon, for å sikre best mogleg svar.

Eg er og nyfiken på om mi eiga problemstilling og min eigen framgangsmåte ville gje dei same resultata, dersom nokon andre gjennomførte fokusgruppeintervju i nær framtid i ein by. Det hadde og vert spanande om nokon hadde gjennomført fokusgruppeintervju på bygda. Elles hadde eit komparativt studie av to vidt forskjellige fokusgrupper, ei gruppe med personar som omtalar seg sjølve som rasistar og ei gruppe med innvandrarar som er tydeleg ulike majoriteten i utsjånad og levesett, vert eit spanande alternativ.

## Kjeldeoversikt

Bøker og artiklar.

Alver, Bente Gullveig og Ørjar Øyen (1997). *Forskingsetikk i forskingshverdag. Vurderingar og praksis..* Otta, Tano Aschehoug.

Andersson, Mette( 2000). “*All five fingers are not the same.” Identity work among ethnic minority youth in an urban Norwegian context.* Bergen, Senter for samfunnsforskning/ IMER Norge

Appiah, K Anthony(2000). RACIAL IDENTITY AND RACIAL IDENTIFICATION. I Back, Les and John Solomos (edt.). *Theories of race and racism.* s.607- 615. Cornwall, Routlegde Student Readers.

Back, Les( 1996). *New ethnicities and urban culture: racisms and multiculture in young lives.* London, UCL Press.

Banton, Michael (2005). Historical an Contemporary Modes of Racialization. I Murji, Karim & John Solomos (edt.). *Racialization. Studies in Theory and Practice.* s. 51- 68. Oxford, Oxford University Press.

Banton, Michael (2000). THE IDIOM OF RACE. A critique of presentism. I Back, Les and John Solomos (edt.). *Theories of race and racism.* s. 51- 63. Cornwall, Routlegde Student Readers.

Barbour, Rosaline S and Jenny Kitzinger ( edt) (1999). *Developing Focus Group Research. Politics, Theory and Pratice.* London, Thousand Oaks, New Dehli, Sage Publications.

Benedict, Ruth(2000). RACE: WHAT IT IS NOT. I Back, Les and John Solomos (edt.). *Theories of race and racism.* s.113- 118. Cornwall, Routlegde Student Readers.

Blaikie, Norman (2000). *Designing Social Research. The Logic of Anticipation*. Cornwall, Polity Press.

Brandth, Berit(1996). Gruppeintervju: Perspektiv, relasjonar og kontekst. I Holter, Harriet og Rangvald Kalleberg ( red). *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*.s. 145- 165. Oslo, Universitetsforlaget.

Brox, Ottar (1997) Hva er rasisme? I Brox, Ottar (red.). "De liker oss ikke". *Den norske rasismens ytringsformer*.s. 13- 16. Oslo, Tano- Aschehoug.

Castles, Stephen & Mark J. Miller (2003). *The Age of Migration*. New York, Palgrave MacMillan.

Crenshaw, Kimberlé Williams(2000). RACE, REFORM AND RETRENCHMENT. I Back, Les and John Solomos (edt.). *Theories of race and racism*. s. 549- 560. Cornwall, Routlegde Student Readers.

Dahl, Øyvind( 2001). *Møter mellom mennesker. Interkulturell kommunikasjon*. Gjøvik, Gyldendal Akademisk.

Downing, John and Charles Husband (2005). *Representing race: Racisms, Ethnicities and Media*. London, Thousand Oaks, New Dehli, Sage Publications.

Dyer,Richard( 2000). THE MATTER OF WHITENESS. I Back, Les and John Solomos (edt.). *Theories of race and racism*. s. 539-548. Cornwall, Routlegde Student Readers.

Dyrøy, Nina (1999). "Vi er ikke voldelig nynazister"- en kvalitativ studie av en ungdomsgjeng. Bergen, IMER Norge.

Engelstad, Fredrik og Guro Ødegård (2003).Makt, mening og motstand blant unge. I Engelstad, Fredrik og Guro Ødegård(red.). *Ungdom, makt og mening*. s.7- 20. Oslo, Gyldendal akademisk Pensumtjeneste.

Eriksen, Thomas Hylland og Torunn Arntsen Sørheim (2003). *Kulturforskjeller i praksis. Perspektiver på det flerkulturelle Norge*. Gjøvik. Gyldendal Norsk Forlag AS.

Fangen, Katrine (1995). *Skinheads i rødt, hvitt og blått: en sosiologisk studie fra "innsiden"*. Oslo, UNGforsk 4/95.

Forsyth, Donelson R. (1999). *Group Dynamics*. Belmont: Wadsworth Publishing Company.

Frankenberg, Ruth(2000).WHITE WOMEN, RACE MATTERS. I Back, Les and John Solomos (edt.). *Theories of race and racism*. s. 447- 461. Cornwall, Routlegde Student Readers.

Frønes, Ivar (1994). *De likeverdige: om sosialisering og de jevnaldrenes betydning*. Oslo, Gyldendal Akademisk.

Fuglerud, Øyvind(2007). *Migrasjonsforståelse. Flytteprosesser, rasisme og globalisering*. Oslo, Universitetsforlaget.

Gamson, William A. (1992): *Talking politics*. New York, Cambrigde University Press.

Goldberg, David Theo (2005). *Racial Americanization..* I Murji, Karim & John Solomos (edt.). *Racialization. Studies in Theory and Practice*. s. 87- 102, Oxford University Press.

Gullestad, Marianne (2000). Blinde slaver av våre fordommer. Tanker om rasisme, kultur og avmakt. I Meyer, Siri (red.), *Avmakt. Skjebne, frigjøring eller maktbase*.s. 40-76. Makt og demokratiutredningen Oslo, Gyldendal Akademisk.

Hall, Stuart (2000). OLD AND NEW IDENTITIES; OLD AND NEW ETHNICITIES. I Back, Les and John Solomos (edt.). *Theories of race and racism*. s. 144- 153. Cornwall, Routlegde Student Readers.

Hartigan, Jr, John (2010) *Race in the 21<sup>st</sup> Century. Etnographic Approaches*. Oxford, Oxford University Press.

Heggen, Kåre, Gunnar Jørgensen og Gry Paulgaard(2003). *De andre. Ungdom, risikosoner og marginalisering*. Bergen, Fagbokforlaget.

Hennink, Monique M. (2007). *International Focus Group Research. A handbook for the Health and Social Sciences*. Cambrigde, Cambrigde University Press.

Jacobsen,Christine M. (2002). *Tilhørighetens mange former. Unge muslimer i Norge*. Oslo, Pax Forlag.

Krueger Richard A. (1998). *Analyzing & Reporting Focus Group Results*. London, Thousand Oaks, New Dehli, Sage Publications.

Krueger, Richard A. (1998a). *Developing Questions for Focus Groups*, London, Thousand Oaks, New Dehli, Sage Publications.

Krueger, Richard A. (1998b).*Moderating Focus Groups*. London, Thousand Oaks, New Dehli, Sage Publications.

Kvale, Steinar (1996). *InterViews. An Introduction to Qualitative Research Interviewing*. London, Thousand Oaks, New Dehli, Sage Publications.

Lalander, Philip & Thomas Johansson(2007).*Ungdomsgrupper i teori och praktik*. Lund: Studentlitteratur.

Leistyna, Pepi (2005). White ethnic unconsciousness. I Leistyna, Pepi (Edt.), *Cultural studies: From theory to action*. s. 270-282. Malden, MA: Blackwell Publishing

Ling, Rich og Birgitte Yttri (2003). Kontroll, frigjøring og status. I Engelstad, Fredrik og Guro Ødegård(red.). *Ungdom, makt og mening*. s. 232- 250 Oslo, Gyldendal akademisk Pensumtjeneste.

Martinussen, Willy (2001).*Samfunnsliv. Innføring i sosiologiske tenkemåter*.Otta, Universitetsforlaget.

Miles, Robert(2000). APROPOS THE IDEA OF `RACE`...AGAIN. I Back, Les and John Solomos (edt.). *Theories of race and racism*. s125- 143. Cornwall, Routlegde Student Readers.

Miles, Robert (1989). *Racism*. London, Routlegde.

Morgan, David L. ( 1998a). *The Focus Group Guidebook*. London, Thousand Oaks, New Dehli, Sage Publications.

Morgan, David L (1998b). *Planning Focus Groups*. London, Thousand Oaks, New Dehli, Sage Publications.

Myrdal, Gunnar (2000). RACIAL BELIEFS IN AMERICA. I Back, Les and John Solomos (edt.). *Theories of race and racism*. s. 87-104. Cornwall, Routlegde Student Readers.

Nayak, Anoop(2005). White Lives. I Murji, Karim and John Solomos (edt.). *Racialization. Studies in Theory and Practice*. s.141- 162. New York, Oxford Press.

Prieur, Annick(2004). *Balansekunstnere. Betyningen av innvandrerbakgrunn i Norge*. Valdres, Pax Forlag.

Repstad, Pål ( 2000). *Mellom nærlhet og distanse. Kvalitative metoder i samfunnsfag*. Oslo, Universitetsforlaget.

Rex, John (2000). RACE RELATIONS IN SOCIOLOGICAL THEORY. I Back, Les and John Solomos (edt.). *Theories of race and racism*. s. 119- 124. Cornwall, Routlegde Student Readers.

Silverman, David (2006). *Interpreting qualitative data: methods for analyzing talk, text and interaction*, London, Thousand Oaks, New Dehli, Sage Publications.

Stewart, David. W. & Prem N. Shamdasani,(1990). *Focus groups. Theory and Practice*, Newbury Park, California, Sage Publications.

Thagaard, Tove (2003). *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode*. Bergen. Fagbokforlaget.

Van Dijk, Teun A.(1997). *Discourse Studies: A multidisciplinary Introduction*. London. Sage Publications.

Van Dijk, Teun(2008). *Discourse and Power*. New York, Palgrave MacMillan.

White, Rob & Johanna Wyn(2004). *Youth and Society. Exploring the Social Dynamics of Youth Experience*. South Melbourne, Oxford Press.

Wilkinson, Sue (2006). Analyzing Interaction in Focus Groups. I Drew, Paul, Geoffrey Raymond and Darin Winberg ( edt). *Talk and Interaction In Social research Methods*. S. 50 - 62. London, Thousand Oaks, New Dehli, Sage Publications.

Winant, Howard(2008) The Historical Sociology of Race. I Khagram and Peggy Lewitt (edt). *The Transnational Studies Reader. Intersections and Innovations*. S.196-202. Cornwall, Routlegde Student Readers.

Winant, Howard(2000). THE THEORETICAL STATUS OF THE CONCEPT OF RACE. I Back, Les and John Solomos (edt.). *Theories of race and racism*. s. 181- 189. Cornwall, Routlegde Student Readers.

### Internetkjelder:

Blanton, Hart and James Jaccard( 2008). *Unconscious Racism. A concept in Pursuit of a measure*. Annual Reviews of Sociology online, 2008. 34: 277- 297. Tilgjengeleg frå [http://people.tamu.edu/~bortfeld/Blanton%26Jaccard\\_ACR2008.pdf](http://people.tamu.edu/~bortfeld/Blanton%26Jaccard_ACR2008.pdf) [Nedlasta 23 mars 2011].

Boréus, Kristina( 2006). *Discursive Discrimination: A typology*. European Journal of Social Theory 2006: 9, s 405- 424. Tilgjengeleg frå:

<http://est.sagepub.com/cgi/content/abstract/9/3/405> [Nedlasta 18. mars 2010]

Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora (NESH)(2000). *Forskingsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi.*[Internett] Tilgjengeleg frå: <http://www.etikkom.no/no/Forskingsetikk/Etiske-retningslinjer/Samfunnsvitenskap-jus-og-humaniora/> [Nedlasta 14.oktober 2010].

Eatwell, Roger (1997). *Towards a new modell of the rise of right-wing extremism*. German Politics 6:3, 166- 184. Tilgjengeleg frå: <http://dx.doi.org/10.1080/09644009708404495> [Nedlasta 20. august 2010].

Eriksen, Thomas Hylland(2008). Raser eksisterer i dag. *Aftenposten*. 13 februar 2008[Internett] Tilgjengeleg frå:

<http://www.aftenposten.no/mening/debatt/article2252351.ece> [Nedlasta 18. februar 2010].

IMDi- rapport nr 9 (2008). *Integrert, men diskriminert- en undersøkelse blant innvandrere fra Afrika, Asia, Øst Europa og Sør- og Mellom- Amerika.* Integrering og Mangfoldsdirektoratet. Tilgjengeleg frå <http://www.imdi.no/Dokuments/Rapporter/Rapport209.pdf> [Nedlasta 10. juli 2009].

IMDi- rapport nr 1 (2010). *Medieskapt islamfrykt og usynlig hverdagsliv.* Integrering og Mangfoldsdirektoratet. Tilgjengeleg frå  
[http://www.imdi.no/Documents/Rapporter/IMDI\\_Aarsrapport\\_2009\\_hele.pdf](http://www.imdi.no/Documents/Rapporter/IMDI_Aarsrapport_2009_hele.pdf) [Nedlasta 15. november 2009].

Jones, Camara Phyllis (2000). *Levels of Racism: A Theoretic Framework and a Gardener's Tale*. American Journal of Public Health; Aug 2000.Vol. 90. No.8, s: 1212- 1215.

Tilgjengeleg frå

[http://www.cahealthadvocates.org/\\_pdf/news/2007/Levels-Of-Racism.pdf](http://www.cahealthadvocates.org/_pdf/news/2007/Levels-Of-Racism.pdf) [Nedlasta 22. november 2010].

Lentin, Alana (2008). *Europe and the Silence about Race*. European Journal of Social Theory 2008. 11: 487- 503. Tilgjengeleg frå: <http://est.sagepub.com/cgi/content/abstract/11/4/487> [ Nedlasta 18. mars 2010].

Løwe, Torkil(2008).*Levekår blant unge med innvandrar bakgrunn: unge oppvokst i Norge med foreldre frå Tyrkia, Pakistan og Vietnam*. Rapport nr 14, 2008 frå Statistisk Sentralbyrå. Tilgjengeleg frå: [http://www.ssb.no/emner/00/02/rapp\\_200814/rapp\\_200814.pdf](http://www.ssb.no/emner/00/02/rapp_200814/rapp_200814.pdf) [Nedlasta 10. mai 2009].

Phillips, Coretta(2010).*Institutional Racism and Ethnic Inequalities: A Expanded Multilevel Framework*. Publisert av Cambrigde University Press, Journal of Social Policy. Tilgjengeleg frå: <http://journals.cambrigde.org/action/displayFulltext?type=6&fid=7829306&jid=JSP&...> [Nedlasta 21. oktober 2010].

Rogstad, Jon og Arnfinn Haagensen Midtbøen (2009). *Rasisme og diskriminering. Begreper, kontroverser og nye perspektiver*. Forskningspublikasjon frå IMER for Norges Forskningsråd. Tilgjengeleg frå:  
<http://forskningsradet.no/servlet/Satellite?c=Publikasjon&pagename=ForskningsradetNorsk%2FHovedsidemal&cid=1236685221069> [Nedlasta 26. mai 2010].

Rydgren, Jens (2003). *Meso- level Reasons for Racism and Xenophobia. Some Converging and Diverging Effects of Racial Right Populism in France and Sweden*. European Journal of Social Theory. Vol 6 .1: 45- 68. Tilgjengeleg frå:  
<http://est.sagepub.com/content/6/1/45.abstract> [Nedlasta 20. mars 2010].

Statistisk Sentralbyrå(2009). *Innvandring og utvandring* .Statistikk. [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.ssb.no/emner/02/02/20/innvutv/tab-2009-05-07-01.html> [Nedlasta 07. juni 2010].

Statistisk Sentralbyrå (11.juni 2009). *Framskriving av innvandrerbefolkingen, 2008-2060*.[Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.ssb.no/emner/02/03/innvfram/> [Nedlasta 07. juni 2009].

Store norske leksikon, snl.no, Redaksjonen for samfunnsfag.(2010). *Rasisme*.[Internett].

Tilgjengeleg frå: <http://www.snl.no/rasisme> [Nedlasta 19. november 2010].

Van Dijk, Teun A.(2000). *New(s) Racism: A discourse analytical approach*. Utdrag frå boka Ethnic minorities and the media. s..33-49. Tilgjengeleg frå [http://www.discourses.org/OldArticles/New\(s\)%20racism%20-%20A%20discourse%20analytical%20approach.pdf](http://www.discourses.org/OldArticles/New(s)%20racism%20-%20A%20discourse%20analytical%20approach.pdf) [Nedlasta 19 november 2010]

Åmas, Knut Olav (2008). Rase: et ubrukelig ord. *Aftenposten*. 11. februar 2008[Internett] Tilgjengeleg frå: <http://www.aftenposten.no/meninger/debatt/article2248372.ece> [Nedlasta 18.februar 2010].

Vedlegg 1:

## **Til rektor og administrasjonen ved (skulen sitt navn)**

Hei, mitt navn er Karin Fedje Bøyum og eg tek ein mastergrad i sosiologi ved Universitetet i Bergen. Eg har no kome i gang med det tredje semesteret og arbeidet på masteroppgåva mi, der eg har valt "Ungdom og rasisme" som tema. Hovudproblemstillinga mi for oppgåva er: *Kva legg dagens ungdom i omgrepet rasisme, og kva for ord og ytringar ser dei på som rasistiske?* Med utgangspunkt i denne problemstillinga ynskjer eg å la ungdommar diskutere korleis dei sjølv definerar og forstår rasisme, kva utrykk dei ser på som rasistiske, kvar ungdommen sjølv meinar det førekjem rasisme og kven dei sjølv meinar er rasistiske.

Det er i samband med masteroppgåva mi eg no tek kontakt med skulen, for å høre om skulen kan formidle kontakt med klassekontaktlærarar eller faglærarar på grunnkurstrinnet, som kan ha interesse for å hjelpe meg med dette prosjektet. Læraren vil fungere som eit kontaktledd eller ein kontaktperson mellom meg og elevane som deltek i prosjektet. Vidare følgjer ein kort presentasjon av prosjektet eg ynskjer å gjennomføre, kva skulen kan hjelpe meg med i utarbeiding av prosjektet og til slutt kontaktinformasjon, dersom dette skulle vere aktuelt å delta på.

### **Kort om masteroppgåva**

Norsk ungdom er i dag ei samansett gruppe med ein breiare fleirkulturell bakgrunn enn nokon av dei føregåande generasjonane, og ved å studere ungdommen kan ein få eit innblikk i den framtidige debatten om rasisme i Noreg. Hovudmålet med dette prosjektet er å få kunnskap om kva vanleg norsk ungdom, både med norsk- og innvandrarbakgrunn, legg i omgropa rasisme og diskriminering, og kva ord og utrykk dei sjølv ser på som rasistiske. For å finne denne kunnskapen vil eg foreta eit fokusgruppeintervju på to eller tre ulikt samansette grupper frå ulike skular, og vidare analysere intervjuet med diskursen i fokus.

Eit fokusgruppeintervju kan enklast forklaraast som ein diskusjon der intervjuaren fungerar som ein ordstyrar og deltakarane sjølv diskuterar rundt eit forhandsbestemt tema. Gruppene vil vere samansett av om lag 10 elevar som har kjennskap til kvarandre, slik at det kjennest meir naturleg å snakke i forsamlinga. For å unngå stor aldersskilnad mellom debattantane ynskjer eg å setje saman ei gruppe av 16 åringar ( 15-17). Diskusjonen har eg estimert at vil ta om lag to timer, og sjølv diskusjonen vil bli tatt opp med lydband, for å gjere transkripsjonen og den vidare analysen lettare og forhåpentlegvis betre. Diskusjonen og meiningane til elevane er det som skal stå i fokus, så personalia utover namn på samtykkeskjema treng eg ikke. Namna til deltakarane vil bli slette frå samtykkelisten så snart oppgåva er ferdigskriven. Eigne namn, andre sine namn, stadar og andre personifiserbare kjenneteikn som dukkar opp i diskusjonen vil bli anonymiserte med fiktive namn i transkripsjonen. Det er berre eg som skal høre på lydopptaka, og desse vil saman med samtykkelisten med namn bli sletta etter at oppgåva er ferdig skriven. Elevane som deltek i diskusjonen skal også skrive under på at dei skjønar at det som blir sagt i rommet er konfidensielt, og at difor ikkje kan fortelje vidare kva som vart sagt under diskusjonen og av kven.

### **Kva skulen kan hjelpe med**

Dersom det frå rektor eller administrasjon er ønskeleg og mogeleg håpar eg at de kan setje meg i kontakt med klassekontaktlærar eller faglærar i for eksempel samfunnsfag eller norsk, for elevar som går sitt første semester ved skulen. Læraren vil fungere som min

kontaktperson, og vil vere med på å formidle kontakt mellom meg og elevane som skal delta i prosjektet. Sidan eg mest sannsynleg skal foreta tre fokusgruppeintervju, vil eg som tidlegare nemnt fordele dette utover tre ulike skular. I samband med dette så treng eg ein lærar som kan setje meg i kontakt med minimum 10 elevar med innvandrar bakgrunn/ norsk bakgrunn/ både norsk og innvandrar bakgrunn (5+5). Grunnen til at eg vel 10 stykkjer, kjem av at tidlegare rekruttering til fokusgruppeintervju har vist at ein må rekne med ein del fråfall. På denne måten har eg forhåpentlegvis sikra meg ei gruppe med minimum 6 elevar.

Tid og stad for intervjuet er noko vi i samarbeid må komme attende til seinare, men eg håpar at fokusgruppeintervjuet kan gjennomførast i oktober månad. Dersom det hadde vert mogeleg hadde det vert fint om intervjuet kunne haldast i eit grupperom på skulen, men dette er ikkje naudsynt, og igjen noko som vi kan finne ut etter kvart. Eg stiller meg også positiv til å komme innom skulen i forkant av eit eventuelt intervju, for å fortelje klassen om kva eg ynskjer å gjennomføre og svare på dei spørsmål eg måtte få, men dette er også ting vi kan ta opp ved ei seinare anledning.

### **Kontaktinformasjon**

Dersom skulen eller du som lærar synes dette verkar som eit spanande prosjekt, som du kunne tenkje deg å vere med på å få gjennomført eller ynskjer meir informasjon om, er det berre å ta kontakt med meg eller veilederen min. Namnet mitt er, som tidlegare nemnt Karin Fedje Bøyum, epostadressa mi er [karinfb@msn.com](mailto:karinfb@msn.com) og telefonnummeret mitt er XXXXXXXX. De kan også ta kontakt med veilederen min Mette Andersson på tlf XXXXXXXX.

Nb: Søknad på prosjektet er sendt til NSD.

Med vennleg helsing

Karin Fedje Bøyum

Vedlegg 2:

## **Informasjon til utvalget:**

Hei, namnet mitt er Karin Fedje Bøyum, og eg er masterstudent i sosiologi ved Universitetet i Bergen. Eg har begynt på det tredje semesteret mitt, noko som betyr at eg har begynt å skrive på masteroppgåva mi. Temaet eg har valt for oppgåva mi er ”Ungdom og rasisme”, og for å få meir kunnskap om temaet skal eg utføre tre gruppeintervju med ungdom, der vi diskuterar omgrepet rasisme. Desse diskusjonane vil forhåpentlegvis gje meg ei forståing av korleis dagens ungdom forstår rasisme, og kva for ord og utsyn dei sjølve ser på som rasistiske.

Diskusjonen om rasisme vil gjennomførast bak lukka dører, slik at utanforståande ikkje kan forstyrre oss, og vil ta om lag to timer. Gruppene vil bestå av 10 elevar frå same klasse, slik at alle kjenner kvarandre litt. Det vil ikkje bli tatt opp så mange spørsmål i diskusjonen, men eg vil kanskje stille nokre få, for å setje diskusjonen i gang. Spørsmåla vil ikkje vere personlege, sidan det meiningane dykkar eg er ute etter, og ting eg ynskjer å få svar på er blant anna: kva er rasisme, kva er rasistisk, kven er rasistiske og er rasisme eit utbredd fenomen i Norge. Diskusjonen vil bli tatt opp med bandopptakar, men personleg informasjon om stadar, namn og andre kjenneteikn som kan vere med på å avsløre identiteten til dei som er med i diskusjonen vil bli sletta, og erstatta med fiktive namn, stadar etc.

Denne diskusjonen eller gruppeintervjuet er basert på at dei som deltek, deltek på frivillig basis. Sjølv om du har skrive under på at du vil vere med, så kan du trekke deg når som helst, utan å grunngje kvifor du trekker deg. Dersom dette er tilfellet vil alle data (kommentarar du har kome med i diskusjonen) bli sletta. Opplysningane som kjem fram i diskusjonen vil bli behandla konfidensielt, og ingen einskildpersonar skal kunne kjenne deg att når dei leser den ferdige oppgåva. Opplysningane om deg som person og lydopptaka vil bli sletta når eg har ferdigstilt oppgåva, innan hausten 2010. Eg vil også minne deltakarane på at i ein slik diskusjon om eit tema som rasisme, så er det naudsynt at ein ikkje gjengir kva som vart sagt og av kven, når diskusjonen er ferdig. Dette vil seie at vi alle har ein form for tausheitsplikt ovanfor kvarandre, det som blir sagt i rommet blir i rommet og skal ikkje forteljast vidare.

Dersom du kunne tenke deg å delta på dette gruppeintervjuet/ diskusjonen, så ver vennleg å signere med namn og dato nedst på arket, og lever det inn til læraren din som vidare leverar det til meg.

Dette er ein kort presentasjon, så dersom det er noko du lurer på, ta kontakt med meg på telefon XXXXXXXX eller send ein epost til [karinfb@msn.com](mailto:karinfb@msn.com). Du kan også kontakte veilederen min Mette Andersson, ved UIB, på tlf XXXXXXX .

Studien er meldt til Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste A/S.

Med vennleg helsing  
Karin Fedje Bøyum  
Leirvikneset 2b  
5179 Godvik

---

### Samtykkeerklæring:

Eg har motteke skriftleg informasjon og seier meg villeg til å delta i diskusjonen/gruppeintervjuet med temaet rasisme. Eg forstår også at det som vert sagt under

diskusjonen er konfidensielt og ikkje skal kunne sporast attende til nokon av dei som deltek i diskusjonen.

Signatur\_\_\_\_\_ Dato\_\_\_\_\_

Vedlegg 3:

## **Intervjuguide**

### **INTRODUKSJON:**

Ønskje velkommen og takke deltararane for at dei har møtt opp og for at dei vil delta.

Forklare kva føremålet med forskinga er:

Eg ønskjer å finne eit svar på korleis dagens ungdom forstår med omgrepene rasisme og kva for ord dei ser på som rasistiske. Det som er viktig for meg i denne samanhengen er å få høre meiningane dykkar om rasisme og derfor ønskjer eg at dykk diskuterer litt om ulike tema som eg vil presentere. Det er også viktig at alle deltar, og får sagt sin mening. Det er ingen riktige og gale svar, og alle sine meiningar er like viktige uansett. Dersom det er noe som er uklart når eg stiller spørsmåla (om det er noe dykk ikkje forstår) så si ifrå slik at eg kan forklare det betre, for eg vil at alle deltar med synspunkta sine. Dersom du går tom for norske ord når du skal forklare, men huskar det engelske ordet, så er det bare å bruke det engelske.

I diskusjonar så hender det at folk snakkar i munnen på kvarandre, noko som kan gjøre det vanskelig for de andre deltararane å få med seg det som blir sagt. For å unngå dette vil eg presentere nokre retningslinjer, slik at vi får en diskusjon der vi hører kva som blir sagt. Når nokon snakkar og du kjem på noko du vil sei, så gi meg et teikn (rekksopp handa eller liknande), så får du ordet når personen er ferdig og snakke. Eg vil gjerne høre alle sine synspunkt, så forklar kva du er einig og ueinig i, for alle har si individuelle meining og den er viktig å få fram i oppgåva mi. Dersom du må på do, så røys deg stille opp og gå stille ut av rommet, ver også stille når du kommer tilbake. I og med at eg tek opp diskusjonen med lydopptakar så vil eg be alle om å unngå å sparke i stolbeina og bordbeina, tromme med fingrane på bordet og gjere andre ting som kan forstyrre lyden av stemmene dykkar. Intervjuet vil ta ca 2 timer, så eg lurer på om dykk vil ha en pause på 10 minutt etter 1 time, eller om dykk vil diskutere i eitt strekk?

Grunnen til at eg tar diskusjonen opp med lydopptakar er det at eg skal skrive ned ordrett det som blir sagt slik at eg kan jobbe med intervjuet og skrive ei oppgåve ut i frå det. Når eg gjer det så skriv eg ikkje ned namnet dykkar, eg kjem mest sannsynlig til å kalle dykk 1a, 1b, 1c

osv. Det som blir sagt inne i rommet er konfidensielt og det blir mellom oss som sitter i rommet.

Er det noko meir dykk lurer på?

Då er det berre å setje i gang.

### **OPNINGSSPØRSMÅL:**

Då kan vi starte med at vi alle gir en kort presentasjon av oss sjølv med namn og alder, også kan dykk kort fortelje kva dykk likar å gjere på fritida.

### **INTRODUKSJONSSPØRSMÅL:**

**1: Då trur eg vi er klare til å begynne å diskutere litt, så då lurer eg på om dykk meinar at det blir fleire konfliktar i eit samfunn dersom det bur menneske der med ulike religionar , kulturar og nasjonalitet?**

- Er det betre at alle som bor i et land har same kultur, religion og nasjonalitet?
- Kvifor blir det konfliktar?
- Kva kjem konfliktane av? Kven skapar dei?
- Kvifor blir det ikkje fleire konfliktar?

**2: Er det greitt at ei norsk jente blir kjærast med en gut, som er utanlandsk eller omvendt?**

*Enkle oppvarmingsspørsmål for å få diskusjonen i gang omkring temaet eg ønskjer å få kunnskap om.*

### **NØKKELSPØRSMÅL:**

**3: Ordet rasisme er eit ord som blir forstått på ulike måtar, no ønskjer eg å høre kva dykk meinar rasisme er. Korleis vil dykk definere det og forklare det med eigne ord?**

Eksempel på underspørsmål som kan stillast:

- Er rase et ord dykk bruker? Finnast det ulike folkerasar?
- Er rasisme noko en gjør eller er det noe ein meinar?
- Er det noen forskjell mellom rasisme og diskriminering?

- Kva er framandfrykt?
- Har rasismen endra seg?

*Korleis vert omgrepet rasisme forstått av ungdom i dag?*

- *Under dette temaet ynskjer eg å få ei forståing for korleis ungdommane definerar omgrepet rasisme.*
  - *Er rasisme det same som diskriminering, kva for definisjon av rasisme er nærmast deira tolking og er rasisme eit omgrep dei nyttar i daglegtalen?*
  - *Forstår dei rasisme som ei holdning eller ei handling?*
- 

#### **4: Kvar meiner dykk at personar blir utsett for rasisme?**

Eksempel på underspørsmål som kan stillast:

- Er det på gata, på skulen, i friminutt, i klasserommet, av naboar, på jobb, i artiklar og reportasjar på tv, radio, aviser
- Korleis blir innvandrarar framstilte i media?
- Er det noko personlig, eller er det slik at samfunnet i seg sjølv er blitt rasistisk
- Dersom noen blir utsett for rasisme er det einskildpersonar som er rasistiske, eller grupper?
- Kven er det som blir utsett for rasisme?

*På kva arenaar og områder førekjem det rasisme?*

- *Her ligg hovudfokuset på om ungdommane forstår rasisme, som noko einskildpersonar eller små grupper utset andre einskildpersonar eller grupper for, eller om dei meinat det eksisterar ein strukturell rasisme som er knytt til institusjonar og samfunnet?*
- *Er rasismen noko personleg eller er det noko majoritet i samfunnet ubevisst gjør mot minoritetane ved å vedlikehalde samfunnet og samfunnsinstitusjonane på ein måte som fremtar majoritetten?*
- *Førekjem det rasisme i media?*

---

## **5: Kven er det som blir rasistar og kor finn en dei?**

Eksempel på underspørsmål som kan stillast:

- Kva aldersgruppe er dei i?
- Er det forskjellige måtar å vere rasistisk på? Slenge drit, vold, avvisning, kalde blikk, stirring?
- Er det fleire rasistar på bygda enn kva det er i byen?
- Viss en tenker på Noreg, kven er det som er rasistar?
- Er det slik at nokre innvandrarar også er rasistar eller er det bare nordmenn?

*Kven er racistiske?*

- *Kven ser ungdommane på som racistiske og er det ulike måtar å vere racistiske på når det kjem til alder, bustad, etnisk bakgrunn etc.*
  - *Er det eldre, unge eller middelaldrande som er dei mest racistiske i Noreg? Er racismen frå desse gruppene ulike: vold, skitslenging, utfrysing, blick etc.*
  - *Kva er skiljet mellom racisme og det å bruke negativt lada kallenavn på andre?*
  - *Er det majoriteten som er racistisk mot minoritetar, gnissingar mellom minoritetar, eller eksisterar det ein motsatt racisme der minoritetane er racistiske mot majoriteten.*
- 

## **6: No skal dykk få ein lapp, og så vil eg at dykk skriver det styggaste og mest racistiske ordet og/ eller setninga dykk kan komme på.**

**7:Dersom for eksempel ein somaliar møter ein annan somaliar på gata og seier:" Yo nigger", så er det noko som i nokre tilfeller er greitt, men dersom det kjem en nordmann bort til vedkommande og seier eit eller anna som; "Du er jo neger så du slepper jo å bli solbrent", så vil somaliaren mest sannsynleg bli fornærma og kanskje kalle nordmannen for racist. Har dykk andre eksempel på tilfeller der det same uttrykket blir oppfatta som greitt i en samanheng og racistiske i ein annan?**

Eksempel på underspørsmål som kan stillast:

- Kvifor er det slik at det blir godtatt i den eine samanhengen og ikkje i den andre?
- Er det situasjonen som bestemmer når ord kan brukast eller er det kven som brukar det som bestemmer utfallet?
- Kan for eksempel vennar kalle kvarandre ting som vil bli oppfatta som rasistisk dersom andre bruker det same ordet?

*Kva ord, omgrep og ytringar kan bli sett på som rasistiske, og kva bestemmer om omgrepet er rasistisk eller ikkje?*

- *Her ynskjer eg å høre kva for ord og uttrykk som vert oppfatta som rasistiske, og i kva for situasjonar dei vert brukte.*
  - *Kan det same uttrykket bli oppfatta rasistisk i ein samanheng, medan det er godteke i ein annan situasjon, og er dette knytt til situasjonen eller personen som ytrar seg?*
- 

## **8:No har vi snakka ein del om rasisme og kva dykk meinar rasisme er, så no lurer eg på om noen av dykk har opplevd å bli utsett for eller vert med på å utsetje nokon for rasisme, eller eventuelt kjenner noen som har opplevd det eller har vert med på det?**

Eksempel på underspørsmål som kan stillast:

- Er det noen som har sagt eller gjort ting som kan tolkast som rasisme, eller kjenner noen som har gjort det?
- Har personen rett i at det var rasisme?
- Ville du ha følt det rasistisk
- Meiner dykk at det er personar som er overfølsame og tolkar ting som ikkje nødvendigvis er rasisme som rasisme?

*Kjenner dei til tilfeller der rasisme har blitt nytta?*

- *Har dei sjølv blitt utsett for rasisme, eller kjenner dei andre, som er blitt utsett for rasisme?*

- *Har dei sjølv delteke i handlingar eller ytra seg rasistisk eller kjenner dei andre som har gjort dette?*
- 

## **AVSLUTNING:**

Er det noe om rasisme dykk føler at vi burde snakka meir om eller føler dykk at vi har fått dekka det meste?

Då skal eg gje ei kort oppsummering av hovudpunkta i diskusjonen dersom det er noko dykk vil tilføye.

Takkar for hjelpa og fortel dei at dersom det er noko meir dei kjem på som dei synast er relevant, så er det berre å kontakte meg på epost.